



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Vårsemester 2015

«Men Odda e' jo da naturle' sentere' fý oss, dao»

Ei sosiolingvistisk gransking av variasjon og endring i dialekta i

Ullensvang herad.

Hallvard Lid

Føreord

I løpet av denne granskinga har eg blitt spurt om eg ikkje snart har blitt lei av dette ullensvangmålet. Svaret på det er heilt ærleg at det har eg ikkje blitt. Eg synest det har vore ei fascinerande og lærerik oppleving å skriva om mi eiga heimdialekt, og eg kjenner meg ikkje utlærd.

Det har også vore ei flott oppleving å få snakka med folk som eg ikkje kjende og få høyra innsiktsfulle kommentarar om korleis livet i Ullensvang både er og har vore. Spesielt sette eg pris på intervjuet på vestsida av fjorden, der eg kjende lite til lokaltilhøva frå før.

Sosiolingvistikkk var eit relativt nytt fagfelt for meg då eg tok til med oppgåva, men etter kvart som eg har jobba med faget har eg sett meir og meir nytten i den store spennvidda som ligg i sosiolingvistikken når ein vil jobba med språk.

Bergen, 15. mai 2015,

Hallvard Lid.

Takk

- Ein stor takk til min rettleiar Helge Sandøy, som heldt hovudet klårt heile vegen.
- Takk til Asbjørn Sæther som lånte meg bilen sin i to veker.
- Bjørn Inge Eidnes for telefonkatalogen Lokalen.
- Mette Bleken for eit kjekt avisintervju på Hauso skule.
- Ivar Utne for god rettleiing i oppstarten.
- Stor takk til Marit og Petter Lid. Det er dykk eg har fått både den akademiske interessa og språkinteressa av, og de har vore til støtte og hjelp gjennom heile prosjektet.
- Kristi og Alf Opedal: takk for at de snakka breitt.
- Sigrid Elisabeth Widding ved Hauso skule
- Liv Synnøva Myrvang ved Kinsarvik skule
- Erlend Trones i Ullensvang mållag for god hjelp
- Takk til Botolv Helleland, både for dei mange dialektintervjua og for hjelp med faglege spørsmål.
- Bente Selback for alt teknisk arbeid med lydfiler
- Stor takk til Trond Minde for eineståande korrekturlesing av transkripsjonar. Du har også vore både kjekt og nyttig å diskutera språkspørsmål med framigjennom.
- Takk til Språkrådet for stipendet.
- Olaug Bleie for lokalhistorieboka *100 år i Vikebygdkrinsen* og *Ja, seir du da...* Dei har vore til stor hjelp!
- Takk til Edit Bugge for signifikanstestinga.
- Takk til heile gjengen på nordisk.
- Takk til Helene Hildremyr, som eg ønskjer lykke til vidare med doktoravhandlinga!
- Stor takk til alle mine informantar som takka ja til å vera med.
- Sist, men ikkje minst, takk til Triin Riikoja-Lid, som aldri gav opp trua på meg.

Innhald

Føreord	3
Takk.....	4
1. Bakgrunn	8
1.1. Dialektendringsprosessar	8
1.2. Problemformulering og materiale	8
1.3. Samfunnsorganisering og skule	10
1.4. Næringsliv	13
1.5. Kommunikasjon og pendling	18
1.6. Nærmaste byar og tettstader	21
1.7. Befolkningsstatistikk	22
1.8. Befolkningsstabilitet og flytting	26
1.9. Kulturliv og språkleg kontakt	29
2. Teori	33
2.1. Språksamfunnet Ullensvang	33
2.2. Språk og verdiar	33
2.3. Språkending i lys av tilpassingsteorien	34
2.4. Indre faktorar og sosiale faktorar	35
2.5. Ulike typar språkending	36
2.6. Nettverksteori og språkending	39
2.7. Sosiale nettverk og lokal tilknytning	41
2.8. Bevisste språkhaldningar	42
2.9. Tidlegare forskning	43
2.9.1. Sociolingvistikk i Jondal	43
2.9.2. Dialekta i Odda og Tyssedal	45
2.10. Grammatikkskisse over ullensvangmålet	46
2.10.1. Fonologi	46
2.10.2. Morfologi	52
2.11. Hypotesar	62
3. Metode.....	63
3.1. Metodebruk i Dialektendringsprosessar	63
3.2. Struktur i denne granskinga	65
3.3. Årsklasseinndeling og utvalskriterium	67
3.4. Utveljing av nye informantar	67
3.5. Eldre opptak	69
3.6. Språklege variablar	71
3.7. Det sociolingvistiske intervjuet	71

3.8. Intervjusituasjonen	72
4. Resultat.....	75
4.1. Utrekning og notasjon	75
4.2. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á	76
4.2.1. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter årsklasse.....	77
4.2.2. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter fjordside.....	78
4.2.3. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter kjønn.....	78
4.2.4. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter kjønn og årsklasse	79
4.3. V2: Determinativet <i>det</i>	80
4.3.1. V2: Determinativet <i>det</i> etter årsklasse	80
4.3.2. V2: Determinativet <i>det</i> etter fjordside.....	81
4.3.3. V2: Determinativet <i>det</i> etter kjønn.....	81
4.4. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform	81
4.4.1. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter årsklasse.....	81
4.4.2. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter fjordside.....	82
4.4.3. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter kjønn	82
4.5. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform.....	83
4.5.1. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter årsklasse	83
4.5.2. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter fjordside	83
4.5.3. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter kjønn.....	84
4.6. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal	84
4.6.1. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal, etter årsklasse.....	84
4.6.2. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal, etter fjordside	85
4.6.3. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal, etter kjønn	86
4.7. Pronomensystemet i 1. person fleirtal	86
4.8. V6: Pronomen, 2. person, fleirtal, subjektsform	87
4.9. V7: Pronomen, 2. person, fleirtal, objektsform.....	88
4.10. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøyning.....	88
4.10.1. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøyning, etter årsklasse	89
4.10.2. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøyning, etter fjordside	90
4.10.3. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøyning, etter kjønn.....	90
4.11. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen	90
4.11.1. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen, etter årsklasse.....	91
4.11.2. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen, etter fjordside.....	92
4.11.3. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen etter kjønn	93
4.12. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord	93

4.12.1. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter årsklasse	94
4.12.2. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter fjordside.....	95
4.12.3. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter kjønn.....	95
4.13. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen.....	95
4.13.1. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen, etter årsklasse	96
4.13.2. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen, etter fjordside	97
4.13.3. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen etter kjønn	98
4.14. Generelt om hokjønnsbøying i fleirtal	98
4.15. V12: Palatalisering av velarar etter morfofonologisk regel 1	99
4.15.1. V12: Palatalisering av velarar etter årsklasse.....	100
4.15.2. V12: Palatalisering av velarar etter fjordside.....	101
4.15.3. V12: Palatalisering av velarar etter kjønn	101
4.15.4. V12: Palatalisering av velarar etter kjønn og årsklasse.....	102
5. Drøfting	103
5.1. Svar på hypotesar	103
5.2. Endringar frå årsklasse I til årsklasse II	108
5.3. Endringsmønster.....	110
5.4. Vurdering av oddamålet som kjeldedialekt.....	115
6. Oppsummering og vidare forskning.....	116
Litteraturliste	119
7.1. Nettlenkjer og elektroniske dokument	121
Vedlegg	124
Samandrag.....	140
Abstract	141

1. Bakgrunn

1.1. Dialektendingsprosessar

Denne oppgåva inngår i prosjektet Dialektendingsprosessar som har til føremål «å utvikle innsikt i moderne dialektendingsprosessar og forholdet mellom samfunnsending og språkending» (Sandøy, Akselberg og Kristoffersen, 2007, s. 1). Ved hjelp av ei rekkje masteroppgåver og ei pågåande doktoravhandling har prosjektet retta seg etter desse måla, og ein har lært meir om prosessen med dialektending i Vest-Noreg. Eg har valt dialekta i Ullensvang herad som undersøkingsobjekt i denne masteroppgåva. Dette er ei dialekt som tradisjonelt har hatt både eit rikt fonologisk og eit rikt morfologisk system. Dei siste hundre åra er det mykje som har endra seg i samfunnet i Ullensvang, t.d. innanfor både samferdsle, folketal, busetnad og næringsliv - og venteleg, dialekt.

1.2. Problemformulering og materiale

Føremålet med denne oppgåva er tredelt. For det fyrste vil eg *kartleggja endringar i dialekta i Ullensvang gjennom dei siste generasjonane og drøfta kvifor endringane har skjedd*. Eg ynskjer då særleg å sjå på kva for språktrekk moderne ullensvangsmål har til felles med industridialekta i Odda, og i kva for årsklassar desse språktrekka eventuelt finst. Det andre føremålet er *å finna ut kva for språkskilnader som finst innanfor Ullensvang herad i dag*. Det geografiske aspektet ved oppgåva mi dreiar seg rundt språkskilnader mellom austsida og vestsida av Sørfjorden, men språkskilnader i Ullensvang kan òg dreia seg om forskjellar i andre variablar – eg har valt å fokusera på kjønsskilnader i tillegg til skilnader i årsklassar. Den bakanforleggjande problemstillinga attom begge desse aspekta er å undersøkje drivkrefter bak talemålsending. Difor er den tredje delen i problemformuleringa: *Viser dialektendingane vi ser i Ullensvang, samsvar med endringar i Hardanger og/eller større delar av Hordaland og Vestlandet? Korleis kan me forstå dei kreftene som legg vilkåra for endringane?*

Med god hjelp frå professor Helge Sandøy ved Universitetet i Bergen har eg fått tilgang til målføreintervju med informantar frå Ullensvang som vart tekne opp på lydband i 1960- og 70-åra. Desse intervjuar har gjeve oppgåva mi eit viktig bidrag for å få kjennskap til dialektbruken til dei som levde før dei eldste nolevande menneska i Sørfjorden.

Eg har sjølv gjort intervju i 2013 og 2014 med tilfeldig utvalde intervjuobjekt på begge fjordsidene av begge kjønn i tre ulike livsfasar: unge, vaksne og eldre. Dette gjev eit grovt tverrsnitt av populasjonen og kan dermed i seg sjølv visa dialektendingar i tilsynelatande tid.

Samanlagt med dei gamle opptaka, som gir meg to endå tidlegare aldersgrupper enn dei tre eg opererer med frå notida, blir oppgåva til ei gransking i *verkeleg tid*.

Med bakgrunn i Poppers teoriar vil eg setja opp hypotesar om språkutvikling som eg testar mot slutten av oppgåva. Desse vil dreia seg om særskilte språkvariablar som det er grunn til å tru har gjennomgått endringar dei siste tiåra. Til slutt vil eg kunna peika på kva for språkendingar som finst i heradet, og gje svar på kva det er som mest påverkar og har påverka dialekta i Ullensvang.

Eg vil no gå gjennom kva det er som kulturelt, strukturelt og næringslivsmessig har sett preg på Ullensvang herad frå 1870-åra til i dag. Tiåret frå 1870 er valt fordi dette var tida då den eldste generasjonen av informantane i oppgåva var born. Føremålet med gjennomgangen er å sjå på vilkåra som kan føra til språkending, og eg tek her utgangspunkt i Dialektendringsprosessar si prosjektskildring. I skildringa vert det lista opp ei rekkje *sosiale makrofaktorar* som potensielt kan forklara språkending. Dei er: *befolkningsstabilitet, storleik (befolkningsstatistikk), næringsliv/yrkessamansetning, struktur i samfunnsorganiseringa, kommunikasjonar/til-og-frå-pendling* og *ikkje-språklege kulturuttrykk*. Deretter vert dette forklara:

«Alle desse faktorane kan brukast når ein skal forstå rammene som grupper og individ forstår seg innafor når dei fokuserer kulturverdiane og byggjer opp sosiale og kulturelle identitetar. I botnen for dette ligg den sosialpsykologiske innsikta at språk spelar ei viktig rolle i identitetsoppbygginga, og at språkending må forståast ut frå det» (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy, 2007, s. 5)

1.3. Samfunnsorganisering og skule



Figur 1: 1 Weie-Cort over det Søndre Hardangerske Compagnie District, a. Sør fjorden og Folgefonnhalvøya. Handteikna kart frå 1816. Henta frå Statens Kartverk.

Dagens Ullensvang herad har røter i det gamle prestegjeldet i Hardanger. Frå reformasjonen vart det ordna slik at Kinsarvik var hovudsokn og Ullensvang og Odda var anneks. Prestegjeldet fekk då namnet Kinsarvik etter hovudkyrkja, Kinsarvik kyrkje frå ca. 1200. Ullensvang kyrkje på Lofthus er frå midten av 1200-talet. (Kolltveit, 1963, s. 237, 246) I fjordenden, i Odda, stod det før ei tredje mellomalderkyrkje, men den er no riven. Innbyggjarane i Sør fjorden sokna anten til Ullensvang, Kinsarvik eller Odda kyrkje, og så lenge fjorden var vegen, rodde folk til kyrkje. Den fyrste kyrkja på vestsida kom ikkje før Utne kyrkje stod ferdig i 1895 (Ullensvang.herad.no).

Namnet på prestegjeldet og heradet vart endra til Ullensvang i 1870. Heradsgrensene omfatta som før heile Sør fjorden med Odda som ein utkant. I den førindustrielle tida utgjorde heradet eit språksamfunn der det var relativt liten skilnad på talemålet i nord, sør, aust og vest. Ved byrjinga av 1900-talet kom idéen om vasskraft og industri i Tyssedal og Odda. I 1906 kom det tilflyttande anleggsarbeidarar som fekk innbyggjartalet til å stiga raskt på få år: I 1910 var folketalet i Odda stige med 1731 personar sidan 1900 (Kolltveit, 1962, s. 246).

Industriutbygginga og den kraftige folkeauken ho førte med seg, forandra maktbalansen i det

gamle heradet (Kolltveit, 1971, s. 23). Då det i Kinsarvik òg var planar om industriutbygging (Kolltveit, 1962, s. 393), vart det føreslått ei tredeling av Ullensvang herad.


Heradsstyremedlemene frå Kinsarvik sokn røysta imot tredeling, men i Ullensvang sokn hadde ein ingen industriplanar. Dei meinte det var tryggast å vera for seg sjølve og medlemene herifrå røysta for deling, noko som gav fleirtal i heradsstyret. I 1913 blei heradet i dermed delt inn etter dei gamle kyrkjesøkna og blei til Odda kommune, Ullensvang herad og Kinsarvik herad.

På slutten av 1950-talet tilrådde ein stortingskomité at Ullensvang, Kinsarvik og Eidfjord kommunar burde slåast saman til éi eining. På denne tida var det Ullensvang herad som klarte seg best økonomisk av dei tre, men komiteen innvende: «med utbygging av kraftkjeldene kan dei andre herada styrkjast» (Kolltveit, 1971, s. 118). Under ei folkeavrøysting i Ullensvang herad i 1959 stemte 966 av 1004 røyster der for å behalda heradsgrensene som dei var. I Kinsarvik stemte heradsstyret for at Kinsarvik skulle halda fram som eige herad, men dei presiserte at dei heller ville ha samanslåing med både Eidfjord og Ullensvang, enn med berre eitt av herada. Eidfjord kommune protesterte òg mot samanslåingsforslaget (Kolltveit, 1974, s. 89-90). Trass i alt dette, vart desse tre herada slått saman ved kongeleg resolusjon den 1. januar 1964 (Kolltveit, 1971, s. 118).

I Eidfjord vart det satsa stort på vasskraftutbygging i Simadalen, og dei greidde å riva seg laus frå det nye Ullensvang og danna ein sjølvstendig kommune i 1977 (Thorsnæs, 2005-2007). Den geografiske inndelinga i Ullensvang herad har ikkje endra seg etter at Eidfjord vart sjølvstendig, og det er Kinsarvik som fungerer som kommunesenter.

Etter ei ny skulelov av 1860 kom dei fyrste faste skulestovene og erstatta omgangsskulen i Ullensvang. (Kolltveit, 1962, s. 419-420). Utover 1800- og 1900-talet vart skulane større og krinsane færre heilt til den siste omgangsskulen i Ullensvang herad vart avskaffa i 1908 (100 år i Vikebygdkrinsen, 2000, s. 19). Seks av desse skulekrinsane overlevde til dei yngste informantane i oppgåva gjekk ut frå barneskulen, tre aust og tre vest for fjorden (sjå figur 2). Frå nord til sør låg desse skulane på vestsida på Vines, Hauso og Vikebygd og på austsida i Kinsarvik, Opedal og på Sekse. Ein skal ikkje lengre tilbake i tid enn til 1980-talet før det var fleire skulekrinsar i Ullensvang enn seks, men desse krinsane har hatt noko å seia for skulegangen til alle mine informantar, både dei eldre og dei yngre. I tidlegare sosiolingvistiske undersøkingar om dialektendring har inndeling i skulekrinsar vorte trekt fram som ein viktig faktor for kvar ein orienterer seg sosialt og dermed også språkleg. Difor

er det rimeleg å gå ut ifrå at desse seks skulekrinsane i Ullensvang har hatt sitt å seia for språkbruken også her. Etter 2010 har både Sekse skule og Vines skule vorte nedlagde.



Figur 2: Nord-sør-nord, f.v: Vines, Hauso og Vikebygd, Sekse, Opedal og Kinsarvik skule.

Framhaldsskuleordninga vart vedteken i heradet i 1900. Dette var eit år med skule for elevar på 14-15 år, som var for gamle for barneskulen. Ordninga vart oppheva i 1969, då det vart vedteke niårig skuleordning med seks år på barneskule og tre år på ungdomsskule i heradet. Den nye ungdomsskulen på austsida vart lagd til Kinsarvik. Lokalhistorikaren Oddmund Hus kommenterer:

«Ungdomsskulen var ikkje berre ei sentralisering av 7. klassane, men òg ei desentralisering av almennutdanninga for 8. og 9. klasse, dei elevane som før måtte reisa ut til realskule, yrkesskule eller gymnas. Desse elevane fekk bu to år lenger heime enn dei hadde gjort før (...)» (Hus, 2001, s. 14).

Dei fyrste ungdomsskuleelevane i Kinsarvik slapp inn den 20. august 1969. (Hus, 2001: s. 5) Elevane kom den gongen både frå heile austsida av heradet, inkludert Eidfjord, og med ferje frå Vines og Hauso skulekrinsar på vestsida. Etter Eidfjord sitt sjølvstende i 1977 vart det bygd eigen ungdomsskule der. Det åttande årskullet frå Eidfjord vart dei siste elevane som gjekk ut frå Kinsarvik ungdomsskule (Hus, 2001, s. 15).

Hauso barneskule vart utvida til barne- og ungdomsskule rundt 1975. Elevane frå nordre delen reiste altså over fjorden til Kinsarvik før dette, mens elevane frå søre delen vart sende med buss til Odda ungdomsskule i ti år, heilt til 1979 (100 år i Vikebygdkrinsen, 2000, s. 52). Her gjekk dei saman med elevar frå Odda, Tyssedal, Skare og Røldal. I følgje ein informant som begynte i Odda i oppstartåret, hadde det fyrste årskullet ti parallellklassar med om lag 25 elevar i kvar klasse, det vil seia ca. 250 elevar. I følgje informanten hadde kullet fire nynorskklassar og seks bokmålsklassar, noko som tyder på at størsteparten av elevane kom frå Odda- og Tyssedalsområdet.

1974 var siste hausten Kinsarvik ungdomsskule tok imot nye elevar frå Hauso og Vines skulekrinsar. Etter at det sjette årskullet derifrå gjekk ut i 1977, har nemleg alle elevane derifrå gått på ungdomsskule på Hauso (Hus, 2001, s. 15). Etter 1979 samla Hausoskulen opp alle ungdomsskuleelevane frå vestsida av heradet, og Kinsarvik ungdomsskule samla alle frå austsida. I 2003 vart barneskulen for Kinsarvik skulekrins flytt frå Ystanes til same bygning som ungdomsskulen. Denne vart då utvida til Kinsarvik barne- og ungdomsskule (minskule.no). Elevfordelinga mellom fjordsidene, som har halde seg uendra fram til 2015, viser at skulesentraliseringa ikkje har samla fjordsidene. Dermed er det heller ikkje ofte ungdommane i Ullensvang møter jamaldringar frå «hi si'» før dei kjem på vidaregåande skule i Odda. Unntaket er aktivitetar utanfor skulen, slik som konfirmantleirar, 16. mai-festar i Kinsarvik eller LAN-party. Alle unge språkbrukarar eg har snakka med, men også mange eldre, har eit sterkt medvit om dei kjem frå vest eller aust, populært kalla «rettsido» og «feilsido». Det ville difor vera interessant å undersøkje om også språkbruken deira er ulik.

1.4. Næringsliv

Tabell 1: Fordeling mellom arbeidsføre menn og kvinner i Ullensvang herad i 1875.

Hovudpersonar 1875	Persontal
Sjølveigarar	459
Husmenn med jord	237
Leiglendingar og paktarar	40
Dagarbeidarar og inderstar	155
Strandsitjarar og huseigarar	81
Samanlagt	972

Bygdebøkene etter Olav Kolltveit gjev oss kjennskap til hovudtrekka i næringslivet i det gamle Ullensvang. Forfattaren har teke utgangspunkt i folketeljinga av 1875, som registrerte 5576 personar i heradet (inkludert det førindustrielle

Odda). Av desse var det 972 «hovudpersonar», altså i hovudsak arbeidsføre menn, men også ein del kvinner, og Kolltveit har sortert dei inn etter status (sjå tabell 1). 459 av dei er sjølveigarar, altså gardbrukarar. 237 er husmenn med jord og 40 er leiglendingar og paktarar – desse tre gruppene bør reknast som ein type gardbruk. 155 er rekna som «dagarbeidarar og

inderstar», altså leigebuarar på gardane, og 81 er strandsitjarar og huseigarar (Kolltveit, 1962, s. 241). Ingen av dei to sistnemnte gruppene eigde jord sjølve. Ved å slå saman sjølveigarane, husmennene med jord og leiglendingane/ paktarane får me 736 personar som arbeider med jordbruk. Det reelle talet på jordbruksrelaterte arbeidarar kan vera endå høgare, t.d. med tanke på vaksne, heimebuande born på gardane eller drenger og tauser der. Kolltveit skriv at det er uråd å føra oversikt over «tenarane», sidan dei går inn i den større gruppa *heimeverande*.

I neste omgang har Kolltveit undersøkt korleis hovud- eller attåtårka til hovudpersonane er i 1875, men her er ikkje gardbruk rekna med. Fordi det er mange mindre yrkesgrupper i inndelinga etter Kolltveit, har eg slått liknande grupper saman i større einingar (sjå tabell 2).


Tabell 2: Yrkesfordeling i Ullensvang i 1875 utanom jordbruk.

Hovud- eller attåtårke	Persontal
Sjøfolk og skipparar	230
Snikkar, murar og smed	102
Handel og hotell	51
Lærarar, lærarinner	26
Skreddarar og syersker	22
Veg-, gruve- og fabrikk	19
Andre yrke	46

Kolltveit kommenterer: «*I mange høve har dei yrket ved sida av gardsbruk eller plass; men det viser likevel tydeleg at det er eit mykje allsidigare nærings- og arbeidsliv enn 65 år tidlegare*» (Kolltveit, 1962, s. 242). Sidan me kom fram til 736 gardbruksarbeidarar samanlagt i tabellen 1, kan me gjera eit overslag på at gardbruket sysselsette godt over halvparten av dei arbeidsføre i heradet. Den største arbeidsgruppa i

nedste tabellen er sjøfolk og skipparar. Fisket det er snakk om er sesongfiske, helst med garnbåtar. Kolltveit skriv: «*Regelfast heimefiske kan ein ikkje tala om*» (Kolltveit, 1962, s. 234), men han nemner både vårsildfiske og sommarsildfiske. Det ser ut til at fleire båtar reiste til ulike hamner med handelsvarer, t.d. frukt eller salta fisk. Handel og hotellyrke er ei relativt ny arbeidsgruppe i Ullensvang på denne tida. Når tabellen reknar med gruvearbeidarar, kjem det av at det vart forsøkt med sovelgruvedrift i Lindvik og kopargruvedrift på Eitrheim i Odda på denne tida, men gruveprosjekta vart kortvarige, begge to. Lindvikgruvene sysselsette på det meste 23 mann (Kolltveit, 1962, s. 300-302). Gruppa «andre» i 1875 inneheld mange marginale yrke, t.d. fargar, garvar og bokbindar, men også lensmann, prest, lækjar, ingeniør og spelemann.

I 1900 var kommunegrensene dei same som i 1875, men industrien var enno ikkje komen i gang i Odda og Tyssedal. Folketalet i heradet hadde no gått noko ned, til 5359 personar. Her har eg igjen teke utgangspunkt i Kolltveit sin analyse av folketeljinga frå det året, og trekt ifrå gruppene for husmødrer, pensjonistar, kårfolk, inderstar, elevar, fattighjelpte og privat underhaldne. Eg har her laga eit diagram over yrkesfordelinga, (sjå figur 3).



Figur 3: Næringslivsfordelinga i Ullensvang herad i 1900.


I denne folketeljinga har sysselsetjinga generelt auka, dermed ser tala større ut. Ein har òg ført rekneskap over personar over 15 år som er sysselsette i gardbruket, t.d. drenger, tauser og heimeverande vaksne born, heile 726 personar, som altså ikkje var rekna med i 1875. Ullensvang kan framleis kallast eit jordbruksherad på denne tida. Hundreårsskiftet var forøvrig ei tid då teigblandinga var i ferd med å bli avskaffa i Sørfjorden, noko som førte til betre økonomi for bøndene.

Me ser også ein solid auke i industri, handverk og vegarbeid – 429 personar. Denne gruppa kan samanliknast med gruppene for snikkar, murar og smed og veg-, gruve- og fabrikk og litt av gruppa «andre» i 1875 – til saman 121 personar då. Kolltveit kommenterer auken slik: «Det er vel dei sjølvstendige handverkarane av mange slag som utgjør hovudtyngda, men Hovland Ullvarefabrikk og anleggsdrifta som just då var i gang, tel med» (Kolltveit, 1962, s. 246). Ullvarefabrikken var ein viktig arbeidsgjevar som var drift frå 1876 og iallfall til 1971. Her var det på det meste om lag 50 tilsette (Kolltveit, 1971, s. 148). Hardanger Cideri, ljåsmier, meieri og mekaniske verkstader er òg arbeidsplassar frå denne tida som vert nemnde i bygdebøkene.

Gruppa som har gjennomgått den største innskrenkinga i 1900, er sjøfolka. Samtidig med auka sysselsetjing generelt har denne gruppa minka med nesten to hundre personar sidan 1875. Dette er medrekna gruppa for fiskarar, som er berre seks i talet. Elles utgjør hushjelper, tenarar og liknande ei vesentleg gruppe i 1900. Dersom ein også hadde rekna dei 859

husmødrene til denne gruppa, ville ho vorte på storleik med jordbruket (Kolltveit, 1962, s. 245-246).

Tidbolken etter heradstredelinga i 1913 er det skrive mindre detaljert om i Kolltveit-bøkene. I neste framstilling av næringslivet har eg nytta Statistisk Sentralbyrå si kommunale folketeljing for 1960, men lagt saman tala for Kinsarvik og Ullensvang herad. Det må takast med i rekninga at dei to herada til saman inneheldt noko meir landområde enn Ullensvang herad gjer i dag. Industrien i Odda kommune opplevde no ei glanstid, og med Hardanger Sylvplett sin oppstart i Kinsarvik etter krigen er det industri både i Ullensvang og Kinsarvik herad. Dei arbeidande var 1414 av 4023 innbyggjarar, altså 35 prosent (Statistisk sentralbyrå, 1961, s. 6 og Statistisk sentralbyrå, 1961, s. 6).




Figur 4: Næringslivsfordelings i Ullensvang herad og Kinsarvik herad samanlagt i 1960.

Figur 4 viser tydeleg at næringane er i endring. Jordbruksdelen utgjer no for fyrste gong mindre enn halvparten av alle dei sysselsette, men er framleis relativt stor. Boka *100 år i Vikebygdkrinsen* opplyser om at ein framleis sendte mjølk frå vestsida til meieriet i Odda på 1950-talet (100 år i Vikebygdkrinsen, 2000, s. 41), altså må det framleis ha vore noko storfehold og mjølkeproduksjon å snakka om. Meieriet i Odda er nedlagt i dag. Industriarbeidarane utgjer åleine den nest største arbeidsgruppa. Når berre 47 av desse bur i Kinsarvik og heile 137 bur i Ullensvang, er det nærliggjande å tru at ein del pendlar inn til fabrikkane i Odda og Tyssedal, men dette har eg ikkje sikre tal på. Av industriverksemdar i Ullensvang var Hovland Ullvarefabrikk framleis i gang i 1960 og sameleis Hardanger Møbelfabrikk på Lofthus. Varehandel og bygg- og anleggsvirksomheit utgjer også store

yrkesgrupper no. I det heile held det på å bli ei jamnare fordeling mellom yrkesgruppene enn det tradisjonelt har vore.

Dersom me gjer eit hopp til Statistisk Sentralbyrå si næringslivsundersøking frå 2013, er biletet eit ganske anna. (Her er også kommunegrensene endra.) I 2013 var talet på sysselsette i heradet på 1732 personar, noko som svarar til femtiein prosent av innbyggjartalet det året (Ssb.no, lagra tabell).



Figur 5: Næringslivsfordelinga i Ullensvang herad i 2013.

Den største moderne næringslivsendringa har skjedd innanfor jordbruket. Bønder og fiskarar utgjør i dag den åttande største yrkesgruppa av dei ni gruppene undersøkinga er delt inn i. Gruppa omfattar 118 personar, sju prosent av arbeidsstyrken i Ullensvang i 2013. Dei siste fem åra er det òg denne yrkesgruppa som har mist flest sysselsette, med ein jamn nedgang frå fjorten prosent i 2009 (Ssb.no, lagra tabell). Innskrenkinga av primær sektor har verkeleg skote fart etter 1960 og er ein del av ei utvikling som har gått føre seg i heile landet det siste hundreåret. Den heng mykje saman med større tilgang på matvarer frå utlandet, effektivisering av jordbruket og, i Ullensvang, overgang frå husdyrhald til fruktdyrking. Nokre bønder held framleis sau, men eg veit ikkje om nokon i Sørfjorden som held storfe og driv mjølkeproduksjon. Bøndene brukar no landet sitt i svært lita grad som beitemark for husdyr og brukar det heller til dyrking av morellar, plommer, eple og pærer, som det er gode tilhøve for å avla fram i Sørfjorden. Jordbruket er dermed lett synleg i bygdene, men det krev langt mindre arbeidskraft enn før.


Ullensvang herad kallar seg for Noregs frukthage, og fruktplantasjane her har òg fått ein estetisk funksjon. Slik har det vorte skapt ein synergieffekt mellom jordbruket og turismen. Den største arbeidsgruppa i 2013 var nettopp innanfor sals- og sørvisyrke med 368 arbeidarar eller 21 prosent av dei sysselsette – ein solid vekst sidan 1960. Hotell og overnattingsstader kan alle nytta fruktbløming og fjordlandskap til å lokka gjestene med, men hovudsesongen for turisme i Ullensvang er i juli og august. Leikeattraksjonen Mikkelparken i Kinsarvik vart utvida og oppgradert i 2012 og har hatt gode besøkstal dei siste somrane (Ahamath, 2012, Storstrand, 2013). Elles er kyrkjene, kulturattraksjonane, naturen og turstiane viktige for turismen her. Andre viktige sørvisjobbar som ikkje fanst i stor grad i 1960, er helsevesenet med aldersheimar og heimesjukepleie.

Akademiske yrke inneheld nesten seksten prosent av arbeidsstyrken i Ullensvang i 2013, (m.a. Hardanger Folkemuseum på Utne og Statens kartverk i Kinsarvik). Handverkarane kjem på tredje plass med ca. tretten prosent. Den fjerde største gruppa omfattar prosess- og maskinoperatørar, transportarbeidarar osv., og blir rekna til elleve prosent. Dette talet har minka ein god del sidan 1960, då gruppa blei delt inn i industriarbeidarar, sjøtransport og anna samferdsle. Innanfor denne gruppa finst det m.a. tilsette ved Hardanger sylvplett i Kinsarvik, Statens Vegvesen, Isklar A/S på Hovland, yrkessjåførar og entrepenørar. Fleire lokalbedrifter, som ullvarefabrikken og møbelfabrikken, er no nedlagde, og det har føregått kutt og effektivisering også i industrien. I eitt av intervju mine hevdar ein informant at ein av fabrikkane i Odda har gått frå 780 til ca. 290 tilsette i løpet av ein trettiårsperiode. Hjørnesteinsbedrifta Odda Smelteverk gjekk konkurs i 2003, og dette hadde også innverknad på pendlarar frå Ullensvang.

1.5. Kommunikasjon og pendling

1900-talet vart hundreåret då trafikken gjekk over frå sjø til veg. Dampskipa var eit vanleg syn på Sørfjorden frå 1860 og fram til ca. 1980. Dei knytte fjordbygdene tettare saman med kvarandre og skapte samband til Bergen. Dampskipsfarten i Hardanger løna seg betre enn elles i fylket på grunn av turisttrafikk om sommaren og fruktføring om hausten (Kolltveit, 1962, s. 318), og båtane kunne òg frakta fe, post og varer, og i mange bygder vart det difor bygt dampskipskaiar. Rundt 1900 var det bygt slike kaiar i iallfall tolv bygder langs fjorden, og Utne vart det store knutepunktet (Kolltveit, 1974, s. 130). Etter kvart som vegnettet vart utbygt, vart skipsrutene mindre viktige. I 1936 vart det opna samanhengande køyreveg mellom Eidfjord og Odda langs austsida (Statens Vegvesen, 2006, s. 45). På vestsida vart det

offisielt opna samanhengande veg til Odda fyrst i 1963 (100 år i Vikebygdkrinsen, 2001, s. 51). Det vart bygt bilferjekaiar både i Kinsarvik og på Utne, noko som var positivt for næringslivet begge stadene. Seinare har riksveg 7 over Hardangervidda med ferjesambandet Bruravik-Brimnes over Eidfjorden teke av for mykje av trafikken via Kinsarvik. Vegen langs austsida av fjorden er i dag ein del av riksveg 13, og den på vestsida høyrer til fylkesveg 550. Framleis er det mange smale vegparti i Sør fjorden, men likevel har samferdsla til Indre Hardanger betra seg mykje, særleg i dei siste 15 åra. Kvinnherad har fått betre samband til området gjennom Folgefonntunnelen i 2001, Jondal fekk det same med Jondalstunnelen i 2012 og Granvin, Ulvik og Voss med Hardangerbrua og Butunnelen i 2013 i tillegg til vegprosjektet Vossapakko (vegvesen.no).



Figur 6: Ullensvang herad innanfor Hordaland fylke i dag. Wikimedia Commons.

Ein naturleg konsekvens av betra samferdsle er meir pendling. Av dei 1732 sysselsette i Ullensvang i 2013 var det 672 personar (ca. 39 %) som pendla ut av heradet på arbeid. Talet har auka noko sidan 2009, samtidig med at talet på sysselsette har minka. Arbeidsstyrken i 2009 var totalt på 1874 personar, og utpendlarane den gongen utgjorde trettifire prosent (ssb.no, lagra tabell).

Når me ser på kva kommunar dei har pendla til, kjem Odda ut som den store vinnaren med 347 pendlarar i 2013, altså over halvparten. Denne pendlestraumen har halde seg stabil sidan år 2000, og med ein så stor pendletrafikk er det truleg at Odda spelar ei rolle ikkje berre næringslivsmessig, men også språkleg for Ullensvang. Eit ektepar som har vore busett i Ullensvang sidan 1975, fortel at det vart skipa fleire byggjefelt nær kommunegrensa til Odda på begge fjordsidene i overgangen mellom 70- og 80-talet, t.d. Segelgjerd på austsida og Nordnes og Syreflot på vestsida (Samtale med Lid, Marit og Petter, 24.03.15). Dette gjorde det lettare for folk å bu i Ullensvang og arbeida i Odda, og førte truleg med seg noko utflytting frå Odda til Ullensvang. Ein informant som bur på Syreflot fortel i eit intervju at omtrent alle der jobbar i Odda.

Kommunen som har nest flest pendlarar frå Ullensvang i 2013, har berre 67 pendlarar, og det er faktisk Bergen. Dette talet har vore stabilt i over ti år, men det er lite truleg at det er snakk om dagpendling til Bergen; til det er reisevegen for lang. Vekependlarar kan finnast, men sannsynlegvis vert tala trekt opp av studentar som er bustadregistrerte i Ullensvang, men arbeider i Bergen. Sidan Oslo har 19 pendlarar frå Ullensvang og Stavanger har 10, støttar det opp om tolkinga.

Voss har den tredje største pendlestraumen frå Ullensvang i 2013, og her er det interessant å sjå på utviklinga for framtida. I heile perioden frå 2000 til 2008 varierte pendlestraumen mellom Ullensvang og Voss mellom ni og 20 pendlarar. Deretter stig talet til 29 i 2011, før det hoppar opp til 55 i 2012 og 58 i 2013. Det er rimeleg å tru at dette har med betra samferdsle å gjera, særleg ved hjelp av vegprosjektet Vossapakko. Arbeidsgjevarane på Voss har dermed fått auka innverknad på Ullensvang dei siste åra.

Oljearbeidarar vert også rekna som pendlarar, og dei utgjør den fjerde største pendlegruppa. I 2013 var det 49 personar som pendla til sokkelen frå Ullensvang, og dette talet er det høgaste i vårt årtusen. Talet har i fleire år lege på vel 20 og vel 30, og steig til over 40 personar første

gongen i 2010. Nabokommunen Eidfjord får òg litt stabil pendling, 16 tilsette pendla dit i 2013. I andre kommunar er pendletala anten einsifra eller null i 2013 (Ssb.no, lagra tabell). Talet på folk som pendlar *til* Ullensvang på arbeid var i 2013 på 209 personar. Dette talet har halde seg nokså stabilt sidan 2002 (ssb.no, lagra tabell). Desse kjem hovudsakleg frå naboherada i Hardanger, særleg Eidfjord og Odda. Ein del kjem òg frå Hordaland elles, m.a. er det tosfra tal med pendlarar frå både Voss og frå Bergen gjennom heile statistikken frå 2002-2013.

1.6. Nærmaste byar og tettstader

Etter at Odda, som har om lag 7000 innbyggjarar, fekk bystatus i 2004, er det den som er nærmaste byen for Ullensvang. Men sidan statusen til Odda framleis er relativt ny og innbyggjartalet der ikkje er svært høgt, er det delte meiningar blant folk om kva som er nærmaste by for dei. Då eg spurde ungdomsinformantane om dette, fekk eg sprikande svar. Ein guteinformant svara: «Eg ser ikkje på Odda som ein by. Så det blir nok Voss». Voss, som ligg 36 km frå heradsgrensa, har som kjent ikkje bystatus, men vart kalla for by av fleire ungdommar. Ein annan guteinformant sa: «Nærmaste by for meg trur eg vert Haugesund». Jenteinformantane trekte raskare fram Odda, men Haugesund kom ofte som nummer to. Bergen hamna lengre ned på lista hjå dei fleste. I realiteten ligg Haugesund om lag 14,5 mil frå kommunegrensa til Ullensvang, lengre unna enn både Bergen og Leirvik målt i køyrelengd, men vegkvaliteten mot Haugesund er på jamnen betre enn den mot Bergen.

Når Haugesund virka så lett å gripa til for informantane, kan det også ha med helsereforma i 2001 å gjera. Då vart Ullensvang herad og Odda sjukehus organiserte under Helse Fonna, som har base i Haugesund (helse-fonna.no). Odda sjukehus hadde lenge hatt fødeavdeling, men frå 2002 blei alle kvinner med vanskelege svangerskap sende til Haugesund i staden. I dag er det Haugesund som er standardsjukehuset for dei fødande i Ullensvang. Frå og med 2014 tek Odda sjukehus berre imot naudfødslar dersom ein er redd for å ikkje koma fram til Haugesund i tide (Helse Fonna, brosjyre, 2014, s. 9-10). Fritt sjukehusval gjer likevel at dei fødande i Ullensvang òg har høve til å nytta andre fødeavdelingar, til dømes den på Voss sjukehus, som er underlagt Helse Bergen.


Ordførarane frå Odda, Jondal, Ullensvang og Eidfjord argumenterte for at Odda sjukehus burde flyttast over til Helse Bergen i eit møte med Helse- og omsorgsdepartementet i Oslo i februar 2013. Dei peika på at vegane frå Indre Hardanger til Haugesund går langs eit utsett

rasområde, og at Jondalstunnelen og Hardangerbrua hadde gjort tilgangen til Bergen betre enn han var då helsereforma kom i 2001 (Valestrand, 2013). Det kom protestar mot framferda til ordførarane frå ambulansesjåførar og andre tilsette ved Odda sjukehus. Dei meinte at Odda framleis burde høyra til Helse Fonna grunna god vegstandard mot Haugesund (Røssum og Vermedal, 2013). Etter sakshandsaminga har Odda sjukehus blitt verande i Helse Fonna, og Ullensvang nyttar framleis Odda sjukehus og Helse Fonna til akutthjelp (Helse-vest.no, 2013). Saka illustrerer godt at det er delte meiningar om kva som er nærmaste by for Indre Hardanger, og også for innbyggjarane i Ullensvang herad.


Kvar folk er busette innanfor heradet har sjølvsagt mykje å seia for kva for ein tettstad dei orienterer seg til og dermed vel sjukehus og andre by-tenester frå. Nokre bur berre ei dryg mil frå Odda sentrum, andre har kortare reiseveg til Voss enn til Odda, og andre igjen vil kanskje føretrekkja Bergen som nærmaste by.

1.7. Befolkningsstatistikk

I figur 7 er tala frå 1875 til og med 1960 henta frå Statistisk Sentralbyrå si folketeljing frå 1960 for Ullensvang herad og Kinsarvik herad. Denne gjev eit oversyn over folketala i både Ullensvang og Kinsarvik sokn 1855-1960 (som svara til dei respektive herada), henta frå SSB-publikasjonen *Folkemængdens bevægelse 1856-1865*. Grovt sett utgjorde desse to sokna / herada området i dagens Ullensvang herad. Dermed har eg summert folketala i sokna for å finna eit mest mogleg samanliknbart folketal med dagens herad. Verdiane frå 1980 til 2010 er derimot faktiske verdier frå SSB sine digitalarkiv (ssb.no), sidan heradsgrensene har vore uendra i den perioden. I figur 8 er folketalet i Hordaland fylke, inkludert Bergen i same perioden, til samanlikning. Her er det stabil vekst, og mykje vekst har nok skjedd i Bergen, men også i Hordaland elles har det vore over 10 % vekst fram til 1970. Fylkestala fram til 1950 er henta frå SSB-publikasjonen *Dødeligheten og dens årsaker* (1961) av Julie Backer, s. 29, tabell 4, der eg har summert tala for Hordaland og dåverande Bergen fylke. Frå 1977 er tala henta frå SSB sitt digitalarkiv over folketal i Hordaland (ssb.no).



Figur 7: Utrekna folketalutvikling i Ullensvang frå 1875 til 2010.



Figur 8: Folketalutvikling i Hordaland og Bergen samanlagt frå 1865 til 2010.

Olav Kolltveit skildrar utvandringa til USA som ei etterlengta løysing på eit overfylt bygdesamfunn i Ullensvang på 1800-talet:


«Frå 1815 til 1865 auka folketalet i heradet med 2000 eller om lag 35 pst. Midlauken var 400 person i kvart ti-år. Men i bolken 1856-65 var tilveksten minka til 116. Det er ikkje vanskeleg å finna grunnen: det var endeleg vorte ein utveg or det overfyllte bygdesamfunnet – Amerikavegen. (...) Dermed kulminerte folkemengda. Frå no av er det nedgang til storindustrien rykkjer inn i Odda i 1906» (Kolltveit, 1962, s. 241).

På grunn av mykje utvandring til Amerika, var det litt nedgang frå 1850 og utover mot 1900. Etter 1900 veks folketalet grunna industrien i Odda medan det minkar i Kinsarvik og Ullensvang. Dessutan er det mykje utvandring heilt fram til 1930 ifølgje Julie Backer:

«Fra 1865 økte utvandringsintensiteten betydelig, og den holdt seg senere stort sett på et relativt høyt nivå helt fram til 1930. I 1930-årene var utvandringen minimal, og under den annen verdenskrig opphørte den helt. Den begynte igjen i 1946, men i forholdsvis beskjeden målestokk sammenlignet med årene før 1930» (Backer, 1965, s. 157-158).


Hordaland utanom Bergen hadde ei utvandring på mellom 0,3 og 0,7 % mellom 1866-1930, bortsett frå 1916-1920, då utvandringa var låg over mykje av landet (Backer, 1965, s. 165, tabell 91). Rett etter andre verdskrigen var barneflokkane store mange stader, og det var godt med arbeidsplassar i etterkrigstida, då folketalet var over 4000 innbyggjarar på det meste. Også rundt 1980 var folketalet høgt, men det tok deretter til å minka. Den 1. januar 2014 låg folketalet på 3369 menneske (ssb.no).

La oss sjå på korleis folketalet fordeler seg innanfor Ullensvang herad (figur 9). Tabellen under sorterer folketalet i Ullensvang (2014) mellom dei ulike grunnkrinsane. Den klart største krinsen her er heradssenteret Kinsarvik med 563 innbyggjarar. Opedal er nummer to med litt over 300, deretter fylgjer Sekse, fylgt av Aga, som er den største på vestsida.



Figur 9: Folketalet i Ullensvang i 2014 fordelt etter grunnkrins.

Etter SSB sin definisjon på ein tettstad, (min. 200 innbyggjarar og maks 50 meter avstand mellom husa) (Thorsnæs, 2013), finst det to tettstader i heradet: Kinsarvik og Lofthus. I 2013 hadde Lofthus 556 innbyggjarar, medan Kinsarvik hadde 519 (Ssb.no, laga tabell). Merk at grensene for tettstadene Lofthus og Kinsarvik då ikkje er dei same som grensene for grunnkrinsane dei tilhøyrer. Aga er største grunnkrinsen på vestsida, men befolkninga her ser ut til å vera noko jamnare fordelt geografisk. Dette seier oss kvar folk har busett seg i heradet i moderne tid, og dermed kvar dei sosiale tyngdepunkta i heradet ligg. Men dersom ein lagar ein tabell over skulekrinsar i staden som i figur 10, blir vektforholdet litt annleis.




Figur 10: Folketalet i 2014 etter dei 6 skulekrinsane.

I figur 10 er folketalet i 2014 grovsortert etter dei seks krinsane som fanst i heradet i 2010.

(Eg har til dømes ikkje teke omsyn til det dersom ein grunnkrins er fordelt på to skulekrinsar.)

Kinsarvik er framleis største krinsen, men ligg ikkje så høgt over dei andre. Sjølv om Kinsarvik og Lofthus er tettast busette, står dei andre skulekrinsane framleis sterkt og vil dermed ha eit naturleg kommunikasjonssenter, mykje samvere og ein del språkleg kontakt seg i mellom. På vestsida er det den sørlegaste krinsen, med bygdene Aga og Nå, som har sosialt tyngdepunkt, medan flest folk er busette lengre nord på austsida. Ei utfordring for dei mindre grendene er at det er lite godt utbygd gang- og sykkelveg mellom grendene fleire stader i heradet. Dette kan virka som ein kontaktbarriere grendene imellom (Statens Vegvesen, 2006, s. 36).



Figur 11: Folketalet i dei sju Hardangerherada samanlagt frå 1986 til 2014.

Figur 11 viser at fallande folketal og fråflytting er også ei utfordring for dei sju Hardangerherada samanlagt. Dei folketettaste herada er Kvam med om lag 8500 innbyggjarar og Odda med om lag 7000 (2014). Frå å ha eit samla folketal på over 26 000 menneske i 1986, nådde folketalet i Hardanger botnpunktet i 2007 med i underkant av 22 800 innbyggjarar. Herada Eidfjord, Granvin, Ulvik og Jondal har folketal på om lag tusen personar kvar (ssb.no). Kampanjen «Flytt til Hardanger!» har dei siste åra jobba aktivt for å promotera Hardanger og motverka fråflyttinga. Prosjektet rettar seg særleg til ungdom som studerer eller jobbar heimanfrå, og peikar på vakker natur, gode jobbtilhøve, full barnehagedekning og godt sosialt miljø som gode grunnar til å flytta heim (Flytttilhardanger.no). Kanskje er fråflyttingstrenden i ferd med å snu - den 1. januar 2014 hadde det samla folketalet bikka over 23 000 innbyggjarar til saman i dei sju herada for fyrste gong sidan 2006. Jondal kommune hadde faktisk ein uvanleg auke i folketalet ved årsskiftet til 2014 på 48 personar, det vil seia nesten fem prosents folketalsvekst (ssb.no).

1.8. Befolkningsstabilitet og flytting

Statistikaren Halvard Skiri meiner at det er ein samanheng mellom samansetninga i populasjonen på ein stad og språkending. Han kommenterer dette slik: «*Dei viktigaste demografiske faktorane i så måte er truleg: innanlandsk flytting, innvandring, fruktbarheit, medan nivået på dødelegheit og utvandring nok har betydd mindre språkleg, særleg utvandring*» (Skiri, 2013, s. 6). Difor er det relevant for denne oppgåva å sjå på korleis innflyttinga til Ullensvang har utvikla seg.

Folketeljinga i 1865, som registrerte 5776 innbyggjarar i heile Ullensvang herad, registrerte 363 personar (ca. 6 %) som var fødde utanfor heradet, og dei aller fleste kom frå naboherada (Kolltveit, 1962, s. 242). Etter kvart har det kome til mange fleire innflyttarar. Statistisk Sentralbyrå har ført oversikt over flytting om lag sidan 1950, men det generelle biletet i både Ullensvang og Kinsarvik herad for 1950- og 60-talet er at tala for netto innflytting er negative – det er fleire som flyttar ut enn som flyttar inn. Dette mønsteret held fram etter kommunesamanslåinga med Eidfjord i 1964, men på 1970-talet snur trenden, som me ser i tabellen under. Noko av dette kan ha samband med vasskraftutbygginga i Sima i Eidfjord, som stod ferdig i 1980. Legg merke til at frå og med 1977 viser tabellen tal frå dagens Ullensvang herad. Men som me ser, er det også mykje innflytting til Ullensvang etter at Eidfjord vart sjølvstendig også.

Årstal	Folketal, Ullensvang	Netto innflytting
1965	4940	-42
1966	4917	-23
1967	4925	-73
1968	4856	-6
1969	4850	-45
1970	4848	-146
1971	4730	23
1972	4777	19
1973	4798	55
1974	4889	196
1975	5075	65
1976	5157	-15
1977	3937	11
1978	3953	51
1979	4019	8
1980	4041	-27

Frå 1980 til 2014 vekslar nettoinnflyttinga sterkt frå år til år mellom ca 50 pluss og 50 minus (ssb.no). Tala viser dermed ingen klår trend. Truleg er det ein samband her med den auka innvandringa etter 1989 og at ein del innvandrarar flyttar til større kommunar for å få seg jobb etter nokre år i Ullensvang.

Tabell 3: Folketal og netto innflytting til Ullensvang frå 1965 til 1980.

Ekteparet Marit og Petter Lid fortalde meg at mange av innflyttarane til Ullensvang på slutten av 1970-talet kom for å arbeida ved ei av verksemdene i heradet, t.d. Hardanger Sylvplett, Ullensvang hotell, Hovland Ullvarefabrikk eller ein av dei to nystarta ungdomsskulane (Samtale med Lid, Marit og Petter, 24.03.15). Mange av lærarane som har jobba på Kinsarvik ungdomsskule i lengre tid, kom frå nettopp Odda kommune. Dei nye byggjefelta nær kommunegrensa som gjorde pendlinga til Odda lettare, førte òg med seg noko utflytting frå Odda til Ullensvang.

Statistisk Sentralbyrå offentleggjer normalt ikkje tal på kva for kommunar innflyttarar kjem frå. Ved hjelp av førstekonsulent i SSB, Laila Holmen Lystad, har eg likevel fått tilgang til ei oversikt over opphavskommune for innflyttarane til Ullensvang i åra 1995-2013. Dei årlege tala frå kvar kommune er ganske stabile. Det gir oss grunn til å tru at trenden frå denne perioden også strekkjer seg lengre bakover i tid. Under er ein tabell med dei ti største

innflyttarkommunane til Ullensvang i perioden.

Kommune	Innflyttartal 1995-2013
Odda	431
Bergen	305
Oslo	89
Voss	79
Kvam	43
Stavanger	37
Eidfjord	35
Haugesund	24
Kvinnherad	23
Ulvik	23

Talet til høgre er eit minimumstal på kor mange personar som har kome frå kvar ¹plass.

Tabell 4: Dei største utflyttarkommunane til Ullensvang i perion 1995-2013. E-post frå Lystad, Laila Holmen, 20.03.2015.

Kor mange i Ullensvang er det då som veks opp med foreldre som ikkje er lokale? Det finst ikkje nokon tilgjengeleg statistikk over dette, men eg har gjort ei undersøking blant dei 44 informantane mine for å få ein peikepinn over korleis dette har utvikla seg. Her har eg summert alle foreldre til informantar i kvar årsklasse saman og skilt mellom dei foreldra som er oppvaksne i dagens Ullensvang og dei som ikkje er det. Tabell 5 viser kor mange innflyttarforeldre det er til informantane i kvar årsklasse:

¹ SSB har ikkje lov til å offentleggjera tal som er mindre enn 3. Difor har dei erstatta alle slike tal med kolon. I tabellen har eg rekna kvart kolon som éin person, sjølv om det kan vera to.

Årsklasse (born)	Tal lokale foreldre	Tal innflyttarforeldre	Innflyttarprosent
1860-1889	10	2	16,67 %
1890-1919	18	4	22,22 %
1920-1949	6	10	62,50 %
1950-1979	10	10	50 %
1980-2009	14	10	41,67 %
Samanlagt	58	36	40,4 %

Tabell 5: Lokale foreldre og innflyttarforeldre etter årsklasse.

Når me ser på prosenten av innflyttarforeldre, i fjerde kolonne, tyder det på at det har skjedd ein auke i innflyttarar som stiftar familiar. Det største skiljet er mellom dei som er fødde 1920-1949 og dei som er fødde før 1919. Det er også ein tendens til at flyttinga går over lengre avstandar; det er fleire av innflyttarforeldra i dei tre nedste radene som ikkje har vokse opp i nabokommunane til Ullensvang.

Innflyttarane kan også koma frå utlandet. Ullensvang innvandrarsenter og asylmottak, som har vore i drift i Kinsarvik sidan 1989 (ullensvang.herad.no), er ein av faktorane som har ført til auka innvandring til heradet dei siste tiåra. Eit søk på SSB syner at frå 1990 til 2014 har Ullensvang hatt ei innvandring frå utlandet på over hundre personar årleg bortsett frå seks einskildår (ssb.no, lagra tabell).

1.9. Kulturliv og språkleg kontakt

Norsk kulturindeks er ei oversikt som har vorte utarbeidd kvart år av Telemarksforsking sidan 2011. Indeksen samanliknar kulturlivet i norske kommunar og fylke basert på registerdata frå offentlege etatar, interesseorganisasjonar og foreiningar. Kommunane og fylka kan dermed rangerast etter kor høgt dei skårar i kategoriar som *kunstnarar*, *kulturarbeidarar*, *museum*, *kino*, *bibliotek*, *frivilligheit*, *konsertar*, *sentrale tildelingar*, *scenekunst* og *kulturskule* + *Den kulturelle skulesekken*. (telemarksforsking.no). Ein kan få maksimalt ti poeng per kategori. Denne utrekninga er ein objektiv måte å måla kulturlivet på for å betre «*forstå rammene som grupper og individ forstår seg innafor når dei fokuserer kulturverdiane og byggjer opp sosiale og individuelle identitetar*» (Sandøy, Akselberg og Kristoffersen, 2007, s. 5).

I Norsk kulturindeks 2014 si samanlagde kommunerangering gjer Ullensvang det sterkt med ein 26. plass av 428 kommunar. Heradet får toppskår i to kategoriar. Den eine er *frivilligheit*, som måler kor stor aktiviteten i den frivillige kultursektoren er rekna frå mva-kompensasjon i

foreiningane og medlemstal i korps, kor og husflidslag per tusen innbyggjarar (Norsk kulturindeks 2013, s. 38-39). Her har Ullensvang vore blant dei sju beste kommunane i landet dei tre siste åra (Norsk kulturindeks 2013, s. 18, telemarksforsking.no). Frivillige lag som ikkje har vorte rekna med her er Ullensvang mållag, som er blant dei største i landet (Nynorsk.no), aktive idrettslag, mest innanfor fotball, men også skyttarlag, friidretts- og friluftslivslag og 4H.

Den andre kategorien med toppskår er *konserter*, målt etter konserttal frå TONO. Ullensvang har her vore blant topp 13 dei siste tre åra (Norsk kulturindeks 2013, s. 12, telemarksforsking.no). Det trekkjer truleg opp her at mange av konsertane under Hardanger Musikkfest kvar pinse vert haldne i heradet i tillegg til konsertar under Morellfestivalen og Velure Rock om sommaren. Til konsertlokale kan ein nytta m.a. kyrkjene, ungdomshusa, Hardanger Folkemuseum på Utne, Hotell Ullensvang og Ekspedisjonen Skjenkestove på Lofthus.

Ullensvang skårar 9 av 10 poeng på *museum* i 2014, målt etter kommunale tildelingar og tal på vitjingar (telemarksforsking.no). Hardanger Folkemuseum på Utne er ope heile året og er del av Hardanger og Voss Museum. På kvar side av fjorden finst også friluftsmuseum; hussamlinga Skredhaugen på austsida og klyngjetunet Agatunet i vest. *Sentrale tildelingar* får også 9 poeng i Ullensvang. Denne kategorien gjeld kor mykje stønad kvar kommune får til kunst- og kulturarbeid, gjennom Riksantikvaren, Norsk kulturråd eller Frifond. Heradet skårar 8 poeng for *kulturskulen og Den kulturelle skulesekken* (telemarksforsking.no).

Ullensvang får 6 poeng både i kategorien for *kunstnarar* og for *kulturarbeidarar*. Det finst eit levande kunstliv i Ullensvang innanfor både målarkunst, keramikk, handarbeid og folkemusikk. Når det gjeld *kino*, skårar Ullensvang midt på treet med 5 poeng. Dette heng nok saman med at den einaste kinoen i heradet er Krossvoll kino på Lofthus, og den samlar vanlegvis ikkje folk frå heile heradet. Slik sett er dette eit godt resultat. Kinoen ligg i det gamle ungdomshuset Krossvoll, der dei har vist kinofilmar sidan 1949 (Krossvollkino.no). Den svakaste kategorien i Ullensvang (3 poeng) er faktisk bibliotek, målt etter vitjingar. Den låge summen kjem trass i at det finst bibliotek både på Utne, på Nå og i Kinsarvik i tillegg til skulebiblioteka (Ullensvang.herad.no).

Kyrkjene i Ullensvang har vore viktige samlingspunkt i Sør fjorden fram gjennom tidene, men i våre dagar er det ikkje like vanleg å gå til kyrkje i Ullensvang utanom i dei store høgtidene. Ullensvang herad har også liten tradisjon for lågkyrkjelege forsamlingar, m.a. av di Haugevekinga greip lite om seg her i si tid (Kolltveit, 1962, s. 158). Det einaste bedehuset som står i heradet, ligg på Vines ved Hardangerfjorden, og dette er framleis i bruk. Ungdomshus finst det derimot fleire av, dei vart ofte bygde av ungdomslag som bestod av uteksaminerte folkehøgskuleelevar tidleg på 1900-talet. Dei gamle ungdomslaga var nok meir aktive i oppstartåra enn i dag. No til dags vert lokala brukt til samlingshus på større festdagar som 17. mai, juledagane, bryllaup eller jubileumsfestar.

I Ullensvang i dag er lokalbutikkane viktige sosiale arenaer. Det tyder mykje for ei bygd å ha sin eigen butikk der folk kan møtast på uformelt vis og slå av ein prat. I 2014 ligg det tre daglegvarebutikker langs vestsida, på Utne, Grimo og på Nå, og Utne-butikken har til og med kaffiutsal i lokalet. Lokalbutikken på Grimo har trimstove i kjellaren. På austsida ligg det to lokalbutikker; den eine er på Lofthus, men den største butikken i heradet er Spar i Kinsarvik. Her er det både daglegvarer, ferskvareavdeling, jernvareavdeling, leiker, kjøkenutstyr og Vestlandets største utval av garn (Spar.no).

Hardanger folkehøgskule på Lofthus starta opp i 1869, og i byrjinga var dei fleste av elevane lokale (Kolltveit, 1962, s. 456). Folkehøgskulen held fram enno i 2014, men elevane der er no i all hovudsak frå andre stader i landet, dei har meir sosial omgang med andre folkehøgskuleelevar enn bygdefolk, og dei reiser bort frå heradet etter at skuleåret er slutt. Det er dermed ingen grunn til å tru at dei utgjør nokon språkleg faktor for resten av heradet no lenger.

Ekspedisjonen Skjenkestove er ein sosial møteplass og pøbb på Lofthus, som vart starta opp av ein venegjeng i 2005. Ekspedisjonen kan brukast både som eit lite kunstgalleri og som scene for små konsertar eller stand-up-show. (Ekspedisjonen.no) Vestsida har sin pøbb, Cinderella, i Vikebygd. Denne held ope heile året og skipar til quiz og anna sosialt. Elles har det nyleg opna sommarkafé på Bu ved Hardangerbrua og ein ny kafé i Kinsarvik (Vegvesen.no), (Gloyp.no). Tida vil visa kor stor marknaden er for desse nye spisestadene. Eit eksempel på ein nystarta aktivitet for dei unge i Ullensvang er Fjordalan i Kinsarvik. Dette er eit årleg LAN-party der ein kan koma frå både aust- og vestsida eller lenger vekke frå for å spela PC, konsoll eller «berre vera der for det sosiale» (Fjordalan.org).

Særleg når det gjeld fjellturar er moglegheitene mange langs fjorden. Her er lange tradisjonar for å nytta fjellet, vinter som sommar, gjerne til jakt og fiske. Få av dei gamle fjellstølane på Hardangervidda vert nytta som sommarbeite for dyra lengre, men mange frå både aust og vest for fjorden har hytte på dei gamle stølane sine i austfjellet. Turistforeininga har også fleire hytter i heradet, t.d. Stavali, Litlos og Torehytta der ein kan overnatta på lengre turar over vidda.

2. Teori

Dette kapitlet forklarer den teorien som eg har funne relevant for masteroppgåva, skildrar kva for sosiolingvistisk gransking som har funne stad i Hardanger tidlegare og gjev ei skisse over grammatikken i Ullensvangdialekta. Som kjelder i kapitlet nyttar eg også anonymiserte informantsitat til å forklara poeng frå tilhøva i lokalsamfunnet. Desse sitata er henta anten frå dei eldre intervju eller mine eigne, nye intervju.

2.1. Språksamfunnet Ullensvang

I denne oppgåva har eg tatt utgangspunkt i at Ullensvang herad, med dei grensene det har i dag, bortsett frå Oksenhalvøya, utgjer eit språksamfunn. Omgrepet språksamfunn kan definerast på ulike måtar, men *«felles for dei ulike definisjonane er likevel at dei forsøker å avgjere om område som kan avgrensast geografisk, sosialt eller etnisk, også kan avgrensast lingvistisk»* (Røyneland i Mæhlum et al., s. 31). Når eg kallar mitt undersøkingsområde for eit språksamfunn, har eg kombinert det geografiske og sosiale aspektet ved språksamfunnet. Området det er snakk om, er administrativt og skulemessig samanhengande og har vore det i lang tid bakover, bortsett frå perioden 1913-1964, då det var inndelt i to ulike herad. Innbyggjarane der seier sjølve at dei snakkar om lag same dialekten, i motsetning til dei som bur i Odda, Eidfjord eller Ytre Hardanger. Dessutan er det relativt korte avstandar mellom dei ulike områda i språksamfunnet. Når innbyggjarane på Oksenhalvøya, på nordsida av Hardangerfjorden, ikkje er inkluderte, så er det fordi avstanden er så stor det kan diskutast kva for språksamfunn dei høyrer til, særleg sidan ungane derifrå er skuleelevar i Granvin herad.

2.2. Språk og verdiar

Det er eit viktig prinsipp i sosiolingvistisk teori at språk og sosiale verdiar er knytt saman. I firebandsverket Norsk språkhistorie skriv Helge Sandøy noko om korleis denne fagdisiplinen skil mellom to ulike typar språkkompetanse i einkvar språkbrukar:

«Det er slik sosiolingvistikken ser på den individuelle språkkompetansen, nemleg som ein underbevisst grammatisk kompetanse (som meistarar kategoriar som substantiv og fleirtal) + ein sosiolingvistisk kompetanse som koplar sosiale verdiar og kjensler til element frå den

grammatiske kompetansen. Begge kompetansane «arbeider» mest under bevisstheitsnivået» (Sandøy i Sandøy (red.), bind I, under utgjeving, s. 55).

Ein gjennomsnittleg norsk språkbrukar vil kunna meistra t.d. substantivbøying, sterk og svak verbbøying og avansert syntaks utan å ha fått bevisst undervisning om det. Denne språklæringa skjer primært i barneåra, men i tillegg til å ha denne grammatiske kompetansen, vil ein vanleg språkbrukar intuitivt vita at nokre språktrekk er meir «attraktive» enn andre avhengig av faktorar som situasjonen, samtalepartnaren, plassen med meir. «*Sociolinguists' studies of language in use have shown that variation is always more or less constrained by some factor relevant to the context in which a speaker is using their language*» (Meyerhoff, 2011, s. 12) Slik sosiolingvistisk vurdering av språktrekk vil oftast skje på eit underbevisst nivå.

I eit språksamfunn vil det vanlegvis finnast fleire ulike måtar å snakka på, eller fleire ulike måtar å uttala ein variabel på, det vere seg eit fonem, eit ord eller ein stilart. Dersom språkbrukar 1 uttalar presens av *å koma* [çe:mɛ] og språkbrukar 2 seier [kɔmɛ] for same variabelen, har me interindividuell variasjon i dette språksamfunnet. I tillegg er det ofte slik at éin og same språkbrukar er i stand til å veksle mellom fleire variablar avhengig av sosiale faktorar. Viss språkbrukar 3 seier [çe:mɛ] når ho snakkar med språkbrukar 1, men [kɔmɛ] når ho snakkar med språkbrukar 2, vil ein seia at språkbrukar 3 har intraindividuell variasjon. Gjennom den no kjende artikkelen *Empirical Foundations for a Theory of Language Change*, vart William Labov, Uriel Weinreich og Makiel Herzog dei fyrste til å fastslå at variasjon, eller heterogenitet er ein føresetnad for språkleg endring. Dei skreiv: «*Not all variability or heterogeneity in language structure involves change; but all change involves variability and heterogeneity*» (Herzog, Labov og Weinreich, 1968, s. 188). For at ein språktype skal endra seg, må det fyrst finnast variablar som ein kan veksle mellom. Deretter kan endring, innovasjon, finna stad.

2.3. Språkendring i lys av tilpassingsteorien

For å forklara språkendring, nyttar Helge Sandøy eksempelfiguren P1, som har lagt seg til ein heilt ny språkleg vane. Enno har det ikkje skjedd ei endring i språket, det har berre oppstått interindividuell variasjon. Dette skjer i prinsippet kvar gong ein språkbrukar lærer seg til ein talefeil, men talefeil fører sjeldan til endring – då ville det ha vore skarre-r i mange fleire dialekter i Noreg enn der han høyrer heime i dag (Sandøy, 2015, bind I, s. 18).

«Endringsprosessen begynner når P2, altså eit anna individ tek etter vanen å P1 av ein eller annan grunn» (Sandøy, 2008, s. 207). Når det finst to stykke som nyttar same språklege vanen, blir det lettare for andre som vil identifisera seg med dei, å gå over til å gjera det same, gjerne underbevisst. Denne teorien om språkending vert gjerne kalla *tilpassingsteorien* og vart utvikla fyrste gongen av Giles og Smith på 1970-talet. Sidan har teorien blitt brukt av fleire kjende sosiolingvistar.

Erfaringsmessig går spreingsfarten til eit nytt språktrekk i eit språksamfunn sakte i byrjinga, men etter kvart som det vinn popularitet, spreier det seg raskt. I løpet av nokre få årskull har ein ofte sett at nye språktrekk går ifrå 10 % bruk til 90 %, før spreingsfarten igjen dabbar av den siste perioden før det når 100 %. Denne utviklinga, som er vanleg i studiar i tilsynelatande tid, vert kalla ei *S-kurve* etter den grafiske framstillinga ho får (jf. Labov, 1994, s. 65, Tagliamonte, 2012, s. 44).

På det tidlege stadiet av språkending som Sandøy skisserer, kan det framleis finnast intraindividuell variasjon hos språkbrukarane. Dei kan til dømes snakka med den nye vanen med skulekameratane sine, men heime med mor og far vil dei la vera å bruka han. Men dersom denne språklege vanen varer ved til dømes i ei ungdomsgruppe, kan språktrekket spreiest i fleire ulike retningar, auka i frekvens, og med tida kan variasjonen innanfor denne variabelen forsvinna heilt – den nye språkvanen har då blitt den nye norma.

Den sosiolingvistiske språkkompetansen kan til og med overkøyra den bevisste språkføringa, slik at ein ubevisst snakkar på ein måte som ein veit er grammatisk «feil», men grunna positive sosiale konnotasjonar knytt til dei «galne» språktrekka vil ein nytta seg av dei likevel. Ein Oslo-gut omtalte samanfallet mellom /ç/ og /j/ på denne måten, (sitert av Unn Røyneland): «*jæ vet at det er feil men det bry-mæ'ke – det er sånn vi snakker – det er vårt språk*» (Røyneland, 2013). Mange som har blitt bedne om å gjera dialekta si «breiare» enn den naturlege som ein har lært å snakka i oppveksten, vil kjenna seg att i utsegner som denne.

2.4. Indre faktorar og sosiale faktorar

Det er ofte vanskeleg å peika på klare årsaker til ei språkending, for dette er kompliserte og samansette prosessar. Når ei språkending skjer, vil det som regel skje ved ein kombinasjon av indre faktorar og sosiale faktorar. Indre faktorar vil seia faktorar som ligg latente i språket

sjølv, og gir føringar på kva endringar som skjer, ifølgje Sandøy. Dersom to konsonantfonem fell saman til eitt, vil det som regel vera to lydar som har same uttalestad og / eller same uttalemåte, som /d/ og /t/ eller /v/ og /f/. Blir avstanden mellom to lydar for stor, som med ein /p/ og ein /s/, er det enkelt for ein språkbrukar både å uttala og høyra skilnad mellom dei to lydane. Dermed vil det ikkje skje noko samanfall. Labov peikar til dømes på at ved kjedeforskyving av vokalar, har lange vokalar ein tendens til å stiga, korte stavingskjernar søkk, og bakre vokalar rører seg framover (Labov, 1994, s. 31). Ein annan type indre faktor kan vera optimalisering av fonemsystemet. Dette kan illustrerast ved dialektene i Romsdal og Nordmøre, der det er registrert samanfall mellom fonema /ɛ/ og /æ/. Sandøy forklarar dette ved at i dei omtalte dialektene er det tradisjonelt fire urunda fremre vokalfonem, /i/, /e/, /ɛ/ og /æ/, men berre tre tilsvarande runda, /y/, /ø/ og /œ/. Når samanfallet er gjennomført, vil det vera perfekt samsvar mellom runda og urunda fremre vokalfonem i dialektsystemet (Sandøy i Sandøy (red.), bind I, under utgjeving, s. 8).

Sosiale faktorar, også kalla ytre faktorar, er mykje meir talrike, men dei må som regel sjåast i samanheng med dei innomspråklege. I dømet frå Romsdal og Nordmøre understrekar Sandøy at eit slikt samanfall ikkje kunne skjedd utan ein gjensidig aksept innåt i ungdomsgruppa som fyrst tok opp bruken av samanfallet (Sandøy, 2015, bind I, s. 8). Sosiale faktorar kan vera både talrike og mangefasetterte, men nokre lærebokdøme er at ein person A vil likna på person B for å visa empati, for å auka sin eigen status ved å bli lik person B, eller for å forma ein føremålstenleg gruppeidentitet (Sandøy, 2008, s. 208).

Sjølv om ein lingvist mange gonger kan ha ein viss intuisjon når det gjeld kva slags språktrekk som vil vera attraktive og ikkje så er det viktig å ikkje la intuisjonen få avgjera konklusjonen i ei undersøking. For å sitera Sandøy: «*Da risikerer vi å sortere opplysningane altfor mykje etter det vi føler bør vere konklusjonen. Ved systematisk etterprøving kan vi avsløre betre overordna tendensar og dermed arbeide oss fram til sikrere slutningar*» (Sandøy i Sandøy (red.), bind I, under utgjeving, s. 66).

2.5. Ulike typar språkending

William Labov har sett opp ein modell med fire ulike typar språkendringsmønster, der han skil mellom endring i individet og endring i språksamfunnet som heilskap. Dersom begge er stabile, får ein stabilitet i språket. Dersom berre individet er ustabil, får ein det ein kallar

livsfaseendring eller *aldersavgrensing*. Dersom samfunnet er ustabil (t.d. grunna nye generasjonar som endrar språket), men individet er stabilt, får ein *generasjonsendring*. Og til sist, dersom individet er ustabil og samfunnet likeeins, får ein *kommunal endring* (Labov, 1994, s. 83-84). Det er omgrepa *livsfaseendring* og *generasjonsendring* som er mest aktuelle her.

Det er vanleg at ein språkbrukar ikkje vil snakka heilt likt gjennom alle livsfasane i livet sitt, og då snakkar ein gjerne om *livsfaseendingar* på norsk. Til dømes kan nokre innovasjonar vera knytt til ungdomsspråk, men den individuelle språkbrukaren vil leggja det frå seg når han blir eldre og kjem inn i ei anna sosial gruppe (Akselberg i Mæhlum et. al., 2008, s. 134). Om eit språktrekk er aldersavgrensa, tyder ikkje det nødvendigvis at språktrekket døyr ut med éin generasjon. Eit nytt språktrekk kan overførast frå ein generasjon til den neste, og då vil den nye generasjonen, i følgje Labov, overgå den førre i bruk av språktrekket. Etter kvart som kvar generasjon blir eldre, vil bruken av det nye språktrekket minka i den årsklassen, men sidan den påfølgjande generasjonen overgår den førre, vil trekket likevel auka i omfang i språksamfunnet over tid. Denne prosessen kallar William Labov for *incrementation*, eit omgrep som skal skildra *generasjonell gradvis aukiing*. Slik språkending kan gå føre seg i eit språksamfunn heilt utan kontakt med omverda så vel som i ein by med stor trafikk av inn- og utflytting. I eit språksamfunn der denne prosessen har gått føre seg over tid, vil den eldre generasjonen typisk ha færrest nye former, midtgenerasjonen noko fleire og den yngste vil ha flest (Labov, 1994, s. 447-449). Ein koplar då låg alder til høg bruk av nye språktrekk, og motsett høg alder til låg bruk av nye trekk (jf. Tagliamonte, 2012, s. 44-45).

I teorien er det mogleg å ha heilt stabile språkbrukarar, men eit ustabil språksamfunn, og det er dette Labov kallar *generasjonsending*. Han hevdar at dette er den vanlegaste typen lingvistisk ending, særleg når det gjeld morfologisk ending og lydendingar. Då, skriv han, vil det skje språkending i samfunnet sjølv om kvar språkbrukar har eit relativt stabilt språk:

«Individual speakers enter the community with a characteristic frequency for a particular variable, maintained throughout their lifetimes; but regular increases in the values adopted by individuals, often incremented by generations, lead to linguistic change for the community» (Labov, 1994, s. 84).

Ein viktig faktor for språkending i eit slikt samfunn blir då språklæringsprosessen og tileigninga av den sosiolingvistiske kompetansen i dei nye generasjonane.

Ingen språksamfunn er heilt utan kontakt med andre dialekter eller språk. I større eller mindre grad vil språkbrukarane ha kontakt med andre som snakkar på ein avvikande måte frå det dei sjølve gjer. Når dette skjer, vil ein akkommodera språket sitt, anten i retning av den framande dialekta for å visa nærleik (*konvergens*), eller i retning vekk frå den framande for å markera avstand (*divergens*). Når denne akkommodasjonen finn stad over lengre tid, blir dialektene anten meir homogene eller meir ulike kvarandre. Konvergens kan også føra til *grammatisk forenkling* av den opphavlege dialekta. Kerswill og Trudgill definerer omgrepet slik: “a decrease in irregularity in morphology and an increase in invariable word forms, as well as the loss of categories such as gender, the loss of case marking, simplified morphophonemics (paradigmatic levelling), and decrease in the number of phonemes” (Kerswill & Trudgill, 2005, s. 198).

I dagens samfunn kan dialekter også konvergera eller divergera til standardtalemålet i landet. Det er ikkje semje blant lingvistane om at Noreg har noko offisielt standardtalemål. Det er etter kvart godt dokumentert at mindre byar og bygder på Austlandet konvergerer mot dialekta i hovudstaden (Røyneland, 2005, s. 48-49). Gunnstein Akselberg har på si side hevda at dette fenomenet er mindre på Vestlandet enn på Austlandet, og meiner at akkommodasjonen i vest er ein vekselverknad mellom både bygdedialekter og dialekter i større tettstader og mellom dialektene og «standardspråket» (Akselberg, 2003, s. 221). Dersom fleire dialekter konvergerer mot same sentrumsdialekt og blir likare kvarandre i prosessen, vert det kalla *regional utjamning* eller *regionalisering*. *Nivellering* er eit nærskylt omgrep som inneber at dialekter som er i kontakt, får fleire trekk til felles (Akselberg i Mæhlum et al., 2008, s. 164). Regionaliseringsprosessane i Noreg har no vorte gjenstand for fleire studiar i dei siste tiåra.

Geografisk spreiiing inneber at eit språktrekk vil spreia seg frå ei kjeldedialekt til ei mottakardialekt. Det finst to sentrale teoriar om korleis slik spreiiing finn stad. Den eine, som vert kalla *bølgjeteorien*, forklarar spreiiinga ved at språktrekket spreier seg frå eit sentrum til omlandet rundt på same måten som ringar i vatnet spreier seg når ein stein har blitt kasta uti. Men då ein tenkte seg at det ofte kan vera større kontakt mellom to urbane sentrum enn mellom ein by og omlandet, vart det utvikla ein ny teori som lanserte omgrepet

sentrumshopping. Tanken er her at eit språktrekk vil gå frå tettstad til tettstad, gjerne frå ein større by til ein mindre tettstad, før det spreier seg til omlandet. Desse to teoriane kan utfylla kvarandre (Akselberg i Mæhlum et. al., 2008, s. 163). På same vis utgjer omgrepa *grammatisk forenkling*, geografisk spreining og regional utjamning ofte delar av same prosessen og kan påverka kvarandre gjensidig.

Når ein språkbrukar i ei dialekt har teke opp eit nytt trekk, er det fleire måtar innovasjonen kan spreiest til andre medlemmar av språksamfunnet på. Det kan gå etter bølgteorien og spreiest til andre språkbrukarar i samtida, og/eller det kan lærast opp over tid frå den unge generasjonen til den neste unge generasjonen via *incrementation* (Bøe, 2013, s. 59).

2.6. Nettverksteori og språkending

I den sosiale nettverksteorien, som er henta frå sosialantropologien, skil ein mellom opne og tette nettverk. Brit Mæhlum formulerer skilnaden slik:

«I et fellesskap med maksimal tetthet er det sosiale forbindelseslinjer mellom samtlige medlemmer i nettverket, dvs. at «alle kjenner alle». I et utpreget åpent nettverk, derimot, er det eneste som knytter de ulike personene sammen, at alle kjenner jeget» (Mæhlum, 2008, s. 117).

I tillegg er det slik at eit særpreg ved tette nettverk er *multiplekse samband*. Det vil seia at to medlemmar i nettverket kjenner kvarandre i fleire ulike roller; dei kan vera både kollegaer, naboar og slektningar samtidig. Slike samband har vore vanlege i rurale bondesamfunn, men også i tradisjonelle arbeidarklassestrøk, og inneber ofte eit umedvite press om å opptre konformt. Motsetninga er *uniplekse samband*, som er vanleg i opne nettverk. Dette inneber mindre konformitetskrav og dermed større variasjon i åtferd (Mæhlum, 2008, s. 117-118).

Hypotesen er at språkendingar difor spreier seg raskare i opne nettverk enn i tette:

«Milroy suggested that, in general – regardless of whether you are studying an innovation in speech or an innovation in technology – dense networks slow down or inhibit change. Researchers hypothesise that in dense networks members police each other's behaviour (consciously or unconsciously) because of the intensity of their contact. (...) Loose networks make individuals more open to change. The ties that the individual members have to other networks provide an opportunity for them to be exposed to and pick up innovations from outside their network» (Meyerhoff, 2011, s. 197).

Med andre ord: medlemmane i eit tett nettverk har sterkare medviten eller umedviten kontroll på kvarandre si språkføring, medan medlemmane i eit opnare nettverk lettare kan plukka opp innovasjonar utanfrå sitt eige nettverk utan at dette får sterke sosiale sanksjonar.

Dette fører oss til spørsmålet om kva type sosiale nettverk som finst i Ullensvang. I det tradisjonelle jordbrukssamfunnet har det truleg vore slik at bygdene og grendene i Ullensvang var prega av tette nettverk, der alle i grenda kjende kvarandre, og det var vanleg med multiplekse samband. Det talar til fordel for dette når fleire av informantane i aldersgruppe 0 og 1 fortel at dei har budd heile livet på den staden der dei vaks opp, for det inneber at heile deira sosiale nettverk ikkje kan strekkja seg særleg langt geografisk. Riktig nok seier Aasen at menn frå Hardanger reiste mykje med båt rundt om i distrikta og dreiv handel. Det var òg vanleg med omreisande handelskarar (Aasen, 1917, s. 50), og det kom ein del tilflyttande drenger og tauser utanfrå som gradvis tilførte nettverka nye medlemmar. Dagens eldre informantar fortel at det var vanleg praksis i fyrste halvdel av nittenhundretalet med tilreisande drenger og tauser på gardane. Mange kom frå Nordvestlandet eller Trøndelag og blei gjerne verande. «Det var jo par drenger og ei til to tauser, var det på gardane då når, når me vaks opp» (Informant nr. 1524).

Eitt informantpar frå vaksengruppa gjev uttrykk for at nettverka har endra seg frå deira barndom til 2014, og at det gir seg uttrykk i måten ein går på besøk til kvarandre på: «Men det var meir vanleg før òg at du fekk vera med. Så, så, for det var, alle kjende alle, sant, og då vert det på ein annan måte eller det er i dag» (Informant nr. 1523). Informanten som uttala dette, flytta ifrå ei mindre grend til ein større tettstad i heradet og opplevde ein kulturforskjell i naboskap mellom folk: «Her måtte du be folk for å koma på besøk» (1523). Slike «formelle» besøk kan vera eit symptom på at nettverka har vorte lausare. Slik vil det særleg vera i ein tettstad, for her kjenner to naboar kvarandre kanskje berre ved å vera naboar, og ikkje t.d. slektningar eller kollegaer i tillegg. I dei mindre grendene kan det derimot framleis vera vanleg med multiplekse samband også i dag.

Ein annan aukande tendens er at folk som arbeider i same bransjen kjenner kvarandre vel så godt som folk som bur i same bygda. Ein informant som er gardbrukar, seier at «Nei, for eg føler i grunnen at eg kjenner fruktbøndene, stort sett, over heile fjorden, og ... Kjenner nesten like godt dei på Lofthus som dei som bur på Nå» (Informant nr. 1533). Som me var inne på i førre kapittel er ein del av arbeidsstyrken i Ullensvang pendlarar, og dette utvidar deira sosiale nettverk ut av heradet. Alt dette tyder på at sambanda har vorte meir uniplekse med åra, og det

er eit teikn på opnare nettverk. Likevel kan ein trygt seia at på grunn av det moderate folketalet må nettverka bli tettare enn dei ein finn i større tettstader og byar. Dei unge informantane stadfestar at det framleis er slik at alle kjenner alle i bygdene i Ullensvang, men ein kan stilla spørsmål ved om det faktisk er slik at ein kjenner alle i bygda eller om det berre kjennest slik. Det er ikkje sikkert at dei unge meiner det same med «alle kjenner alle», som det ein gjorde i bygdesamfunna nokre generasjonar tidlegare. Men på den andre sida er det heller ikkje sikkert at alle faktisk kjende alle i sørfjordbygdene i gamle dagar heller, sjølv om folk kanskje følte det slik.

2.7. Sosiale nettverk og lokal tilknytning

Konnotasjonane dei unge knyter til at «alle kjenner alle», kan variera mellom gode og meir tvitydige. Det ser ut som at det er ein samanheng mellom kor godt ein person trivst med relativt tette sosiale nettverk i heimbygda, og om han eller ho kan tenkja seg å bu i nærområdet i framtida. Ein jenteinformant seier om heimbygda si: «Og det er både ulemper og bra ting med at det er så lite (...) Det negative er jo at det er lite, at alle kjenner alle. Og det er liksom ikkje noko shoppingsenter. At, det er jo både positivt og negativt at alle kjenner alle²». Denne informanten seier at ho har lyst til å reisa vekk for å studera, gjerne utanlands, men ser for seg moglegheita for å koma heim att. Ein guteinformant som me kan kalla «Alf» er derimot klår på at han ikkje kunne busett seg andre stader enn i Ullensvang. Her fortel han at han trivst i bygda si og slett ikkje kunne tenkja seg å bu i ein by:

«Det er ope. Og liksom, alle kjenner alle, liksom. Det er sånn [i heimbygda] iallfall. Der kjenner alle kvarandre. (...) I ein by så er det vanlegvis trongt etter mine auge, då. Så veldig trongt. Små leilegheiter og alt sånt. (...) Det er så bråkete i ein by i forhold til bygda.»

Digitale medium gjer det mogleg å opna opp sitt sosiale nettverk til heile verda, viss ein vil utvikla den sosiale omgangen sin medan ein framleis bur heime, og dette avslører ofte eit ynskje om eit større sosialt miljø. Ein tredje informant fortel at han jamleg har videosamtalar med datamotspelarar, t.d. frå Storbritannia: «nesten kvar dag så sit eg på Skype og snakkar med ein eller annan. Og spelar med dei og sånn. (...) Eg har jo videosamtalar med dei òg. Det er så fascinerande britisk dialekt.» Den same informanten seier òg at han gler seg til å koma

² Eg har valt å ikkje oppgje informantnummer her i denne bolken av omsyn til informantane.

vekk frå heimbygda: «Det er jo ein bra plass, då, men eg gler meg jo sjølvsagt til å koma ein annan plass. (...) Vert litt kjedeleg til slutt.»

Her kjem det fram at «Alf», som synest små og tette nettverk er bra, trivst godt i heimbygda, medan dei to andre, som har eit ynskje om å koma inn i eit opnare nettverk, ynskjer å flytta vekk, iallfall for ei stund. I doktoravhandlinga si kom Unn Røynealand fram til at desse faktorane også gav utslag for kva slags språklege val ungdommane tok:

«Ein analyse av dei unge rørosinformantane viser at variablane mobilitet, grad av urban eller lokal tilknytning og orientering og gruppetilhørsle er viktige sosiale dimensjonar og sterkt motiverande faktorar i forhold til den enkeltes språkval. Korrespondansekartet i punkt 9.3. nedafør viser ei klar polarisering mellom dei som vil flytte frå Røros, som er urbant orienterte og som er negative til heimstaden og til dialekten på den eine sida, og dei som vil bli, som er negative til det urbane, men positive til Røros og rørosdialekten på den andre» (Røynealand, 2005, s. 446).

Det er i størst grad ungdomsinformantane som har varierende sosial tilknytning, ettersom dei enno ikkje har teke valet om kvar dei skal busetja seg, medan alle dei eldre av ulike grunнар allereie har bestemt seg for å bli buande i Ullensvang. Denne oppgåva fokuserer ikkje på språkhaldningane til informantane, men det er greitt å ha sosial tilknytning i minne når ein seinare ser på korleis særleg dei yngste informantane vel ulike språklege variantar.

2.8. Bevisste språkhaldningar

Som eg nemnte i førre kapittel, vart ungdomsinformantane spurde om kva dei rekna som nærmaste by og om kva for dialekter dei likte. Grunnen til det var at eg ville læra noko om deira bevisste, og kanskje ubevisste språkhaldningar. Haldningane ein har til kva som er ein by kan også seia noko om kvar ein synest det er urbant og attraktivt å bu eller jobba. Odda, Voss og Haugesund vart trekt fram. Men alle ungdomsinformantane eg spurde om dialekt, syntest at den beste dialekta var deira eiga, og likte den betre enn dialekta i både Odda og Bergen. Ein informant omtalte oddamålet slik: «Det er sånn dialekt som kom med industrien, og sånn bokmålblanding-aktig. Det er rar dialekt, eigentleg». Slike språkhaldningar kan vera styrande for korleis ein sjølv snakkar til ei viss grad, men dei vil ikkje alltid samsvara med dei ubevisste haldningane.

Ullensvang ligg i eit område som er omgitt av mykje vakker natur, og dette har ei sterk påverknadsevne på innbyggjarane som bur der. Når eg spurde informantane om kva dei ville nemna av positive ting med å flytta til Ullensvang, valde dei fleste å trekkja fram «den fine naturen». Ein vaksen informant fortalde til og med om ei sterk naturoppleving som den avgjerande augneblinken då ho bestemte seg for å bli buande på heimstaden og tenkte: «Nei, dette skal eg ikkje flytta ifrå». Dersom ein skal bu i Ullensvang, er det ein naturleg konsekvens å identifisera seg med naturen der. Det er også noko tidlaust ved store fjell og ein djup fjord som gjer at ein kan tenkja seg at ein lever med den same utsikta som mange generasjonar tidlegare har gjort. Kva slags konsekvensar gjev natur og omgjevnader i språkbruken? Unn Røynealand skriv:

«Den temporale dimensjonen er såleis også ei sentral side ved staden. Staden er ei scene, ei erfarings- og referanseramme vi deler med fortida. Staden representerer på den måten kontinuitet og er ein formidlar av tradisjon. (...) Den dialekten som opphavleg er knytt til ein bestemt stad eller lokalitet vil (...) ha eit vesentleg potensiale i å stå fram som det språklege uttrykket for denne kontinuitets-, ektheits- og tradisjonsdimensjonen ved staden» (Røynealand, 2005, s. 130).

Dersom Røynealand har rett i dette, kunne ein tenkja seg at det ville gje eit konservativt ullensvangsmål ein høg status i området blant dei som vil bli buande der.

2.9. Tidlegare forskning

2.9.1. Sosiolingvistikk i Jondal

Jondal kommune er nabokommunen til Ullensvang. I motsetning til dialekta i Ullensvang har ikkje Jondal tradisjonelt hatt diftongering av norrøn lang á, og jondølene uttalar dermed t.d. substantivet *båt* /bɔ:t/. I 1999 leverte Trude Toreid inn si hovudoppgåve om dialekta i Jondal. Ho gjev eit fint oversyn over den historiske utviklinga som har gått føre seg i Jondal, og kva for språkleg innverknad dette har ført med seg. Jondal har, nett som Ullensvang, gått frå å vera eit einsretta bondesamfunn på 1800-talet til i dag å vera ei samling med moderne bygder og tettstader der jordbruket har mindre plass. Med bondesamfunnet forsvann ei rekkje gamle ord og uttrykk som ein no har lite bruk for, radio og fjernsyn har kome inn som språklege påverknadskrefter, og reisetida har blitt kraftig korta ned dei siste generasjonane. Dette medfører at ein i 1990-åra kunne ta seg ein dagstur til Bergen frå Jondal etter arbeidstid, noko som ville vore umogleg førti år tidlegare. Med betra samferdsle er dette no også mogleg frå

Ullensvang. Toreid nemner òg at dei kommunale tenestetilboda i Jondal vart kraftig utbygde frå 1960-talet til 1990-talet, noko som har ført med seg mykje tilflytting av utdanna folk (Toreid, 1999, s. 98).

Toreid set opp mot kvarandre tettstaden Jondal og den meir landbruksdominerte Krossdalen og gjer ei kombinert kvantitativ / kvalitativ undersøking av dialekta hjå ungdommar, vaksne og eldre på dei to stadene i begge kjønna. Den kvalitative tilnærminga kjem inn i biletet når ho allereie har gjort kvantitative analysar i tre ulike aldersgrupper, og ho finn markante forskjellar innanfor ungdomsgruppa. Ho vel difor å gjera kvalitative forskingsintervju med ungdommane for å kartleggja dei språklege strategiane deira. Ho undersøker sju variablar som alle går på palatalisering av velare konsonantar, segmentering, differensiasjon og assmiliasjon av nd / ld. To av desse dialektdraga vert synleggjorde i tittelen på oppgåva hennar: *Frå badnahagje til barnehage*. Ho har tretti tilfeldig utvalde informantar, men set krav til dei at minst éin av foreldra må koma frå Jondal i tillegg til at dei skal vera oppvaksne i undersøkingssområdet og framleis bu der (Toreid, 1999, s 43). Toreid meiner at om ein informant har éin forelder som er innflyttar i Jondal, kan det ha stor innverknad på det språket informanten nyttar (Toreid, 1999, s. 43). Toreid stadfestar hypotesen sin om at krossdølane har fleire tradisjonsvariantar, som ho kallar det, enn dei som kjem frå tettstaden Jondal, men i den yngste aldersgruppa finn ho ingen skilnad på Jondal og Krossdalen. I tillegg får ho høgare treff på dei tradisjonelle variantane hjå både dei eldre (77 %) og midtgruppa (73 %) enn hjå dei yngre (27 %). Ein av informantane hennar uttalar at ho ville føla seg «heilt dum» viss ho sa ting som /fĩʂjen/ og /bɛɲcçɛn/, og at ingen på hennar alder heller seier det (Toreid, 1999, s. 94).

I og med at Trude Toreid si oppgåve ikkje er reint kvantitativ, gir ikkje dei språklege funna hennar i Jondal sterke peikepinnar på kvifor endringane har skjedd. Forfattaren oppsummerer sjølv nokre eigne påstandar rundt dette i ein bolk heilt til slutt under overskrifta «sluttord». Ho dreg her m.a. fram språkbrukaren sitt ønske om konformitet, og påverknadskrafta i sentrumsmåla. For Toreid sitt vedkomande er sentrumsmålet bergensk. Ho ser ut til å tolka språkendinga i Jondal som bergenske former på veg inn (Toreid, 1999, s. 97), endå mangelen på differensiasjon, segmentering og palatalisering ikkje nødvendigvis treng å koma frå Bergen. Dei same endringane som Toreid oppdagar i Jondal, skjer òg i vossamálet, ifølgje Gunnstein Akselberg. Sjølv om talemålsendingar på Voss gjerne vert kalla for bergenske trekk av vossingane sjølve, understrekar han likevel at mange typiske bergensformer *ikkje*

spreier seg til Voss, t.d. e-infinitiv, monoftonguttale, ikkje-omlydde former, tokjønnsystem og preteritum på –et. Han skriv: «På Voss spelar derimot karakteristiske talemålstrekk i bergensdialekten lita eller inga rolle. (...) Talespråklege regionaliseringsprosessar sett i høve til bergensmålet i eit urbant særtrekksperspektiv er meir eller mindre ikkje-eksisterande» (Akselberg i Akselberg et. al., 2003, s. 218).

2.9.2. Dialekta i Odda og Tyssedal

Dei norske industristadene er framifrå eksempel på at språket kan bli kraftig endra av sterk tilflytting. Helene Hildremyr si komande doktoravhandling og Randi Ødegård si masteroppgåve om ungdomsspråket i Odda og Tyssedal er dermed svært interessante for mitt vedkomande. Industrimåla i Tyssedal og Odda har den dag i dag markante forskjellar seg i mellom. Tyssedal var opphavleg ei lita bygd som fekk overvekt av austlandske innflyttarar, og dialekta her blir i dag kjenneteikna av markørorda /jæi/ og /ikɛ/, infinitivs- og hokjønnsendingar på –e og monoftongar i nokre ord. Oddamålet har derimot behalde /ɛ:g/ og /içɛ/, a-endingar og breie diftongar. Dette kjem delvis av at Odda var ein større tettstad enn Tyssedal ved starten av industriutbygginga, men også av at innflyttarane til Odda hadde eit meir spreitt opphav med overvekt frå Vestlandet (Sandve, 1976, s. 18-23, 171-172, Ødegård, 2013, s. 8). Slike dialektmerke gjer at tyssedølene i dag kallar oddamålet for «meir nynorsk», og omvendt kallar oddingane språket i Tyssedal for «meir bokmål» (Ødegård, 2013, s. 71).

Ødegård samanliknar sine resultat med ei oppgåve som vart gjort om industrimålet av Bjørn-Harald Sandve i 1976. Sandve meinte å sjå at det gjekk mot språkleg utjamning mellom tyssedalsmålet og oddamålet (Sandve, 1976, s. 179). Han såg tendensar til at dialekta i Tyssedal ville endra seg mest ettersom oddamålet var det største av dei to (Sandve, 1976, s. 175). Ettetida har prova at Sandve hadde rett til ei viss grad. Dialekta i Tyssedal har endra seg meir mot oddamålet enn omvendt, men undersøkinga til Ødegård viser at det er framleis lett å sjå skilnader mellom dei to dialektene; det har skjedd ei tiljamning meir enn ei utjamning. Randi Ødegård meiner sjølv at endringane ein ser i tyssedalsmålet, er uttrykk for at dialektene i regionen nærmar seg Odda som regionssenter, sjølv om ho ikkje har meir forskning til å støtta opp om påstanden (Ødegård, 2013, s. 78-79).

For ein person frå Ullensvang, kan det vera overraskande å tenkja på oddamålet som «meir nynorsk», av di det der er vanleg å tenkja også på oddamålet som *bokmål* i forhold til heimdialekta, (jamfør siste sitatet i kap. 2.8).

2.10. Grammatikkskisse over ullensvangmålet

2.10.1. Fonologi

2.10.1.1. Vokalfonema

Ullensvangmålet er eit sørvestlandsk a-mål, der både verb i infinitiv og svake hokjønnsord i ubestemt form alltid får /a/ som endevokal: det heiter *å lesa* /le:sa/ og *ei jente* /ai jenta/. I boka *Hardingmålet* skriv Botolv Helleland at ein tradisjonelt hadde elleve lange og elleve korte vokalfonem. Truleg får dei korte fonema ein noko opnare uttale enn dei lange, men det ser eg bort ifrå i denne framstillinga.

Kort	a	e	i	u	ʉ	ɥ	ɣ	ɤ	ø	ɔ
Lang	a:	e:	i:	u:	ʉ:	ɥ:	ɣ:	ɛ:	ø:	ɔ:

Tabell 6: Vokalfonema i det tradisjonelle ullensvangmålet.

	Framre	Midtre	Bakre
Trong	i / y	ʉ	u
Nær halvtrong	e / ɤ		ɥ
Halvtrong	ø		
Halvopen	ɛ		ɔ
Open		a	

Tabell 7: Vokalane i det tradisjonelle ullensvangmålet etter tungeplassering i munnhola.

Minimale par (basert på Helleland i Opedal, s. 246)

Kort vokal		Lang vokal	
[nyt]	nytt, (adj., nøytr. av ny)	[hy:l]	hyl (subst., n., skrik)
[lyt]	lydt, (adj., nøytr. av lyd)	[hɥ:l]	høl (subst., m., kulp)
[røt]	røtt, (vb, pp av å røta)	[ø:l]	øl (subst., n., drikke)
[būt]	rutt, (vb, pp av å bu)	[lʉ:t]	lut (subst., m., væske)
[bɥt]	rutt, (subst, m., ein dunk)	[lɣ:t]	lut (subst., m., del)
[røt]	rott, (vb, pp av å ro)	[rʉ:t]	rot (subst., f., plantedel)
[rɔta]	rotte, (subst, f., gnagar)	[rɔ:t]	ròt (subst., n., røte)
[rat]	ratt, (subst, n., styrehjul)	[la:t]	lat (adj.)
[sit]	sidt, (adj, nøytr. av sid)	[tʁi:]	tre (talord)
[set]	sett (verb, pp av å sjå)	[tʁe:]	tre (subst, n., plante)
[set]	sett (verb, pp av å setja)	[tʁe:]	træ (verb, inf.)

Tabell 8: Minimale par med monoftongane i det tradisjonelle ullensvangmålet.

Fonemet *ù*, (transkribert som /*ʊ*/ i tabellane), er ein vokal som særpregar tradisjonelt mål i Hardanger og Voss. Han er også kjend som *vossa-u*. Av di vokalkvaliteten kan variera, er ikkje lyden heilt enkel å setja i system. Botolv Helleland skildrar han som «ein open u-lyd som hallar mot o, i trykklett staving til dels mot å i Kinsarvik og Ullensvang» (Helleland i Opedal, 2005, s. 245). Denne hallinga mot ein /*ɔ*/ eller mot ein /*ʊ*/ hjå ulike dialektbrukarar, kan høyrast på eldre dialektopptak, men vokalen er i alle tilfelle både bakre og runda. Når eg transkriberer vokalen i lydskrift, har eg valt å bruka transkripsjonen /*ʊ*/ der teiknet under indikerer ein lågare uttale av /*ʊ*/. Sidan lyden i røynda ikkje kan transkriberast så presist som dette, nyttar eg teiknet *ù* om fonemet når eg ikkje skriv lydskrift. Elles er /*ɥ*/ ein mellomlyd mellom /*ø*/ og /*y*/, og /*e*/ vert uttala trongt, så han nærmar seg /*i*/.

Ullensvangmålet har fire diftongar: /*aʊ*/, /*ai*/, /*ɔi*/ og /*ɛʊ*/. Desse har målføret også til felles med vossamålet og kan alle realiserast som lange eller korte. Dei korte og lange realisasjonane er her viste i minimale par. I den fyrste tabellen er dei minimale para mellom kort og lang diftong, i den andre tabellen er det eitt minimalt «fire-par» for dei korte diftongane og eitt for dei lange.

Kort diftong		Lang diftong	
/vaʊt/	Vått (adj., nøytrum av våt)	/vaʊ:t/	Våt (adj., fem.)
/lait/	Leitt (pp av å leita)	/lai:t/	Leit (verb, imperativ)
/brɔit/	Brøytt (pp av å brøyta)	/brɔi:t/	Brøyt (verb, imperativ)
/flɛʊt/	Flautt (adj. nøytrum av flau)	/flɛʊ:t/	Flaut (verb, pret. av å flyta)

Tabell 9: Minimale par mellom kort og lang diftong.

Kort diftong		Lang diftong	
/kaʊt/	Rått (adj., nøytrum av rå)	/maʊ:ɾ/	Mår (subst., m)
/kai:t/	Reitt (pp av å reia)	/mai:ɾ/	Meir (adverb)
/kɔit/	Røytt (pp av å røyta)	/mɔi:ɾ/	Møyr (adjektiv, fem.)
/kɛʊt/	Raudt (adj., nøytrum av raud)	/mɛʊ:ɾ/	Maur (subst., m.)

Tabell 10: Minimale par etter dei ulike diftongane.

Diftongen /*aʊ*/ kjem opphavleg av ord som hadde lang /*á*/ i gamalnorsk. Ordet *bát* heitte på gamalnorsk *bátr*. Den lange a-en har sidan diftongert seg og blitt til /*baʊt*/. Årstida *vár* heitte på gamalnorsk *vár*, og det har sameleis blitt til /*vaʊɾ*/. Halldor O. Opedal skriv at denne diftongen vart brukt i dei gamle hardangerherada Odda, Ullensvang, Kinsarvik, Eidfjord, Ulvik, Granvin og Kvam, (Opedal, 2005, s. 221) men ikkje i Jondal, Strandebarm og på Varaldsøy. Dette tyder på at denne fonologiske overgangen har vore verksam i heile mitt undersøkingsområde, men eit av områda som i nyare tid kan ha erstatta /*aʊ*/ med /*ɔ*/, er den delen av Ullensvang som grensar mot Jondal, nemleg Vines skulekrins. Opedal siterer ei kone frå Alsåker fødd i 1878 som seier at «no hev nokre av dei unge teke til å bruka å» (/*ɔ*/) (Opedal, 2005, s. 226).

2.10.1.2. Skilnad mellom vokalsystemet i eldre og yngre mål

Mange yngre dialektbrukarar brukar ikkje lenger diftongen /aʊ/. Dei andre diftongane er ofte ikkje så breie som tidlegare³, til forskjell frå dei yngre i Odda som held på breie diftongar. I tillegg er fonema /ɤ/ og /ʊ/ borte hjå mange yngre, og ein har fått samanfall mellom /ɛ/ og /e/. Samanfallet fører til at e-en i pronomen som *me* og *de* vert uttala noko lågare enn i tradisjonelt mål og at ein ikkje lenger kan skilja mellom uttalen av substantivet *tre* og verbet *å træ*, eller mellom fleirtal i ubestemt og bestemt form av inkjekjønnsstavn som *eple* (jf. Helleland i Opedal, s. 242-243). For å få fram skilnaden må dei unge då ta inn ei ny fleirtalsending i inkjekjønn. Eg har sjølv fått samanfallet, og i mitt tilfelle er den nye endinga *-ne*.

Basert på eiga erfaring med dialekta, trur eg at /ɤ/ har falle saman med /ø/ og /ʊ/ med /ɔ/. Substantivet *ei fluge*, som vart uttala med *ù* i eldre mål, har fått /flɔ:ga/ som vanleg uttale hjå yngre. Adverbet *mykje*, som vert uttala /mɤ:çɛ/ i eldre mål, vert hjå yngre ofte uttala /mø:çɛ/. Tendensen⁴ eg ser er altså ei lågning av vokalane. Mange yngre har også fått inn ein open, framre /æ/ som fonem, t.d. i adverb som *her* og *der*, /hæ:ɐ/, /dæ:ɐ/, og det kan òg få kort uttale i mange engelske framandord, slik som substantivet *bag*, /bæg/ eller datamerket *Mac* /mæk/. Det yngre vokalsystemet vert ikkje utforska grundigare i denne oppgåva.

Det er det tradisjonelle ullensvangmålet som vert skildra vidare i grammatikkskissa. For å vera konsekvent har eg også valt å leggja notasjonen min til det tradisjonelle systemet gjennom heile oppgåva.

2.10.1.3. Konsonantfonema

	Labial	Alv.	Postalv.	Palatal	Velar	Uvular	Glottal
Plosiv	p / b	t / d			k / g		
Affrikat				ç̥ / ç̈			
Frikativ	f	s	ʃ	ç / j		ʁ	
Trille						ʀ	
Nasal	m	n			ŋ		
Approks.	v			j			h

Tabell 11: Konsonantfonema i Ullensvangmålet.

³ Ei kvinne frå austsida (f. 1983) har fortalt meg at ho blei erta av jamaldringane sine i oppveksten fordi ho uttalte tradisjonelle breie diftongar, som i /hɔ:ga/ mot nyare /hœvga/ (*å høyra*).

⁴ At /ɤ/ fell saman med /ø/ er også kjent frå dialektene på Varaldsøy, Jondal og Strandebrarm (Helleland i Opedal, 2005, s. 245).

Dialektene i Hardanger har segmentering og differensiasjon av gamal /ll/ og /nn/, og differensiasjon av /rn/ og /sl/ i trykkting posisjon. Segmentering ser me i uttalar som *kalla* (inf). /kadla/ og *stein* /staidn/, (av norrønt *stainn*). Differensiasjon, det at to tonem vert meir ulike kvarandre, ser me i ord som *bjørn* /bjødn/, og *hassel* /hatl/, men ein seier ikkje */bjødnadne/ for *bjørnane* (av norrønt *bjørnarnir*), sidan posisjonen her er trykklett. Her har dialekta uttalen /bjødnane/.

Ein reknar med at alveolar trille, /r/, vart nytta i heile Hardanger for to-tre hundreår sidan, men allereie i 1844 observerte Ivar Aasen velar eller uvular r i Hardanger: «r bliver i en Deel af Distriktet (Ullensvang) udtalt under Ganen, næsten ligesom i Bergen og andre Byer» (Aasen, 1995, s. 99). Fremre /r/ kan ikkje høyrast på nokon av informantane frå Ullensvang, men han eksisterer enno blant eldre folk i nabokommunane, t.d. i Eidfjord, Ulvik og delar av Jondal. Krossdalen i Jondal, som hadde mykje samband med vestsida av Sjørfjorden over fjellet, har også gjennomført bakre r-uttale i dag, i motsetnad til Jondal elles (Toreid, 1999, s. 9). Dette tyder på at også vestsida fekk bakre r relativt tidleg. Botolv Helleland meiner at den uvulare trillen er eldre i Ullensvang enn velar frikativ: «I Sjørfjorden har dei frå gamalt ein r som vert uttala bak i munnhola ved at drøvelen vibrerer, det ein kallar uvular r» (Helleland i Opedal, 2005, s. 244). Fleire av mine informantar frå Ullensvang nyttar både uvular trill, /R/, og uvular frikativ, /ʁ/. Eg har difor her teke med begge lydane i oppsettet for ordens skuld, men nyttar frikativen i seinare oppstillingar og eksempelord.

Sj-uttalen i Ullensvang, som i *skjorte* eller *skjørt* er med palatal /s/ i følgje Helleland (Helleland i Opedal, 2005, s. 248). Dette er eit døme på palatalassimilasjon, dvs. at den alveolare s-en blir palatalisert når han blir uttala rett før ein palatal /ç/ eller /j/.

I tradisjonelt sjørfjordmål held både /k/ og /g/ seg etter velar nasal, til dømes i /sɛŋg/ og /bɛŋk/. Dersom ein bøyer desse orda i bestemt form eintal, vil /g/ og /k/ på grunn av morfofonologisk regel 1 (sjå dette) verta palataliserte, og dei dreg med seg nasalen føre i prosessen. Me får dermed *benken* /bɛŋçɛn/ og *senga* /sɛŋjɛ/, likeeins som adverbet *lenge* får uttalen /lɛŋjɛ/. Eldre informantar nyttar /ç/ ikkje berre i innlyd, men også i framlyd, t.d. *kjepp*, /çɛp/ og *tjøre* /çø:ɤa/, men reint frikativ uttale med /ç/ har også vorte vanleg her. Det same skjer i innlyd etter /k/ når velarane vert palataliserte etter Mf1 (sjå dette). /k/-en går ikkje alltid over til affrikaten /ç/, men blir stundom uttala med /ç/. t.d. *bakke*, [ba çɛ] / [baçɛ] og *lake*, [la: çɛ] / [la:çɛ]. Når Mf1 slår inn etter /g/ t.d. i *egga* (bestemt form av ei egg) og *begge* har

eldre informantar ikkje alltid affrikat uttale, [eʝjɛ] og [bɛʝjɛ], men nyttar stundom ein lang stemt palatal frikativ, dvs. [eje] og [beje]. /j/ er derfor teken med i fonemoppstillinga, trass i at han ikkje vert nemnt av Helleland. Ei liknande utvikling frå affrikat til palatal uttale er også observert på Jæren (Bøe, 2013, s. 78-79) Når /g/-en kjem etter lang vokal i ullaensvangmålet, resulterer palataliseringa derimot i /j/, som i *hage* /ha:je/. (Sjå regel Mf1 nedanfor).

2.10.1.4. Fonologiske reglar

Fonologisk regel 1: Diftongering av lange vokalar. Lang /i:/, /u:/, /o:/ og /y:/ vert i dialekta uttala svakt diftongisk [ei], [œ], [ɔʊ] og [ey]. Døme: *å bita* → [b ei:ta], *sola* → [s ɔʊ:lɛ], *ei skute* → [sk œ:ta], *ei kyr* → [çey:ɾ].

Fonologisk regel 2: Assimilasjon av differensiasjon. Ord som vert uttala med /dn/, /dl/ og /tl/ i trykktung staving misser differensiasjonen når dei vert plasserte rett bakom ein konsonant. T.d.: *korn* /kɔdn/ men *kornband* /kɔnband/, *garn* /ga:dn/, men *eit garnnøste* /ga:nyste/ (Helleland i Opedal, 2005, s. 244).

Fonologisk regel 3: Assimilasjon av segmentering. Ord som vert uttala med /dl/ og /dn/ i dialekta, misser segmenteringa når dei vert plasserte rett bakom ein konsonant, t.d. *fjell* /fjɛdl/ men *fjelltopp* /fjɛltɔp/, *hylla er full* /hydlo ε fɔdl/ kontra samansetninga *fullgod* /fɔlgɔ:/, dyret *rein* /vaidn/, kontra *reinsdyr* /vainsdy:r/ (Helleland i Opedal, 2005, s. 244).

Fonologisk regel 4: Avstemming. /g/ vert til /k/ og /v/ vert til /f/ før ustemt konsonant. Døme: *ein høg mann* /ain hø:gɔ man/, men *eit høgt fjell* /ait hø:kt fjɛdl/. *Liv* /li:v/ vert til *livstid* /lifsti:/.

Morfofonologisk regel 1: Palatalisering av velarar. Trykklett /k/ går over til /ç/, trykktung /k/ går over til ʈç/ trykklett /g/ går over til /j/, trykktung /g/ går over til /j/ eller /j̃/, /sk/ går over til /sj/, /ŋg/ går over til /ŋj/, /ŋk/ går over til /ŋç/. Dette skjer framfor endingane i:

a) Sterke hankjønnsord i ar-klassen i bestemt form, eintal: *ein dag*: /da:g/ → /da:jen/, *ein fisk*: /fisk/ → /fijsjen/.

b) Sterke hokjønnsord i er-klassen i eintal bestemt form og fleirtal i både bestemt og ubestemt form. T.d. *ei sag* /sa:g/ → /sa:je/ → /sa:jɛɅ/ → /sa:jɛna/. *Ei sak*: /sa:k/ → /sa:çɛ/ → /sa:çɛɅ/ → /sa:çɛna/. *Ei seng* /sɛŋg/ → /sɛŋje/ → /sɛŋjɛɅ/ → /sɛŋjɛna/. *Ei helg*: /hɛlg/ → /hɛlje/ → /hɛljer/ → /hɛljɛna/.

- c) Innkjønnsord i 0-klassen i bestemt form eintal og fleirtal. *Eit berg*: /bɛɾg/ → /bɛɾje/ → /bɛɾg/ → /bɛɾje/. *Eit tak*: /ta:k/ → /ta:çɛ/ → /tɔ:k/ el. /ta:k/ → /tɔ:çɛ/ el. /ta:çɛ/.
- d) Sterke hankjønnsord av –er-klassen i eintal bestemt form og fleirtal, begge former: *Ein benk*: /bɛŋk/ → /bɛŋcɛn/ → /bɛŋcɛs/ → /bɛŋcɛna/. *Ein dreng*: /dɾɛŋg/ → /dɾɛŋjen/ → /dɾɛŋjes/ → /dɾɛŋjena/. *Ein vegg*: /vɛg/ → /vɛjjen/ → /vɛjjes/ → /vɛjjena/. *Ein sekk*: /sɛk/ → /sɛ cɛn/ → /sɛ cɛs/ → /sɛ cɛna/. *Ein belg*: /bɛlg/ → /bɛljen/ → /bɛljes/ → /bɛljena/.
- e) Svake hankjønnsord i eintal, bestemt og ubestemt form: *Ein bakke*: /ba cɛɛ/ → /ba cɛn/ → /bakas/ → /bakane/. *Ein boge*: /bɔ:je/ → /bɔ:jen/ → /bɔ:gas/ → /bɔ:gane/.
- f) Adjektiv som har samanheng med sterke verb, i eintal, alle kjønn: t.d. *vaken, hankjønn*: → /va:çɛn/, *hokjønn*: → /va:çɛ/, *inkjekjønn*: → /va:çɛ/, men *fleirtal hann/inkjekjønn* → /va:kne/ og *hokjønn* /va:kna/. *Teken, hankjønn*: → /te:çɛn/, *hokjønn*: → /te:çɛ/, *inkjekjønn*: → /te:çɛ/, men *fleirtal hann/inkjekjønn* → /te:kne/ og *hokjønn*: /te:kna/.
- g) Adjektiv som står til hankjønnsord i eintal, bestemt form eller som står til hankjønnsord og inkjekjønnsord i fleirtal. Døme: *den spreke guten* /dan spɛ:cɛ gʊ:ten/, men *den spreke jenta* /dan spɛ:ka jɛntɔ/ og *det spreke barnet*, /da spɛ:ka ba:dne/. *Høge hus* /hø:je hʊ:s/, *høge murar* /hø:je mʊ:ras/, men *høge flasker*, /hø:ga flaskʊs/.
- h) Ein del verb i infinitiv, alle supinumsformer, men ikkje i presens og/ eller preteritum. Døme: *Leggja, legg*: /lɛjja - lɛgʊ/, *setja, set*: /sɛ cɛa, se:tʊ/, *fylgja, fylgjer*: /fylja, fy:lʊ/, *å hengja, hengte*: /hɛŋja, hɛŋte/, *å tenkja, tenkte*: /tɛŋcɛa, tɛŋkte/, men og: *å henga, hang, har hange*: /haŋga, hek, hɔŋje/.

Morfofonologisk regel 2: Vokalkorting i stammeutlyd. Trykkung vokal i stammeutlyd vert forkorta når han kjem rett framfor endingar med /d/ eller /t/. Dette gjeld både monoftong og diftong. Døme: *trur – trudde*: /tɾʊ:ɾ - tɾʊ:de/. *når – nådd*: /naʊ:ɾ - naʊd/.

Syntaktisk-fonologisk regel 1: Bortfall av utlyds-r framfor konsonant. Når /r/ står som siste fonem i ei ending, t.d. i verb i presens eller substantiv i ubestemt fleirtal, blir han svekka og kan falla heilt bort når det etterfølgjande ordet startar på konsonant (jf. Sandøy, 1996, s. 218). Døme: *Det kostar pengar*: /da kɔsta pɛŋgʊs/. *Det ligg bøker på bordet* /da ligʊ bø:kʊ pʊ bɔ:ɾɛ/.

Syntaktisk-fonologisk regel 2: Vokalbortfall i utlyd. Utlydande trykklett /e/, /ɛ/ og /ʊ/ kan falla bort framfor ord som begynner på vokal (jf. Sandøy, 1996, s. 60). Dette kan til dømes råka svarabhakti-vokal i sterke verb og i presensformer.

Døme: *Lykta lyser ikkje sterkt nok* - /lykte ly:s icçe stært nøk/. *Eg kjem i hug han far* – /
εg c̥çem i h̥ʊ:g an fa:ʌ/.

Syntaktisk-fonologisk regel 3: Vokalbortfall i utlyd mellom to nærliggjande konsonantar. Utlydande trykklett /ε/ og /ʊ/ kan falla bort når han kjem mellom to konsonantar som har same uttalestad. Dette skjer særleg i rask tale.

Døme: *Lommebok* /lombʊ:k/. *Vert det ikkje det?* /vætacçe daʔ/. *Me sit no der* /me se:tnʊ da:ʌ/.
Eg kjem meg inn /εg c̥çe:mεg in/.

2.10.2. Morfologi

2.10.2.1. Substantivbøying

Fellesnemnaren for alle bøyingsklassane for hankjønnsord og hokjønnsord i sørfjordsdialekta, er at dei held på ståande -r i ubestemt fleirtal. Dette trekket har Indre Hardanger til felles med Ryfylke og Austlandet, men ikkje med Ytre Hardanger og Voss.

Allereie i 1844 skreiv Ivar Aasen om dialekta i Hardanger at «Substantiverne have sædvanlig kun fire Former, som i det Indresognske, da Dativformen ikke bruges uden alene i Fleertallet af nogle faa Ord» (Aasen, 1999, s. 100) i Hardanger. Eg har ikkje registrert dativ hjå nokon av mine informantar, men det finst dativrestar i stadnamn som Hauso, Børvenausto (dativ fleirtal) og Odda (dativ eintal av svakt hankjønn).

Ullensvangmålet har eit rikt system for substantivbøying. Det kan alltid diskutierast kor mange klassar ein skal dela inn substantivbøyinga i, men i denne framstillinga er det nytta til saman tolv bøyingsparadigme, fire for kvart kjønn. Det er føremålstenleg å skilja mellom svake og sterke substantiv for alle kjønn, då det er vesentlege skilnader mellom dei. Kriteriet for ei svak klasse er då at orda får ein trykklett –e eller -a-utlyd i ubestemt form eintal. Det finst fleire ord som er avvikarar frå bøyingsmønstra i tabellen under, men dei er ikkje tekne med av di dette er meint som ei oversikt over dei vanlegaste mønstra. Tabellen kan jamførast med Botolv Helleland si framstilling i *Hardingmålet*, der han oppsummerer bøyingsystemet slik: «I tradisjonelt mål vekslar den bundne fleirtalsforma mellom –ena/-ùna/-ane/ etter vokalen framanfor, såleis –na etter –e/-ù og –ne etter –a. I yngre mål er det ein tendens til utjamning til –ane og -ene» (Helleland i Opedal, 2005 s. 241).

Bøyingsklasse	Eintal		Fleirtal	
	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>	<i>Ubestemt</i>	<i>Bestemt</i>
Sterk mask. ar-kl.	/ain bi:l/	/bi:len/	/bi:laɤ/	/bi:lane/
Sterk mask. er-kl.	/ain gɔi:s/	/gɔi:sen/	/gɔi:sɛɤ/	/gɔi:sena/
Sterk mask. omlydskl.	/ain nagl/	/naglen/	/neglɔɤ/ el. /-ɛɤ/	/neglɔna/ el. /-ɛna/
Svake maskulina	/ain gɤanɛ/	/gɤanɛn/	/gɤanaɤ/	/gɤanane/
Sterk fem. ar-kl.	/ai ɛlv/	/ɛlvɛ/	/ɛlvɛɤ/	/ɛlvane/
Sterk fem. er-kl.	/ai sjai:/	/sjai:ɛ/	/sjai:ɛɤ/	/sjai:ena/
Sterk fem. omlydskl.	/ai stɔɔnd/	/stɔɔndɛ/	/stɔɔndɔɤ/ el. /-ɛɤ/	/stɔɔndɔna/ el. /-ɛna/
Svake feminina	/ai vi:sa/	/vi:so/	/vi:sɔɤ/ el. /vi:sɛɤ/	/vi:sɔna/ el. /-ɛna/
Sterk nøytr. 0-kl.	/ait hɔ:s/	/hɔ:se/	/hɔ:s/	/hɔ:sɛ/
Sterk nøytr. dna-kl.	/ait kne:/	/kne:ɛ/	/kne:/	/kne:dna/
Svak nøytr. e-kl.	/ait ɛple/	/ɛplɛ/	/ɛple/	/ɛplɛ/
Svak nøytr. a-kl.	/ait ɛu:ga/	/ɛu:ga/	/ɛu:gɔɤ/ el. /-ɛɤ/	/ɛugɔna/ el. /-ɛna/

Tabell 12: Bøyingsklassane for substantiv i Ullensvangmålet.

På Hovland, aust for fjorden, om lag to mil nord for Odda, renn elva Vendo ned frå fjellet og ut i Sørfjorden. Vendo utgjer ein *isogloss* på austsida av fjorden (Opedal, 2005, s. 226). I den delen av Ullensvang som ligg sør for elva, og i det førindustrielle oddamålet, ville ein bøya t.d. dei svake hokjønnsorda etter mønsteret /jɛntɛɤ/, /jɛntɛna/ i fleirtal, men nord for elva vart dei bøygdde som /jɛntɔɤ/, /jɛntɔna/. Ein eldre informant opplyser at den same isoglossen har gått ved berget Hunstigen på vestsida, (sjå figur 12). Bleie, som var fyrste garden nordom berget, hadde hokjønnsendinga -ùr. Området sør for Vendo og Bleie i mitt undersøkingsområde er mindre enn ei mil på kvar fjordside. Bøyingsparadigmet med ùr-ending er altså tradisjonelt den vanlegaste forma i Ullensvang herad, men eg tek likevel med er-endinga i oppstillinga mi. Dette skiljet dukkar også opp i omlydsklassen av sterke hankjønnsord, omlydsklassen av sterke hokjønnsord og a-klassen av svake inkjekjønnsord, (sjå tabell 12).



Figur 12: Isoglossen. Elva Vendo renn ned i fjorden frå aust, tvers overfor Bleie.

2.10.2.1.1. Hankjønnsord

Ar-klassen for sterke hankjønnsord får bøyingsparadigmet *-0, -en-, -ar, -ane*. Klassen omfattar dei aller fleste hankjønnsst substantiva, inkludert mange eldre og nyare lånord, som *penn, bil* og *caps*. Klassen får tonem ein i eintal og tonem to i fleirtal.

Er-klassen for sterke hankjønnsord får bøyingsparadigmet *-0, -en, -er, -ena* og gjeld ord som *bekk, gris, gjest, vegg, sau, sekk, stad, ven* m.fl. Lik fyrste bøyingsklasse får også denne klassen tonemskifte frå ein til to mellom eintal og fleirtal.

Omlydsklassen fylgjer same paradigmet som den førre, men han får omlyd i fleirtal og har tonem ein-uttale gjennom heile paradigmet. Det gjeld t.d. orda *nagl, mann* og *fot*, sjølv om sistnemnde får vokalforkorting av rotvokal og bortfall av endingsvokal i bestemt form fleirtal: /føtna/.

Dei svake hankjønnsorda får trykklett *-ε*-ending i ubestemt eintal. Denne *ε*-en forsvinn i fleirtalsformene, der endingane blir av same type som i sterk hankjønns første klasse.

Bøyingsparadigmet er dermed *-ε, -en, -ar, -ane*, og omfattar t.d. *granne, boge, måne, bane* og *make*. Dei fleste orda i denne klassen får tonem 2-uttale gjennom heile paradigmet.

2.10.2.1.2. Hokjønnsord

Ein ser tydeleg skiljet mellom sterke og svake hokjønnsord i bestemt form eintal. Der får *døra* uttalen /dø:ʁε/ medan *jenta* får uttalen /jɛntɔ/. Dei svake hokjønnsorda kan få to ulike fleirtalsuttalar i Ullensvang grunna det nemnde dialektskiljet. Paradigmet blir difor: *-a* og *-ɔ*, i eintal, men *-ùr*, *-ùna* eller *-er*, *-ena* i fleirtal. Dei svake hokjønnsorda er den mest talrike klassen med hokjønnsord.

Ar-klassen for sterke hokjønnsord er ein vesentleg mindre klasse enn den for dei svake. Paradigmet for denne klassen vert slik: *-0*, *-ε*, *-ar*, *-ane* og omfattar til dømes orda *elv*, *dør* og *li*.

Er-klassen er den største gruppa av dei sterke hokjønnsorda. Den har bøyingsparadigmet *-0*, *-ε*, *-εʁ*, *-ena*. Denne klassen viser ikkje noko dialektskilje innanfor heradet. Nokre døme på ord som høyrer til her er *skei*, *bøn* og *seng*.

Omlydsklassen for sterke hokjønnsord merkar seg ut ved at orda som høyrer til her, får i-omlyd i fleirtal, og dei er ikkje reint få. Bøyingsparadigmet blir *-0*-, *-ε*, *-ùr* el. *-er* + omlyd, *-ùna* el. *-ena* + omlyd. Klassen får tonem ein-uttale gjennom heile bøyingsparadigmet, nett som tredje klasse for sterke hankjønnsord. Døme på ord som høyrer heime her, er: *strand*, *tang*, *tann*, *bok*, *natt*, *nøtt*, *stang*, *trapp*, *mus* og vekteininga *mark*. Også *ku* vert rekna til her, sidan den tradisjonelle ubestemte fleirtalsforma er /*ʔɕy:ʁʊʁ*/. Bøyinga er elles litt avvikande, for ordet får ikkje vokalendring, og forma i bestemt form fleirtal er /*ʔɕydnɑ*/. Vokalendringa manglar også i *ert*. *Tå* og *klo* vert også rekna til denne klassen som unntak frå regelen. Her er i-omlyden på plass, men dei følgjer ikkje mønsteret i fleirtal. Her blir det /*tɛ:ʁ*/, /*klø:ʁ*/ og /*tɛ:dna*/, /*klø:dna*/.

2.10.2.1.3. Inkjekjønnsord

0-klassen omfattar ein stor del sterke inkjekjønnsord, og har paradigmet *-0*, *-e*, *-0*, *-ε*. Her finn me blant anna *gjel*, *bur*, *stup* og *juv*. Ei interessant undergruppe av denne klassen er dei orda som har /a/ som rotvokal. Desse orda får vokalskifte frå /a/ til /ɔ/ i fleirtal grunna eldre u-omlyd, men følgjer elles same paradigmet. Nokre ord som høyrer til her er *band*, *barn*, *blad*, *fat*, *garn*, *glas*, *lag*, *land*, *namn*, *par*, *plagg*, *tak* og *vatn*. Til dømes ub. eintal av *tak*, /*ta:k*/, ub. fleirtal /*tɔ:k*/ (Opedal, 2005, s. 12 og s. 242, Sørliie, 1959, s. 57).

Klassen som eg har kalla dna-klassen etter bøyingsendinga, omfattar berre tre ord, nemleg *tre*, *klede* (uttalast /kle:/) og *kne* som alle vert bøyge slik: -0, -ε, -0, -dna. Det er altså særleg endinga i bestemt form fleirtal som skil dei frå klassen over, men dei har òg fått lågare vokal i eintal for å få fram at det er snakk om bestemt form.

E-klassen med svake inkjekjønnsord er større, og får e-ending i ubestemt eintal. Paradigmet her er -e, -ε, -e, -ε, og omfattar ord som *eple* og *teppe*. Denne klassen utnyttar i stor grad fonemskilnaden mellom -e og -ε, derfor vil det vera uråd å høyra skilnad på endingane ved eit samanfall mellom desse to lydane. Ingen ord i denne klassen får vokalskifte i fleirtal.

A-klassen med svake inkjekjønnsord får trykklett a-ending i ubestemt eintal. Den omfattar også berre tre ord, og dei er alle anatomiske: *auge*, *øyre* og *hjarte*. Bøyingsparadigmet deira er -a, -a, -ùr el. -εr, - ùna el. -εna.

2.10.2.2. Verbbøying

Tradisjonsdialekta har ein ståande -r i presens i to av paradigma for bøyning av svake verb. Alle sterke verb og dei svake verba i telja-klassen får svarabhakti-vokal i presens, som historisk har kome inn for å letta på uttalen av ord som norrønt *bítr* (presens av *å bita*) eller *telr* (presens av *å telja*). Svarabhakti-vokalen i Indre Hardanger kan anten vera ù eller ε, og skiljet går også her ved elva Vendo og berget Hunstigen. Nordanfor, der ein har fleirtalsendinga -ùr for svake hokjønnsord, er svarabhakti-vokalen ù, men søranfor, der fleirtalsendinga er -εr, er svarabhakti-vokalen -ε (Helleland i Opedal, s. 242). Begge lydane er teke med i oppstillinga nedanfor. Dei øvste fem radene omfattar svake verb, den nedste omfattar sterke. Kriteriet for sterke verb er at dei har einstava preteritumsformer.

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum
Kasta-klassa	-a	-ar	-a	-a
Døma-klassa	-a	-ε	-tε / -dε	-t
Telja-klassa	-a	-ù / -ε	-dε / -tε + vokalskifte	-t + vokalskifte
Blanda bøyning	-a	-ar	-tε / -dε	-t
R-klassa	-0	-r	-dε + F5	-t + F5
Sterke verb	-a	-ù / -ε	-0 + vokalskifte	-ε + vokalskifte

Tabell 13: Bøyingsklassane for verb i Ullensvangmålet.

Som det kjem fram av tabell 13, vert kasta-klassen og blanda bøyning ulike på grunn av endinga i fortid, *-a* eller *-tε /-dε*. Eit fellestrekk ved mange av verba som vert bøygd etter kasta-klassen i ullensvangmålet, er ein lang konsonantisme før endingsvokalen. I norrønt fekk desse verba endinga *-aði* i preteritum (Haugen, 2006, s. 178), og etter at *ð*-en forsvann frå dialekta, har endinga utvikla seg til *-tε /-dε*-endinga i ein del verb som har gått over frå kasta-klassen til blanda bøyning i dialekta i dag. Det er nærliggjande å tenkja at fonotaksen har vore retningsgevande for kva for verb som skulle bli verande i kasta-klassen, slik som *opna*, *takka*, *klatra*, *teikna* og *trampa*. Preteritumsformer med *-te* eller *-de*-ending ville vorte vanskelege å uttala.

Verba i blanda bøyning følgjer paradigmet til kasta-klassen i presens, og same paradigme som døma-klassen i preteritum og supinum. Det resulterer i ein del fortidsformer som er avvikande frå skriftspråka, slik som *leika* - /laiktε - laikt/, *dansa*, /danstε/ - danst/, *ropa*, /ʁoptε/ - /ʁopt/, *snakka*, /snaktε/ - /snakt/, *prata*, /pʁatε/ - /pʁat/ og *hoppa*, /hoptε/ - /hopt/. Desse er fullt gangbare i ullensvangmålet. Dersom det er lang rotvokal i desse verba, vert han ofte forkorta i fortidsformene, som i *ropar* – *ropa* /ʁo:paʁ/ - /ʁoptε/, *leikar* – *leika* /lai:kaʁ - laiktε/, men ikkje alltid, t.d. *bakar* – *baka* /ba:kaʁ/ - /ba:ktε/.

Døma-klassen har ei interessant presensbøyning. I mange norske dialekter er det slik at substantivbøyninga for hokjønn fleirtal er den same som presens i døma-klassen, men her utgjer Sørfjorden eit unntak. Her heiter det t.d. *dømer* /dø:mε/, *hengjer* /hɛŋjε/, *byggjer* /byjje/, *heiter* /hai:tε/ og *kjøper* /kjo:pε/ sjølv om hokjønnsbøyninga har *-r* i fleirtal. Fortidsendingane følgjer mønsteret for blanda bøyning, og får ofte vokalkorting, t.d. *heiter* – *heitte*: /hai:tε/ (pres.) - /haitε/ (pret).

Telja-klassen er også ein eigen verbklasse i dialekta i dag. Her får verba éinstava form i presens med svarabhakti-vokal til slutt. I fortid fylgjer dei same mønster som døma-klassen, men med vokalskifte *e* → *a* eller *y* → *ù*. Slik blir *telja* og *velja* i preteritum til /talde/ og /valde/, medan *skilja* og *spyrja* blir /skɔlde/ og /smɔ:ɛε/. *Selja* og *fylgja* vert også rekna til denne klassen, trass i at vokalen ikkje endrar seg her i fortid.

R-klassen er den einaste klassen som får *-r* i presens i mange norske dialekter (Sandøy, 1996, s. 71), også i ullensvangmålet. Verba i denne klassen har ulike opphav, men har det til felles at infinitiven er på berre éi staving, og dei får ingen obligatorisk a-infinitiv, slik som mange

andre verb i dialekta. Desse verba får ingen omlyd. Døme på verb som høyrer heime her, er *å tru*, *å flå*, *å døy*, *å klø*, *å snu* og *å ha*, og dei vert alle påverka av den fonologiske regelen F5 i fortid.

Me står no att med dei sterke verba. Det ville vorte for omfattande å gje ei fullstendig avteikning av alle dei ulike bøyingsrekkjene av sterke verb i dialekta her. Difor gjev eg eit oversyn over dei to vanlegaste lydrekjkjene og nokre andre vanlege sterke verb.

Sterke verb				
Bøyingsklasse	Infinitiv	Presens	Preteritum	Supinum
Klasse 1	Å bi:ta	bi:tʊ / -ε	bai:t	be:tε
Klasse 2	Å bry:ta	bry:tʊ / -ε	brɛu:t	brɔ:tε
Klasse 3	Å fina	fɪnʊ / -ε	fan	fɔn:ε
Klasse 4	Å bæ:ra	bɛ:ʁʊ / -ε	ba:ʁ	bɔ:ʁε
Klasse 5	Å fa:ra	fɛ:ʁʊ / -ε	fʊ:ʁ	fɔ:ʁε

Tabell 14: Dei vanlegaste bøyingsklassane for sterke verb i Ullensvangmålet.

Den fyrste klassen i tabell 14, med lydrekjkja *i – ai: - e* omfattar m.a. verba *å driva*, *gripa*, *å lida*, *å lita*, *å rida*, *å risa*, *å siga*, *å skina*, *å slita*, *å stiga*, *å svika* og *å vika*. Siga, stiga, svika og vika får alle palataliserte velarar i supinum, av mønsteret /sve:ʈçε/ og /ste:jε/.

Andre klasse i tabellen inneheld lydrekjkja *y - εu: - ɔ* og inneheld t.d. verba *å byda*, *å drypa*, *å flyga*, *å flyta*, *å frysa*, *å krypa*, *å lyga*, *å nyta*, *å ryka*, *å skjota*, *å stryka* og *å suga*. Her får lyga, ryka og stryka palataliserte velarar i supinum av mønsteret /lɔ:jε/ og /stɔ:ʈçε/.

Dei øvrige sterke verba følgjer anten lydrekjkjer som berre omfattar nokre få andre verb, eller så er dei eineståande. *Å finna*, *å spinna*, *å springa* og *å vinna* følgjer alle mønsteret *i – a - ɔ*, og *å bera*, *å skjera*, *å stela* og *å gje(va)* følgjer alle eit *e – a - ɔ*-mønster. Dessutan kan me nemna *å fara*, *å gala*, *å mala* og *å grava* som alle følgjer lydrekjkja *e - ɔ - ɔ*. Deretter vert biletet meir uoversiktleg. Her følgjer ei oversikt over bøyinga i dei vanlegaste uregelrette sterke verba.

Dei to verba *å gå* og *å stå* kan ein bøya på to måtar i Ullensvang. Den tradisjonelle bøyingsforma for begge verba i Sørfjorden er /ga: - jɛŋgʊ - jɛk - jɛŋjɛ/ og /sta: - stɛndʊ - stɔ: - ste:ε/. Men i Kvam og Jondal, og kanskje også i Vines skulekrins, er dei tradisjonelle formene

/ga: - gau:ɐ - jek - gaut/ og /sta: - stau:ɐ - stv: - staut/. I dag kan dei eldre i Ullensvang nytta begge bøyingsmønstra, så det er vanskeleg å seia kvar grensa opphavleg har gått.

Å *vera* vert bøygd slik: /vɛ: - va: - vɔ:/. Å *koma* får bøyinga /ɔ̃ɛ:mɔ - kɔm - kɔ:mɛ/. Å *eta* vert bøygt slik: /e:tɔ - av:t - e:tɛ/. Å *liggja* får /lij̃ja - ligɔ - laũ:g - lai:ɛ/. Å *få* og å *slå* er to særeigne sterke verb. Å *få* har fylgjande bøyning: /faʊ: - fɛ:ɐ - fɛk - fɛɲjɛ/, medan å *slå* får /slau: - slɛ:ɐ - slv: - slai:ɛ/. Å *leggja*, å *le*, å *seia* og å *sjå* er også uregelrette sterke verb.

Det finst også ein del verb i dialekta som verken er sterke eller svake, som i all annan norsk. Dei passar ikkje inn i noko system, men følgjer sine eigne bøyingar, ofte ei bøyning som liknar på sterk bøyning i presens og stundom preteritum, men som får dentalsuffiks i supinum. Døme på slike verb er: å *tykkja*, å *teia*, å *vita*, å *eiga*, å *kunna*, å *symja*.

2.10.2.3. Adjektivbøyning

Hardingdialekta er ei av få norske dialekter som har halde på adjektivbøyning i kjønn også i fleirtal. Adjektiv som står til hokjønnsord, får her –a-ending i motsetnad til adjektiv som står til inkjekjønns- og hankjønnsord. Dei får –e-ending. Dei vanlegaste adjektiva vert bøygd etter systemet i tabellen under, der *stor* er brukt som eksempelord.

Kjønn	Eintal		Fleirtal	
	Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
Hankjønn	ain stv:ɔɔ /-ɛ ka:ɐ	dan stv:ɛ ka:ɐn	stv:ɛ ka:ɐɐ	dai stv:ɛ ka:ɐane
Hokjønn	ai stv:ɐ øks	dan stv:ɐa økse	stv:ɐa økseɐ	dai stv:ɐa øksena
Inkjekjønn	ait stv:ɔt hɛ:s	da stv:ɐa hɛ:se	stv:ɛ hɛ:s	dai stv:ɛ hɛ:se

Tabell 15: Vanleg adjektivbøyning i Ullensvangmålet.

Svarabhaktivokalen vert her nytta i hankjønn ubestemt eintal. Han vert likeeins nytta når eit perfektum partisipp står som predikativ til eit hankjønnsord. Til dømes: *Båten er lettrodd* → /bau:ten ɛ lɛtrɔɔ/. Informant nr. 1546 brukar nett dette ordet med svarabhaktivokal på eit opptak.

Nokre adjektiv som høyrer til same bøyingsklassen har ei trykklett ending med konsonant som utlyd i eintal, ubestemt form, t.d. *gamal*. Ordet får svarabhakti-vokal når det står til hankjønn eintal, men konsonanten blir då flytt framfor vokalen i dei andre formene, og ein får /gamlɛ/ (karar), /gamla/ (økser) osb. Adjektiv som endar på trykklett –ur i dialekta, t.d. *fager*

og *diger*, får derimot ikkje svarabhakti-vokal når dei står til hankjønn eintal, men dei følgjer elles same systemet som *gamal*.

I adjektiv med /a/ som rotvokal, t.d. *svart*, skiftar vokalen til /ɔ/ når adjektivet står til eit hokjønnsord i eintal. Difor heiter det *ein svart mann* / ain svæɾtɔ man/, men *ei svart kone* blir /ai svœɾt kɔ:na/ og *eit svart hus* /ait svœɾt hũ:s/. Systemet vart fulgt også når det omtala stod i fyrste person eller andre person. Difor seier til dømes informant nr. 1536, ei kvinne: *no er eg syttitre år gamal* /no ɛ ɛg sytitri: aʊ:ɾ ɡɔ:mɔl/. Nokre adjektiv som fekk endra rotvokal i hokjønn, er t.d. *all, flat, gamal, grann halv, kald, lang, lat, hard, svart, vand* og *varm* (Aasen, 1995, s. 101, Sørli, 1959, s. 57, Opedal, 2005, s. 13).

Ei anna gruppe adjektiv er dei som stammar frå supinumsformer av sterke verb. Dei vert bøygde etter det fylgjande systemet. Illustrasjonsordet her er *sliten*.

Kjønn	Eintal		Fleirtal	
	Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
Hankjønn	ain sle:ten ka:ɾ	dan sle:tne ka:ɾɛn	sle:tne ka:ɾæɾ	dai sle:tne ka:ɾane
Hokjønn	ai sle:tɛ øks	dan sle:tna øksɛ	sle:tna øksɛɾ	dai sle:tna øksena
Inkjekjønn	ait sle:te hũ:s	da sle:tna hũ:se	sle:tne hũ:s	dai sle:tne hũ:se

Tabell 16: Bøyning av adjektiv med samanheng til partisippformer av sterke verb.

Nokre adjektiv som høyrer til her, er *balen, broten, doven, fælen, galen, grisen, heisen, lasen, larven, mjølen, open, røten, svolten* og *visen*. Rettnok er det ikkje alle desse som har ein klår samanheng med eit sterkt verb, men dei vert bøygde etter same systemet.

Denne typen adjektiv vart òg bøygde dersom det som vart omtala stod i fyrste eller andre person. Difor ville ei jente seia *eg er svolten* /ɛg ɛ svɔltɛ/, medan ein gut ville sagt /ɛg ɛ svɔltɛn/. Endingane i ubestemt form eintal og fleirtal vert også brukt i predikativ stilling, t.d. *han var stor*: /han va stɔ:ɾɔ/, eller i hokjønn fleirtal: *dei var fine*, /dai va fi:na/.

2.10.2.4. Pronomensystemet

	Subjekt	Objekt	Possessiv
1. person, eintal	eg, /ɛ:g/	meg, /mɛ:g/	min, /men/
2. person eintal	du, /dʉ:/	deg, /dɛ:g/	din, /den/
3. person eintal	han, /han/	han, /han/	hans, /hans/
3. person eintal	ho, /hʉ:/	henne, /hennɛ/	hennar, /hena/
3. person eintal	det, /da:/	det, /da:/	«det sin»
1. person fleirtal	me, /mɛ:/	oss, /aʉ:kʉ/	vår, /aʉ:kan/
2. person fleirtal	de, /dɛ:/	dykk, /dɛ:kʉ/	dykkar, /dɛ:kan/
3. person fleirtal	dei, /dai:/	dei, /dai:/	deira, /dai:ɸans/

Tabell 17: Pronomensystemet i ullensvangmålet.

Dei to objektsformene *oss* /aʉ:kʉ/ og *dykk* /dɛ:kʉ/ med tilhøyrande possessivar går tilbake på dualisformer i norrønt. Dualis, eller to-tal, var ein eigen talkategori i norrønt som kunne brukast til å skilja mellom to og fleire. *Vit* og *þit* tydde respektive *vi to* og *de to*, medan pluralisformene *vér* og *þér* tydde *vi, fleire enn to* og *de, fleire enn to* (Haugen, 2006, s. 93). Dualis har i dag forsvunne frå grammatikken til alle dei nordiske språka (Torp og Vikør, 2003, s. 89).

Merk at formene i hankjønn og inkjekjønn eintal følgjer Helleland sin tilrådde transkripsjon av hardingdialekta, med trong /e/: «For dei som skal skriva målførenært, verkar det uvant at ord som litt og sitt skal skrivast med e. Men teiknet i bør etter systemet reserverast for vokalen i ordet sidt (til sid adj. ‘lang’), som har ein trongare uttale enn pronomenet sitt» (Helleland i Opedal, 2005, s. 246). Possessivane *min*, *din*, *sin* og *hin* kan bøyast etter kjønn og tal, (sjå tabell 18). Dei hine possessivane vert ikkje bøygde.

	1. p. eintal	2. p. eintal	Refleksiv	Demonstrativ
Mask., eintal	<i>min</i> /men/	<i>din</i> /den/	<i>sin</i> /sen/	<i>hin</i> /hen/
Fem., eintal	<i>mi</i> /mi:/	<i>di</i> /di:/	<i>si</i> /si:/	<i>hi</i> /hi:/
Neutr., eintal	<i>mitt</i> /met/	<i>ditt</i> /det/	<i>sitt</i> /set/	<i>hitt</i> /het/
Mask., fleirtal	<i>mine</i> /mi:ne/	<i>dine</i> /di:ne/	<i>sine</i> /si:ne/	<i>hine</i> /hi:ne/
Fem., fleirtal	<i>mine</i> /mi:na/	<i>dine</i> /di:na/	<i>sine</i> /si:na/	<i>hine</i> /hi:na/
Neutr., fleirtal	<i>mine</i> /mi:ne/	<i>dine</i> /di:ne/	<i>sine</i> /si:ne/	<i>hine</i> /hi:ne/

Tabell 18: Bøyingsystemet av possessiva *min, din, sin* og *hin* i tal og kjønn.

2.11. Hypotesar

Eg har laga tre hypotesar som skal gjera det lettare å svara på problemformuleringa mi. I drøftingskapitlet kjem eg tilbake til hypotesane for å sjå om påstandane blir falsifiserte eller verifiserte. Alle hypotesane blir testa på alle språklege variablar.

Hypotese 1. Dialekt og årsklassar. *Bruken av tradisjonelle variantar i Ullensvang får mindre frekvens med yngre årsklassar. Endringsprosenten vil vera størst frå årsklasse III til IV.*

Denne hypotesen baserer seg på teorien om generasjonell endring og samanhengen mellom låg frekvens av nye språktrekk og høg alder og den motsette samanhengen mellom høg frekvens og låg alder (Tagliamonte, 2012, s. 44-45, Sandøy i Mæhlum et. al., s. 217). I mitt materiale består årsklassane 0-II av informantar som var over 60 år gamle då intervjuja blei gjorde, medan årsklasse III og IV består av respektive midaldrande og yngre. Difor kan årsklasseendringar i mitt materiale vera ein kombinasjon av livsfaseendringar og historisk språkendring. Den historiske språkendringa kan ha starta tidleg: årsklasse I voks opp i ei tid som var prega av industrialisering og modernisering meir enn i tida då årsklassen føre voks opp. Når eg forventar størst endring frå årsklasse III til IV, er det for det fyrste fordi livsfaseendring og historisk endring kan kombinerast både der (og frå årsklasse II til III). I tillegg er det fordi det var nettopp i denne perioden at sysselsetjinga i jordbruket gjekk kraftig nedover (sjå figur 4 og 5 i kap. 1.4.) og ein tok til med niårig skuleordning med sentraliserte ungdomsskular. Dette er ytre faktorar som ein lett kan kopla opp mot dialektendring. I andre sosiolingvistiske granskingar i verkeleg tid på Vestlandet har ein funne stor grad av endring hjå informantar som har vakse opp frå 1960-talet og utover, og eg forventar liknande resultat i Ullensvang.

Hypotese 2. **Dialekt og kjønnskilnader.** *Det er ikkje markerte språkskilnader mellom kjønna i Ullensvang.*

Helge Sandøy skriv i *Talemål* om at det var fåe språkskilnader mellom kjønna i det gamle bygdesamfunnet i Noreg: «Menn og kvinner snakka stort sett likt, og i den grad ein kunne finne forskjell, brukte kvinnene dei mest arkaiske formene i dialekten» (Sandøy, 1996, s. 107). Grunnen til at kvinnene snakka breiast meiner han er at mennene reiste mykje ut på arbeid, t.d. som fiskarar, medan kvinnene heldt seg heime. I det gamle Ullensvang var det jordbruket, ikkje fisket, som var viktigaste arbeidsstaden for både kvinner og menn, og det var ikkje svært vanleg å reisa vekk. I dagens samfunn, der likestillinga har ført med seg at prosenten yrkesaktive er relativt jamn mellom kjønna. Difor vil det ikkje vera nokon grunn til å forventa at det skulle vera språkskilnader mellom kvinner og menn, i nokon variablar eller årsklassar.

Hypotese 3. **Dialekt og geografiske skilnader.** *Det er ikkje markerte språkskilnader mellom Ullensvang aust og Ullensvang vest.* Som me såg i underkapitla 1.3, 1.4 og 1.5 og 2.1 har det tidlegare vore godt samband og etter måten mykje fellesskap mellom fjordsidene i språksamfunnet Ullensvang. Difor vil ikkje dialekta ha skilt seg i stor grad mellom aust og vest i dag heller sjølv om sambandet no har vorte noko mindre.

3. Metode

3.1. Metodebruk i Dialektendringsprosessar

Prosjektet Dialektendringsprosessar har tre delmål som legg føringar for denne oppgåva:

- «1. å digitalisere og transkribere opptak (...) frå sirka 1980 på Vestlandet (...)
2. å samle inn nytt materiale frå dei same (...) plassane på Vestlandet. Dette materialet skal også digitaliserast og transkriberast.
3. å lage analysar av språkendingar i verkeleg tid med tanke på endringsgrad, endringstypar, endringsretning og sosiale og samfunnsmessige vilkår for endringane. Dette føreset også at ein utviklar modellar for slike analysar» (Sandøy, Akselberg og Kristoffersen, 2007, s. 4).

Lik dei andre granskingane i Dialektendringsprosessar nyttar også denne undersøkinga kvantitativ metode, der eg intervjuar menneske frå staden som vert plukka ut utan personlege

preferansar til korleis dei skal snakka. Akselberg og Mæhlum skriv fylgjande om slike undersøkingar:

«Resultatene fra en slik undersøkelse bør være mest mulig representative statistisk sett for hele det samfunnet der undersøkelsen finner sted. Det fremste særmerket ved en kvantitativ sosiolingvistisk studie er likevel at en kvantifiserer, det vil si teller og måler, de språklige og sosiale forholdene en ønsker å se i forhold til hverandre» (Akselberg og Mæhlum i Mæhlum et.al., 2008, s. 77).

For å studera *faktisk språkendring*, er det beste verktøyet å gjera ein studie i *verkeleg tid*. Det står i motsetning til når ein studerer i *tilsynelatande tid*, dvs. at ein i ei og same undersøking intervjuar forskjellige personar frå respektive ulike livsfasar og tolkar skilnaden frå dei eldre til dei yngre som faktisk språkendring. Dersom det er skilnad mellom aldersgruppene kan det like gjerne vera eit resultat av *aldersavgrensing*, som av diakron endring. Når ein derimot går tilbake til eit stabilt språksamfunn x år etter at ei undersøking vart gjort der, er det lettare å oppdaga kva *type* språkendring ein snakkar om. Då kan ein anten gjera ei *panelundersøking*, der ein finn att dei same informantane som vart intervjuar fyrste gongen for å gjera nye intervju, eller ein kan gjera ei *trendundersøking*, der ein finn heilt nye informantar i same språksamfunnet. Panelundersøkinga er den mest nøyaktige reiskapen for å undersøka språkendring, fordi ho lett kan skilja aldersavgrensing frå generasjonell endring eller andre typar språkendring.

Den ideelle granskinga i Dialektendringsprosessar er ei kombinert panel- og trendundersøking. Tanken er at ein i tillegg til å gjera ferske intervju, finn att ein del av dei informantane som vart intervjuar i den fyrste undersøkinga og gjer nye intervju med dei (panelintervju) for å høyra om språket til einskildpersonane har endra seg med tida (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy, 2007, s. 6). Eg undersøkte om dette var mogleg, men av di dei eldre intervjuar frå Ullensvang i det store og heile er gjort med eldre informantar, har dei aller fleste gått bort i 2014. Dette gjorde at masteroppgåva måtte bli ei rein trendundersøking. Sosiolingvisten Kjell Venås definerer ein *populasjon* som «alle einingane i ein viss definert kategori, t.d. språkbrukarane i eit bygde- eller bysamfunn» (Venås, 1991, s. 154). I ein stor kvantitativ studie ville det kanskje vore mogleg å intervjuar absolutt alle språkbrukarar i eit slikt samfunn for å få mest pålitelege opplysningar, men det krev svært mykje tid og ressursar. For å få nok informantar til å *representera* ein populasjon, opererer

Dialektendringsprosessar med eit «standardformat» på «24 informantar med 30 minutt tale frå kvar. Dei skal representere minst to aldersgrupper, ha lik fordeling mellom dei to kjønna og vere frå ulike sosiale lag. Det vanlege er at ein prosjektmedarbeidar – som helst er frå same distriktet – står for opptaka» (Sandøy, Akselberg og Kristoffersen, 2007, s. 8). I tillegg er det eit viktig poeng at informantane er tilfeldig utvalde frå populasjonen.

3.2. Struktur i denne granskinga

Eg ynskte å få representative opplysningar om innbyggjarane i heile Ullensvang bortsett frå Oksenhalvøya. Sidan busetnaden i Ullensvang ikkje er særleg stor eller sentrert, er beste måten å utføra granskinga på å velja informantar fritt etter bustad i heradet, så framt eg ville få like mange frå kvar fjordside. Det er dessutan sjeldan at ein moderne person i Ullensvang blir buande i éi og same bygda heile livet, så denne metoden vil vera betre eigna for Ullensvang enn om ein skulle ta utgangspunkt i to tettstader i heradet og samanlikna innbyggjarane der. Intervjua frå 1960- og 70-talet var også gjort i fleire bygder og grender langs fjorden, så samanlikningsgrunnlaget var relativt godt.

Eg sette eit mål om å personleg intervju 24 informantar, som prosjektet indikerer, tolv kvinner og tolv menn, fordelt på tre ulike aldersgrupper i 2014 (jf. Labov, 1994, s. 49-50). Intervju med desse ville gje meg til saman tolv timars taletid som ein kan analysa for å få statistiske resultat etter aldersgruppe, kjønn, bustad eller sosial klasse. Den same prosessen ville eg gjera med dei eldre intervju, som resulterte i to ekstra aldersgrupper i undersøkinga mi.

Tidleg i oppgaveprosessen fekk eg tilgang til digitaliserte lydfiler av eldre målføreopptak frå Kinsarvik og Ullensvang herad som hadde lege lagra på det no nedlagde Målførearkivet i Oslo. Intervjua er gjort i fleire omgangar, truleg når intervjuarane hadde tid og krefter til det. Opptaksåra er 1960, 1961, 1964, 1965, 1968, 1971 og 1979. Det er to intervjuarar som har teke opp til saman over 90 % av desse intervju. Den tidlegaste var Olav O. Børve (1904-1977) frå Børve i Sørfjorden, ein lokalhistorikar og forfattar som intervju folk i bygdene frå 1960 - 1968. Namnegranskaren Botolv Helleland (f. 1940) frå Lofthus gjorde opptak i to omgangar, 1968 og 1971. 1979-opptaket er gjort av målføregranskaren Arne Johan Gjermundsen (1941-2013) frå Nome i Telemark, som gjorde enkeltintervju i Hardanger det året. Dei eldste intervju er gjort heile 54 år tidlegare enn mine egne intervju, og sjølv det yngste er 34 år eldre enn mine egne. Akselberg, Sandøy og Kristoffersen skriv:

«Eit tidsrom på 30 år kan kanskje synast svært kort i eit språkendringsperspektiv, men her er det viktig å hugse at det er nettopp i nærstudium av to stadium som ligg nær kvarandre i tid, at det er mogleg å studere levande endring. Derfor er dette ein metodisk fordel» (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy, 2007, s. 7).

Ved gjennomlytting av lydfilene oppdaga eg at opptaksmengda var relativt fyldig. Ein god del av informantane på banda var fødte før 1890, og dei yngste var fødte tidleg på 1900-talet. Dermed var det mogleg at undersøkinga mi kunne samanlikna språkending i til saman fem årsklassar. Når det gamle materialet vert oppdelt i to årsklassar kan ein studera slik endring endå nøgnare.

Labov understrekar at ein må kjenna til stabiliteten til eit språksamfunn (og språkbrukarane) før ein kan gjenta ei språkgransking der. Han skriv at «the interpretation of real-time data (...) requires an underlying model of how individuals change or do not change over time how communities change or do not change over time and what may result from combinations of these possibilities» (Labov, 1994, s. 83). Han nemner dette for å unngå å tolka resultat av språkending som diakron språkending viss det t.d. har vore svært mykje tilflytting sidan førre undersøking. Då kan språkendinga vera direkte forårsaka av innflyttarane. For Ullensvang sin del bør det difor nemnast at kommunestrukturen har endra seg sidan dei eldre intervjuar vart gjort. Intervjua frå 1960 og 1961 vart utførte medan Kinsarvik og Ullensvang enno var fråskilde herad, medan dei andre opptaka er gjort i storkommunen Ullensvang-Eidfjord (1964-1977). Berre det aller seinaste intervjuet er gjort i dagens Ullensvang herad. Me ser òg på næringslivsstatistikken i kapittel 1 at det er skilnad på næringslivet no og då, og samferdsla har endra seg. Slike endringar kan sjølvstøtt få potensielt store følgjer for språkending, men når me ser på folketalet så har det gått frå ca. 3800 i 1960 til litt over 4000 i 1980 og ned til 3400 i 2014, noko som viser at språksamfunnet ikkje har utvida seg mykje. Næringslivsendringane går i stor grad i tråd med dei tilsvarande på landsbasis i den same perioden. Eg stiller meg også tvilande til om det administrative skiljet mellom Kinsarvik og Ullensvang hadde svært mykje å seia for språkutviklinga i eit så tynt busett område. I eitt av intervjuar mine fortel to informantar som voks opp på kvar si side av kommunegrensa at dei hadde vore vener sidan dei var små. Samanslåinga med Eidfjord kunne potensielt fått språkleg effekt, men sidan ho ikkje vara lengre enn 13 år, er også dette tvilsamt. Difor meiner eg at dagens Ullensvang herad har vore eit relativt stabilt samfunn sidan 1960.

3.3. Årsklasseinndeling og utvalskriterium

Eg har teke utgangspunkt i årsklasseinndelinga som vart formulert for prosjektet Dialektendringsprosessar i 2009. Det opererte opphavleg med fem årsklassar som strekkjer seg frå fødeåra 1890 til 2039 (Anderson, 2011, s. 2). I tillegg til desse har ein måtta leggja til ein årsklasse 0 etter at tidlegare prosjekt har brukt informantar som var fødde før 1890. Den årsklassen fekk også prosjektet mitt behov for. Informantane mine vart dermed sorterte etter systemet som kan sjåast i tabell 19.

	Fødselsår	Alder i 2014
Årsklasse 0	1860-1889	124-154 år
Årsklasse I	1890-1919	95-124 år
Årsklasse II	1920-1949	65-94 år
Årsklasse III	1950-1979	35-64 år
Årsklasse IV	1980-2009	5-34 år
Årsklasse V	2010-2039	

Dialektendringsprosessar opererer med tre utvalskriterium for informantar. Dei er:
«1. Dei som vert trekte ut, må ha budd på staden (...) frå 6-årsalderen.
2. Dei som vert trekte ut, oppgjev ut frå ei eigenvurdering, at dei snakkar ei eller anna form for vestnorsk.
3. Dei som vert trekte ut, må bu på den aktuelle

Tabell 19: Dialektendringsprosessar si årsklasseinndeling.

staden (...) i dag» (Anderson, 2011, s. 3)

Det skal altså ikkje vera naudsynt å meina at ein sjølv snakkar harding dersom ein er fødd og oppvaksen i Ullensvang og bur der i dag. Krava ekskluderer heller ikkje born av innflyttarforeldre.

Ein kunne teoretisk operera med eit fjerde krav om at informanten ikkje skal ha butt for lenge vekke frå heimstaden. Dette kan vera problematisk dersom informanten i stor grad har lagt om til ein heilt annan dialekt, men dette galdt ingen av informantane som vart utvalde, sjølv om nokre av dei hadde butt utanfor kommunen i om lag ti år før dei flytte tilbake.

3.4. Utveljing av nye informantar

Ungdomsintervjua som eg gjorde i Ullensvang våren 2014, var med 10. klassingar på ungdomsskulane i Ullensvang. Om våren i 10. klasse, når alle elevane har fylt 15, er dei gamle nok til sjølve å bestemma om dei vil vera med på undersøkinga eller ikkje i følgje NSD sine krav. Dette gjorde prosessen med å skaffa informantar lettare for meg. Sidan det ikkje er vidaregåande skule i heradet, er 10. klasse for mange elevar det siste skuleåret dei er busette i Ullensvang.

Ved både Kinsarvik og Hauso ungdomsskule var det ein kontaktlærer som hjelpte meg med å tilfeldig trekkja ut elevar til prosjektet mitt. Ein av elevane var ikkje på skulen den dagen, så me valde difor å trekkja ut eit nytt namn i det tilfellet for å spara tid. Eg lét informanten sjølv velja ut kven han eller ho ville gjera intervjuet saman med. Dette er ein metode som vert tilrådd av Dialektendringsprosessar. Av erfaring flyt samtalen mykje lettare når dei to informantane kjenner kvarandre, samtidig som at informantane vil fungera som «språklege kontrollørar» for kvarandre slik at dei ikkje vil ta til å snakka på ein annan måte enn den dei er vande med (Anderson, 2011, s. 9-10).

Då eg skulle plukka ut vaksne og eldre informantar frå begge kjønna og begge fjordsidene, trekte eg namn gjennom telefonkatalogen *Lokalen Ullensvang* frå 2011. Eg rekna då med at dei fleste som har postadresse i Ullensvang, hadde telefonnummeret sitt innskrive der. For å få med absolutt alle kunne ein ha nytta folkeregisteret, men det er tidkrevjande å få tilgang til det. Difor valde eg *Lokalen* trass i at nokon innbyggjarnamn kan vera utelatne i katalogen. Eg strauk ut alle namn med postadresse utanfor undersøkingsområdet mitt, og alle namn på personar som eg visste hadde vokse opp ein annan stad enn Ullensvang. Deretter trekte eg i fyrste omgang kvart åttiande namn i heile katalogen som moglege informantar. Det siste trekket vart gjort ved å bla tilbake til byrjinga av katalogen når eg hadde nådd slutten, for at dei med etternamn på A skulle ha lik sjanse som alle andre til å bli utvalde. For at eg skulle sleppa å ringja opp alle dei utvalde og spørja etter alderen deira, søkte eg fyrst opp namnet på skattelistene på nettet for å finna fødselsåret. I årsklasse II hadde eg i realiteten berre eit spenn på seksten fødselsår å velja informantar frå. Grunnen er at Dialektendringsprosessar tilrår at ein ikkje brukar personar som er eldre enn 80 år som informantar bortsett frå om ein kjenner dei personleg og veit at dei er klåre og orienterte (jf. Labov, 1994, s. 46).

Fyrste gongen eg gjennomførte denne prosessen, enda eg opp med mellom 16 og 20 namn på eldre og vaksne. Deretter ringde eg personane for å høyra om dei var villige til å la seg intervju, og om dei kjende nokon på sin eigen alder som dei kunne la seg intervju saman med. Diverre var det mange av personane eg kontakta som måtte utelatast, anten på grunn av oppvekststad, eller fordi dei ikkje hadde høve til å vera med. Denne omgangen resulterte i to av åtte fastsette parintervju.

I neste omgang trekte eg kvart hundrede namn i katalogen. Etter telefonrunden fekk eg avtalt intervju med eitt nytt informantpar i aldersgruppe tre, men eg hadde fem intervju att å avtala. I

tredje omgang valde eg ut kvart syttiande namn frå *Lokalen* for å få eit større utval. Etter den tredje utveljingsomgangen fekk eg fastsett fire nye parintervju, og dermed mangla det berre eitt informantpar, nemleg kvinner i eldregruppa frå austsida. For å velja ut desse utelukka eg alle mannsnamn og alle med postadresse på vestsida og trekte deretter ut kvart tiande namn. Etter å ha sjekka fødselsåret i skattelistene og å ha fått hjelp til å luka vekk dei som ikkje var oppvaksne i heradet, stod eg att med tolv namn på austsidekvinner fødte før 1950. Etter ein telefonrunde gjekk det siste parintervjuet i boks. Til saman trekte eg ut meir enn 140 namn på kandidatar i heile prosessen for å leita opp 16 vaksne og eldre informantar.

3.5. Eldre opptak

Som ein må rekna med når ein opererer med målføreopptak frå 1960- og 70-talet, er det fleire svakheiter ved dei. For det fyrste var alle informantane som har noko fri tale, over 60 år gamle då opptaka vart gjort. Dermed får ein lite innblikk i kva for aldersavgrensing som kan ha eksistert den gongen. For det andre er det gjort fleire intervju med menn enn med kvinner, og for det tredje vart det berre gjort intervju med éin informant frå vestsida, ein mann i årsklasse I. Dette kunne avgrensa prosjektet mitt på fleire måtar. Det var mogleg å gjera oppgåva til ei rein austsidegransking og slå saman årsklasse 0 og I til ein stor årsklasse på 60 år, men dette ville halvera storleiken på granskinga i eit språksamfunn som er lite frå før. Alternativt kunne eg halda fram med fem aldersgrupper og to fjordsider, men tillata mangel på intervju og mindre tid enn ein times fri tale i kvar celle. Etter eigne vurderingar og samtale med rettleiaren min, valde eg å løysa skeivheitene på den siste måten. Kvinner på vestsida har derfor berre tre aldersgrupper i granskinga, og det vil seia at denne gruppa berre kan samanliknast i tilsynelatande tid. Kvinnene på austsida er fordelte på fem årsklassar, men med mindre taletid i dei to eldste. Mennene på austsida har ingen skeivheiter i intervjumaterialet i nokon årsklasse. Eg valde ut ein halv times fri tale med vestsidemannen i årsklasse I. Sjølv om opptaka med han var lengre, kunne eg ikkje inkludera meir for at ikkje statistikken skulle bli skeiv.

Eit siste atterhald som eg må ta når eg samanliknar nye med eldre intervju, er at mine utvalskriterium av informantar ikkje er dei same som Helleland, Børve og Gjermundsen sine. I ein telefonsamtale med Botolv Helleland kom det fram at intervjuet hans vart gjort for å høyra om tradisjon og kultur i Sørfjorden. Dei to andre intervjuarane er avdøde, men utifrå samtaleemna på opptaka og alderen på informantane, kan me gå ut ifrå at dei òg var opptekne

av tradisjon og at dei gjerne ville festa ei brei, arkaisk dialekt til lydband før ho forsvann. Dessutan har eg ikkje funne teikn til at opptaka deira vart gjort på oppdrag av eit universitet, museum eller liknande, men ser ut til å ha skjedd på privat initiativ. Opptaka er sjølvstøtt av stor verdi i dag, men dersom intervjuarane valde informantar ut ifrå kven som hadde den breiaste dialekta, vil variasjonen i deira intervju naturleg nok verta mindre enn den eg får i mine intervju når eg vel ut lokale informantar tilfeldig.

Kvinneintervjua i årsklasse 0 og I med respektive fire informantar og mannsintervju i årsklasse 0 med fire informantar omfatta ikkje meir taletid enn at det var naudsynt å ta med alle intervjua med fri tale for å få nok stoff. Dermed galdt den verkelege utveljinga berre menn frå austsida i årsklasse I, og her styrte eg etter prinsippet om kvar talen var friast. Eg unngjekk ein del av dei eldre intervjua som handlar om lokale stadnamn, og som dermed kan koma på grensa av rein opprømsing. Eg valde også å unngå intervju som var svært lange, for å sleppa arbeidet med å velja ut delar av intervjuet til transkripsjon. Dermed valde eg fyrst ut to informantar med fri tale i relativt korte intervju. Éin mannsinformant vart også teken med av praktiske grunnar av di han var med på eit parintervju med ein kvinneleg informant som eg hadde bruk for. Desse tre personane fylte til saman ein times taletid.

Dei eldre intervjua mine ser dermed slik ut i tabellform:

Dei gamle opptaka frå 1960 – 1979				
	Årsklasse 0		Årsklasse I	
Kjønn	<i>Personar</i>	<i>Taletid</i>	<i>Personar</i>	<i>Taletid</i>
Menn	4	60 min.	4	89 min.
Kvinner	4	36 min.	4	36 min.
Totalt	8	96 min.	8	125 min.

Tabell 20: Informantane i dei gamle opptaka etter kjønn, årsklasse, personar og taletid.

3.6. Språklege variablar

Namn	Type	Skildring	Variantar
V1	Fonologisk	Diftongering av gamalnorsk lang á	/aʊ/ og /ɔ:/
V2	Leksikalsk	Determinativet <i>det</i>	<i>da</i> og <i>de</i>
V3	Leksikalsk	Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform	<i>me</i> og <i>vi</i>
V4	Leksikalsk	Pronomen, 1. person, fleirtal, objektsform	<i>aoko</i> og <i>oss</i>
V5	Leksikalsk	Possessiv, 1. person, fleirtal	<i>aokan</i> , <i>aokans</i> , <i>vår</i> og <i>våras</i>
V6	Leksikalsk	Pronomen, 2. person, fleirtal, subjektsform	<i>de</i> , <i>deko</i> ⁵ og <i>dåke</i>
V7	Leksikalsk	Pronomen, 2. person, fleirtal, objektsform	<i>deko</i> og <i>dåke</i>
V8	Morfologisk	Presens, kasta-klassen og blanda bøyning	<i>-ar</i> , <i>-a</i> og <i>-e</i>
V9	Morfologisk	Presens av sterke verb og telja-klassen	<i>-ù</i> , <i>-e</i> og <i>-0</i>
V10	Morfologisk	Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord	<i>-ùr</i> og <i>-er</i>
V11	Morfologisk	Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen	<i>-ùna</i> , <i>-ena</i> , <i>-dna</i> og <i>-ene</i>
V12	Morfofonologisk	Palatalisering av velarar etter morfofonologisk regel 1	Med eller utan palatalisering

Tabell 21: Språklege variablar.

3.7. Det sosiolingvistiske intervjuet

Til skilnad frå tradisjonelle lingvistiske intervju, der informantane vart stilt språklege spørsmål, til dømes om korleis dei ville uttala eit bestemt ord, prøver sosiolingvistiske intervju å fanga opp *representativ tale*: «Now the more attention speakers pay to the way they are speaking, the more formal and careful their speech is likely to be» (Chambers og Trudgill, 1980, s. 58). For å fjerna denne formaliteten som elles ikkje kjenneteiknar informanten sin vanlege tale, prøver sosiolingvistiske intervju å fanga opp lengre, uformelle talebolkar der informantane ikkje legg band på talen sin. Men sjølv dette er ikkje heilt tilfredsstillande, skriv Chambers og Trudgill, for i alle tilfelle vil informanten ha ei kjensle av at han / ho blir intervjuet.

⁵ Botolv Helleland nemner også subjektsforma *deko* i ein artikkel (Helleland i Opedal, 2005, s. 245).

Med dette i tankane valde eg å vera open med informantane om at det er dialektendring eg skriv om, men oppfordra dei til å snakka så naturleg som mogleg. Spørsmåla eg stilte kom frå ein intervjugaid som eg hadde laga etter modell av Dialektendringsprosessar sin mal.

Spørsmåla eg stilte dreia seg sjeldan om språklege tema, men hovudsakleg om ting som det var lett å fortelja noko om. Intervjua mine var semistrukturerte, noko som inneber at dersom informantane sjølve begynte å føra samtalen inn på ei ny retning av eiga interesse, lét eg vera å gripa inn som intervjuar. Det var større behov for å styra samtalen med ungdommane enn dei vaksne og eldre, rett og slett av di dei unge snakka mindre enn dei eldre gjorde, men eg forsøkte alltid å strukturera intervjuet så lite som mogleg.

Dialektendringsprosessar tilrår at intervjuaren snakkar ei dialekt som liknar på informantane sin, for at dei ikkje skal leggja om sin eigen språkbruk for mykje i samtalen (Anderson, 2011, s. 10). Eg er sjølv oppvaksen på Lofthus, og snakkar ei nyare Ullensvang-dialekt med litt bergensk tonefall, men meir tradisjonelt enn dei unge som veks opp no. Difor forsøkte eg å gjera språket mitt mindre framtrudande når eg snakka med dei unge.

3.8. Intervjusituasjonen

Ungdomsintervjua i 2014 vart gjort på to dagar i februar på barne- og ungdomsskulane i Kinsarvik og på Hauso. Eg forklarte for elevane kva arbeidet mitt gjekk ut på, og fekk deretter underskrifter frå dei om at dei ville vera med. Intervjua vart utførte med to gitarar for seg og to jenter for seg, med ein mikrofon for kvar informant, og vart tekne opp på eit ledig rom på den einskilde skulen. Her la eg vinn på å gjera situasjonen så avslappa og uformell som mogleg, og sa til dei at det ikkje finst rette eller galne svar på spørsmåla dei ville få. Elles vil ein ungdomsskuleelev lett kjenna seg i ein meir formell skulesituasjon sidan intervjuet finn stad på skulen. Ein mest mogleg uformell situasjon er det beste middelet for å få fram naturleg tale (Anderson, 2011, s. 9).

I mars 2013 gjorde eg sosiolingvistiske målføreintervju på Lofthus som skulle brukast av Helge Sandøy i ei bok om talemålsendring i Noreg. Intervjua gjorde også her bruk av ein liknande intervjuguide. Dersom eg hadde valt ut informantane tilfeldig den gongen, stod eg fritt til å bruka i masteroppgåva mi òg. Guteintervjuet frå austsida i 2014 hadde berre resultert i 26 minutt fri tale, så eg la til eit ungdomsintervju eg hadde gjort i 2013 med to gitarar for å

dobla taletida. Intervjuet frå 2013 vart gjort heime hjå ein informant, noko som alltid gjer situasjonen meir avslappa.

Dei åtte parintervjua i med vaksne og eldre vart gjennomførte i løpet av to veker i mars 2014. For å gjera det lettare for informantane å finna samtalepartnarar tillét eg at dei kunne representera motsette kjønn, og stundom ulike årsklassar dersom aldersskilnaden var liten. I dei fleste tilfella utførte eg intervjua heime hjå informantane, men eitt intervju vart gjort på ein arbeidsplass. Sidan det er store avstandar i heradet og kollektivtilbodet er avgrensa, var det til stor hjelp å få låna bil til å frakta både intervjuaren og opptaksutstyret til og frå kvar stad. Eg nytta intervjugaiden som utgangspunkt til desse intervjua òg, men samtalen flaut ofte så godt at det ikkje var naudsynt å stilla så mange ekstra spørsmål. I ettertid viste det seg at mannsintervjuet i midtgruppa på austsida hadde fått for lite taletid. Dette kunne eg heldigvis slå saman med eit mannsintervju frå 2013 med to tilfeldig utvalde midtklasseinformantar frå austsida for å oppjustera taletida.

Seinare i oppgåveprosessen oppdaga eg at eg hadde gjort ein feil då eg delte informantane mine inn i årsklassar. I staden for å bruka dei same, faste årstala for inndelingar i årsklassar som Dialektendringsprosessar brukar, trudde eg at årsklassegrensene var flytande i forhold til informantane sin reelle alder. Sidan systemet til DEP vart konstruert i 2009, hadde eg forskove årsklassegrensene med fem år, slik at dei skulle stemma overeins med faktiske livsfasar i 2014. Då eg oppdaga at dette var eit feilsteg, retta eg inn systemet mitt etter Dialektendringsprosessar sitt, men då var alle intervjua transkriberte allereie. Dette førte med seg at ein kvinneinformant frå vestsida, som eg trudde hørte til i årsklasse II, faktisk hørte til i årsklasse III og måtte flyttast dit. Ein av midtklasseinformantane som eg opphavleg hadde rekna til årsklasse III, måtte over til årsklasse IV. Fordelinga av taletid og informantar har blitt noko skeivare på grunn av dette.

Både mine eigne intervju og dei eldre intervjua vart transkriberte til nynorsk normalortografi ved hjelp av dataprogrammet Praat. For å unngå transkripsjonsfeil, vart kvar transkripsjon korrekturlesen av ein annan transkriptør. Alle personnamn vart deretter anonymiserte og det vart laga ei metafil med vesentleg bakgrunnsinformasjon om kvart intervju og kvar informant. Til slutt vart alt materialet lasta opp i databasen Talebanken for koding og analyse. Sjå tabell 22 for det samla materialet fordelt etter kjønn og årsklasse.

Kjønn		Årsklassar					I alt
		0	I	II	III	IV	
Menn	<i>Taletid (min.)</i>	60	89	130,1	107	117,7	503,8
	<i>Personar</i>	4 stk.	4 stk.	4 stk.	5 stk.	7 stk.	24 stk.
Kvinner	<i>Taletid (min.)</i>	36	36	122	201	81,75	476,8
	<i>Personar</i>	4 stk.	4 stk.	3 stk.	5 stk.	4 stk.	20 stk.
I alt	<i>Taletid</i>	96	125	252,1	308	199,45	980,6
	<i>Personar</i>	8 stk.	8 stk.	7 stk.	10 stk.	11 stk.	44 stk.

Tabell 22: Samla materiale etter årsklasse, kjønn, taletid og personar.

Ettersom eg berre har samanlikna fjordsidene i dei tre yngste årsklassane, viser eg i tabell 23 berre det materialet som ligg til grunn for den geografiske analysen, altså årsklasse II-IV. Eg forklarar dette nærare i resultatkapitlet.

Fjordside		Årsklasse II	Årsklasse III	Årsklasse IV	I alt
Aust	<i>Taletid</i>	142,8 min.	131 min.	107,16 min.	380,96 min.
	<i>Personar</i>	4 stk.	5 stk.	7 stk.	16 stk.
Vest	<i>Taletid</i>	109,3 min.	177 min.	92,29 min.	378,59 min.
	<i>Personar</i>	3 stk.	5 stk.	4 stk.	12 stk.
I alt	<i>Taletid</i>	252,1 min.	308 min.	199,45 min.	759,55 min.
	<i>Personar</i>	7 stk.	10 stk.	11 stk.	28 stk.

Tabell 23: Materialet i årsklasse II-IV etter fjordside, taletid og personar.

4. Resultat

4.1. Utrekning og notasjon

Når ein skal rekna grupperesultat av kvantitative data i sosiolingvistikk, er det viktig at kvar informant i materialet har like stor vekt, uavhengig av om han/ho uttalar ein variabel mange gonger eller få. Difor må ein ikkje berre rekna prosent av belegtalet på kvar variant i gruppa, men rekna gjennomsnittet av dei individuelle prosenttala. Ein må berre hugsa å utelata informantar som har null treff på den aktuelle variabelen frå snittrekninga. Desse gjennomsnittsprosentane vert rekna ut automatisk i Talebanken, men er alltid kontrollsjekka manuelt i Excel.

Dersom ikkje anna er opplyst, er kvar og ein av dei språklege variablane sjekka opp mot årsklassar, kjønn og geografisk fordeling. Dei geografiske resultatane mine gjeld berre dei nye intervjuane, altså årsklasse II, III og IV. Grunnen til det er at resultatane ville bli skeive dersom eg skulle samanlikna t.d. austsida og vestsida av fjorden når alle informantane i årsklasse 0 og I kjem frå austsida, bortsett frå éin informant. Når eg har sett på variasjon mellom kjønna, var det ingen grunn til å avgrensa materialet til dei nye intervjuane, for begge kjønna er representerte i alle aldersgrupper. Difor har eg igjen brukt heile materialet til å undersøkje kjønnsfordelingane.

Eg opererer med éin fonologisk variabel, resten er i hovudsak leksikalske eller morfologiske. I desse variablane har eg funne det mest føremålstenleg å omtala variantane utan lydskrift, særleg fordi uttalen av ein einskild variant faktisk kan variera noko fleire stader. Eit døme er varianten *aoko* av V5, der eg har slått saman uttale med diftong eller monoftong i ein variant. Eit anna døme er varianten *me* av V3 som vil verta uttala /me:/ av ein informant utan samanfall mellom /e/ og /ɛ/, medan ein informant med samanfall vil ha ein opnare uttale, nærmare /mɛ:/. Av omsyn til slik variasjon meiner eg det vert riktigast å unngå spesifiserande lydskrift bortsett frå i omtalen av V1, som er fonologisk.

I tabellane står N for talet på treff og % for prosenten i kvar gruppe. Det er dessutan utført signifikanstesting for å rekna ut probabilitetsnivået på alle dei språklege variablane etter

årsklasse, kjønn og fjordside, og ved å kombinera variablane. Der analysen har rekna seg fram til signifikante skilnader mellom variantane, er det opplyst om kor stor signifikansen er i tabellen. I sosiolingvistiske granskingar med eit relativt lite materiale, er det vanleg å enda opp med ikkje signifikante skilnader. Slik er det også i mitt materiale, men eg har ikkje sett nytten i å notera ned mangelen på signifikans. I dei tabellane der det ikkje er opplyst om signifikans i det heile, er det heller ikkje signifikante skilnader. Innanfor variablane er det likeeins berre opplyst om signifikans mellom dei variantane som har signifikante skilnader seg imellom. Symbola for å visa signifikansen er forklart i tabell 24.

Probabilitetsnivå	Symbol	Tyding
$p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikans

Tabell 24: Probabilitetsnivå, symbol og tyding.

4.2. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á

Diagramma nedanfor er eit resultat av å ha koda 8992 treff i materialet mitt for å høyra om det er monoftong- eller diftonguttale av norrøn lang á. Allereie blant dei eldste informantane var det ein del variasjon å høyra, og dette kan forklarast på fleire måtar. I trykkting posisjon er diftongen som regel godt høyrbar blant dei tre eldste aldersgruppene, særleg den lange varianten, /aʊ:/, t.d. i pret. av *á eta* - /aʊ:t/. Den korte varianten, /aʊ/, får ofte ikkje like open uttale, av di taletida vert forkorta i ord som *grátt* og *smátt*, og diftongen kan nærma seg /ɔʊ/, t.d. /grɔʊt/, /smɔʊt/. Men når stavinga vert trykklett, slik som preposisjonen *pá* i *han stod pá haugen*, *eg gjekk pá skogen*, vil diftongen ofte forsvinna heilt, sjølv hjá ein konsekvent diftongbrukar. Uttalen vert ofte nærmare ein /a/: /pa hæ:jen/, /pa sku:jen/. Slike treff, som det ikkje var svært mange av, vart oftast merkte som utydelege. Skilnaden på monoftong og diftong vart dermed ikkje så enkel å høyra som ein skulle tru, men eg har halde meg til fylgjande prinsipp: Eg har skilt konsekvent mellom diftong og monoftong, men ikkje mellom kort og lang diftong, eller gjort skilnad på vokalkvaliteten. Den nyare monoftong-uttalen /ɔ/, som i /bɔ:t/ *bát*, er som regel lett å kjenna att både i trykklett og trykkting posisjon. Har eg vore usikker på om eit treff var monoftong eller diftong, har eg merkt funnet som «utydeleg»,

og slike treff har ikkje kome inn i statistikken. Konjunksjonen *både* er eitt av få ord med *å* som eg ikkje har merkt, av di det vart uttala *bæði* i gamalnorsk og av di det har aldri har vorte uttalt med diftong i dialekta.

Eg fann også om lag 100 treff med døme på at /*au*/-en har blitt endra til /*a*/ i ein del ord, slik som *då, frå, klårt, måndag, utgåve, oppgåve, åleine, målar og skåpet*. Desse treffa valde eg å utelata frå statistikken ved å merka dei som *anna*. Fenomenet inntreffer nemleg berre i nokre utvalde ord – dei same orda som får *a*-uttale i ein del norske bymål. Dei fleste orda som kjem av gamalnorsk lang *á*, som *båt, tåre, på, grå, små* etc., vert ikkje påverka av noko vokalskifte til *a*. Difor bør dette reknast som eit sidefenomen.

4.2.1. V1: Diftongering av gamalnorsk lang *á* etter årsklasse

Årsklasse	/au/		/ɔ/		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	528	88,5	55	11,5	583	100
Årsklasse I	718	73,6	333	26,4	1051	100
Årsklasse II	969	44,8	1352	55,2	2321	100
Årsklasse III	1140	29,5	1913	70,5	3053	100
Årsklasse IV	21	2,2	1477	97,8	1498	100
Totalt	3376	43,5	5130	56,5	8506	100
<i>p: 0 ≠ II (**), 0 ≠ III (***) , 0 ≠ IV (***) , I ≠ II (*), I ≠ III (***) , I ≠ IV (***) , II ≠ IV (**)</i>						

Tabell 25: V1, diftongering av gamalnorsk lang *á* etter årsklasse.

Me ser at det allereie er variasjon i årsklasse 0, med 11,5 % /*ɔ*/. Desse treffa er i stor grad i trykklett posisjon, ofte rask tale av konjunksjonar, adverb og preposisjonar som *hjá, ifrå, når, oppå, på* og *tå*. Monoftongbruken aukar frå årsklasse til årsklasse, men største endringane skjer mellom årsklasse I og II og mellom III og IV. I årsklasse IV er diftongbruken gått ned til ca. to prosent, noko som samtidig fører til at monoftongen i årsklassen har nådd eit høgare nivå enn diftongen hadde i årsklasse 0, nemleg 97,8 %.

Det er 21 diftongtreff i årsklasse IV, og dei stammar frå sju informantar. Over halvparten er i pronomena *aoko* eller *aokans* og eitt er stadnamnet Jåstad, men det er fem treff på *då*, og eitt treff på kvart av dei fylgjande orda: *år, årstidene, åtte* og *nittiåttar-laget*.

4.2.2. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter fjordside

Fjordside	/aʊ/		/ɔ/		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Aust	743	16,1	2218	83,9	2961	100
Vest	1387	31,3	2524	68,8	3911	100
Totalt	2130	22,6	4742	77,4	6872	100

Tabell 26: V1, diftongering av gamalnorsk lang á etter fjordside.

Både vestsida og austsida har eit fleirtal av monoftongar, men fordelinga er jamnare på vestsida. Her er det nesten 1/3 diftongbruk i materialet, medan austsida har under ein sjettedel diftongbruk.

4.2.3. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter kjønn

Kjønn	/aʊ/		/ɔ/		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	1508	45,9	2750	54,1	4258	100
Mann	1868	41,5	2380	58,5	4248	100
Totalt	3376	43,5	5130	56,5	8506	100

Tabell 27: V1, diftongering av gamalnorsk lang á etter kjønn.


I alt har kvinnene gjennomsnittleg noko mindre monoftongbruk og meir diftongbruk enn mennene har. Sidan dette er ein variabel med stort trefftal og endringa er stor, kan det vera interessant å kryssa variabelen kjønn med årsklasse for å få eit innblikk om det er generasjonsmessige skilnader mellom kvinner og menn i variabelen. Resultata kan sjåast i tabell 28, og figur 13 nedanfor illustrerer nedgangen i diftongbruk i dei ulike kjønna.

4.2.4. V1: Diftongering av gamalnorsk lang á etter kjønn og årsklasse

	/aʊ/		/ɔ/		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinner						
Årsklasse 0	218	91,5	25	8,5	243	100
Årsklasse I	237	72,7	86	27,3	323	100
Årsklasse II	303	27,6	817	72,4	1120	100
Årsklasse III	748	35,5	1203	64,5	1951	100
Årsklasse IV	2	0,4	619	99,6	621	100
Totalt	1508	45,5	2750	54,5	4258	100
Menn						
Årsklasse 0	310	84,6	30	15,4	340	100
Årsklasse I	481	74,4	247	25,6	728	100
Årsklasse II	666	57,7	535	42,3	1201	100
Årsklasse III	392	23,4	710	76,6	1102	100
Årsklasse IV	19	3,3	858	96,7	877	100
Totalt	1868	48,7	2380	51,3	4248	100

p for årsklasse II: Kvinner ≠ Menn (T)

Tabell 28: V1, diftongering av gamalnorsk lang á etter kjønn og årsklasse.



Figur 13: Utviklinga av /aʊ/ hjå kvinner og menn i årsklasse 0 til IV.

Mennene har ein nokså gradvis nedgang i diftongbruk gjennom alle årsklassane. Den største endringa hjå menn er på 34,2 % frå årsklasse II til III, og den skuldast nok at årsklasse III for menn rommar dei tre fyrste konsekvente monoftongbrukarane i materialet, fødte på 1970-talet.

Utviklinga hjå kvinnene er ikkje så likefram. Kvinnene tek til i årsklasse 0 med ein sju prosent høgare diftongbruk enn mennene har i same gruppa. Diftongbruken minkar raskare enn mennene sin frå årsklasse 0 til I før han gjer eit stup på 45,1 % til årsklasse II og endar på 27,6 %. Denne prosenten er 30 % lågare enn mennene i årsklasse II og 8 % lågare enn kvinnene i årsklasse III. Derifrå og til årsklasse IV forsvinn nesten diftongen for kvinnene – eitt treff på kvart av orda *aoko* og *aokans* frå ein informant er dei einaste diftongane for

kvinner i årsklasse IV (0,4 %). Det er berre menn i årsklassen som brukar diftongen utanom desse pronomena, og diftongprosenten der held seg enno på 3,3 %.

4.3. V2: Determinativet *det*

Me går no over til dei leksikalske variablane. Determinativet *det* har to variantar i Ullensvang: *da* og *de*. Nett som då det galdt realisasjonen av lang *á*, måtte denne variabelen undersøkjast med nokre atterhald. I mange dialekter, også i ullensvangmålet, har *det* no erstatta *der* som formelt subjekt i utsegnsetningar. Då kan uttalen /da ϵ / for *det er* i rask tale få den kontraherte forma /d ϵ /, som blir umogleg å skilja frå den kontraherte forma av /d ϵ ϵ /. Dermed kan ei setning som *det er fint vêr i dag* uttalast likt både av ein *da*-brukar og ein *de*-brukar. Løysinga blei å ikkje merka nokon treff med *det* der ordet kom rett før verbet *er* eller noko anna ord på *e*.

Grunna eit svært stort tal på treff gjorde eg eit utval på om lag 2500 treff for å få eit godt statistisk grunnlag. Utvalet vart gjort ved at eg gav dataprogrammet *Talebanken* beskjed om å sortera treffa på ordet *det* alfabetisk. Då kjem alle treffa med store bokstavar fyrst, altså frå byrjinga av ei setning, frå *Det a* til *Det å*, og deretter fylgjer alle treffa med små bokstavar, frå *det a* til *det å*. Eg har koda alle treffa med store bokstavar utanom alle *Det e* og heldt fram med å koda treff med små bokstavar fram til *det i*. Då hadde trefftalet nådd eit nivå som eg var nøgd med. Utydelege treff har eg utelate frå statistikken. Det karakteristiske for heile denne variabelen er at ingen informantar har jamn fordeling mellom *da* og *de* - dei har alle ei overvekt av den eine eller andre varianten.

4.3.1. V2: Determinativet *det* etter årsklasse

Årsklasse	da		de		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	246	99,6	1	0,4	247	100
Årsklasse I	348	96,4	16	3,6	364	100
Årsklasse II	546	95,9	26	4,1	572	100
Årsklasse III	578	66,9	201	33,1	779	100
Årsklasse IV	165	37,8	300	62,2	465	100
Totalt	1883	75,5	544	24,5	2427	100
<i>p</i> : 0 \neq IV (**), I \neq IV (**), II \neq IV (**)						

Tabell 29:V2, determinativet *det* etter årsklasse.

Varianten *de* har eitt einaste treff i årsklasse 0, elles er *da* einerådande med 246 treff. I årsklasse I er *de*-prosenten nesten 4, og han endrar seg lite til årsklasse II. I årsklasse III har prosenten auka med om lag 29, og denne auken held fram til årsklasse IV, igjen med 29 % skilnad. Prosentdelen *da* er for fyrste gong i mindretal i yngste årsklassen, og fyrst her vert dei tre fyrste konsekvente *de*-brukarane registrerte.

4.3.2. V2: Determinativet *det* etter fjordside

	da		de		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Aust	643	62,5	308	37,5	951	100
Vest	646	63,0	219	37,0	865	100
Totalt	1289	62,7	527	37,3	1816	100

Tabell 30:V2, determinativet *det* etter fjordside.

Variasjonen mellom *da* og *de* er slående lik på austsida og på vestsida. Begge fjordsidene har ei overvekt av *da*, men bruken av *de* ligg nær 40 %.

4.3.3. V2: Determinativet *det* etter kjønn

Kjønn	da		de		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	879	76,5	241	23,5	1120	100
Mann	1004	74,6	303	25,4	1307	100
Totalt	1883	75,5	544	24,5	2427	100

Tabell 31:V2, determinativet *det* etter kjønn.

Det er liten skilnad mellom kjønna i denne variabelen, men kvinnene brukar i snitt ca. to prosent meir *da* enn mennene gjer.

4.4. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform

4.4.1. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter årsklasse

Årsklasse	me		vi		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	200	100	0	0	200	100
Årsklasse I	285	100	0	0	285	100
Årsklasse II	542	99	7	1	549	100
Årsklasse III	739	97,3	16	2,7	755	100
Årsklasse IV	313	80,1	213	19,9	526	100
Totalt	2079	94,3	236	5,8	2315	100

Tabell 32:V3, pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter årsklasse.

Som me ser, er dette i praksis ikkje nokon variabel i det heile før me kjem til årsklasse II, som har 1 % treff med *vi*. Pronomenet aukar ikkje mykje fram til årsklasse III, men i årsklasse IV har det gjort eit hopp til nesten 20 %. Varianten *vi* viser ein aukande trend, men det er enno i stort mindretal, og det verkar personbasert. Berre éin informant, frå årsklasse IV, seier konsekvent *vi*, medan det finst konsekvente *me*-brukarar i alle årsklassane.

4.4.2. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter fjordside

Fjordside	me		vi		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Aust	775	97	18	3	793	100
Vest	819	82,9	218	17,1	1037	100
Totalt	1594	91	236	9	1830	100
<i>p</i> : Aust ≠ Vest (*)						

Tabell 33: V3, pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter fjordside.

I variabel V3 er det markert meir bruk av *vi* på vestsida enn på austsida, ca. 17 % mot 3 %. Det som likevel må nemnast, er at alle *vi*-brukarane på vestsida kom frå same skulekrinsen, nemleg Vikebygd. Alle informantane som kom frå Hauso eller Vines skulekrinsar, hadde 100 % bruk av *me*, men desse to skulekrinsane har berre fire representantar til saman grunna tilfeldig utval. Snittbruken av *vi* i Vikebygdkrinsen åleine er på 25,6 %. På austsida er snittprosenten av *me* på over 93 % i alle skulekrinsar, men *vi* er også representert i alle krinsane i aust, i motsetnad til på vestsida. Difor må ein vera forsiktig med å konkludera på grunnlag av desse tala.

4.4.3. V3: Pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter kjønn

Kjønn	me		vi		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	1159	89,8	215	10,2	1374	100
Mann	920	97,9	21	2,1	941	100
Totalt	2079	94,3	236	5,8	2315	100

Tabell 34: V3, pronomen, 1. person fleirtal, subjektsform, etter kjønn.

Gjennomsnittleg har kvinnene i materialet mitt litt over ti prosent bruk av *vi* mot to prosent hjå mennene. Som me ser på trefftalet, er det ti gonger så mange treff på *vi* frå kvinner enn frå menn i materialet, men snittet blir drege ned av at dei stammar frå nokre få informantar. Det er to kvinner i årsklasse IV som står bak til saman 210 av *vi*-treffa, og dei to har respektive 100 % og 98,2 % bruk av *vi*. Dei skil seg kraftig ut frå resten av informantane ved at dei også

er dei einaste informantane i materialet som har overvekt av *vi* i det heile - den som kjem nærmast, er ein mann i årsklasse III som har 20,3 % *vi*.

4.5. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform

Denne variabelen fekk til saman 174 treff i materialet. Skilnaden mellom variantane /aʊ:ko/ og /ɔs/ er lett å høyra, men enkelte yngre informantar som brukar monoftong for gamalnorsk lang *á*, har ein tendens til å seia /ɔ:ko/. Desse treffa har eg rekna til varianten *aoko*.

4.5.1. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter årsklasse

Årsklasse	aoko		oss		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	13	100	0	0	13	100
Årsklasse I	25	90	1	10	25	100
Årsklasse II	22	74,6	12	25,4	34	100
Årsklasse III	50	60,4	12	39,6	62	100
Årsklasse IV	8	35	31	65	39	100
Totalt	118	63,8	56	36,2	173	100

Tabell 35:V4, pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter årsklasse.

Årsklasse 0 har hundre prosent bruk av *aoko*, men det fyrste treffet med *oss* kjem inn i årsklasse I. Det utgjer ti prosent av treffa i den gruppa. Tolv treff med *oss* er registrerte i årsklasse II mot 22 *aoko*. Talet på *oss*-treff i årsklasse III er også 12, men dei er uttala av fleire informantar, nokre av dei brukar utelukkande *oss*, og det aukar prosenten. I årsklasse IV er *oss* oppe i 65 %, medan *aoko* har fått 35 % frå 8 treff, med tre konsekvente brukarar. Varianten *oss* er likevel den dominerande forma i denne årsklassen.

4.5.2. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter fjordside

Fjordside	aoko		oss		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Aust	33	60,7	16	39,3	49	100
Vest	47	46	39	54	86	100
Totalt	80	54,2	55	45,8	135	100

Tabell 36:V4, pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter fjordside.

I motsetnad til variasjonen mellom *vi* og *me*, er ikkje fordelinga mellom *aoko* og *oss* avgrensa til nokon spesiell skulekrins. Begge variantane er registrerte i alle skulekrinsar. Resultatet er

at snittprosenten av *aoko* er i overvekt på austsida (over 60 %), medan *oss* er i fleirtal på vestsida (54 %).

4.5.3. V4: Pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter kjønn

Kjønn	aoko		oss		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	80	71,9	29	28,1	109	100
Mann	38	56,2	27	43,8	65	100
Totalt	118	63,8	56	36,2	174	100

Tabell 37:V4, pronomen, 1. person fleirtal, objektsform, etter kjønn.

Statistikken mellom kjønnene viser at kvinnene i snitt brukar *aoko* oftare enn mennene gjer. Varianten *aoko* er den vanlegaste for begge kjønnene, men *oss* er på nær 44 % i snitt hos mennene, ca. 16 prosent meir enn hos kvinnene.


4.6. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal

Opphavleg opererte eg også med possessiv i 2. person fleirtal som variabel, men då det berre var 4 treff på variabelen i heile materialet, både på same variant (*dekan*) og frå same informant, vart det umogleg å undersøkje noko variasjon. I possessiv i 1. person fleirtal (V5) var det derimot til saman 47 treff i materialet, nok til å få eit statistisk innblikk i variasjonen. Som i den førre variabelen har eg også her rekna treff med monoftong, t.d. /ɔ:kans/ eller /ɔ:kan/ til same variant som treffa med diftongbruk. Det som derimot er avgjerande, er om det er /s/ på slutten av ordet eller ikkje, av di variantar med -s truleg er resultat av analogi med possessivformer som *hans* og *deirans*. Dessutan finst det treff med diftongert uttale av /vɔ:ɛ/, altså /vɔ:ɛ/ og liknande – dei er òg rekna til varianten *vår*. Bøygde former av denne varianten, t.d. /vɔ:ɛɛ/, /vɔ:ɛt/ er også rekna under *vår* fordi variantane /vɔ:ɛas/, /ɔ:kans/ og /ɔ:kan/ ikkje kan bøyast.

4.6.1. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal, etter årsklasse

Årsklasse	aokan		aokans		vår		våras		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	3	100	0	0	0	0	0	0	3	100
Årsklasse I	1	100	0	0	0	0	0	0	1	100
Årsklasse II	6	68,7	1	6,2	1	25	0	0	8	100
Årsklasse III	4	75	0	0	2	25	0	0	6	100
Årsklasse IV	0	0	7	40,6	5	28,1	17	31,2	29	100
Totalt	14	43,1	8	19,4	8	23,6	17	13,9	47	100
<i>p</i> for <i>aokan</i> : T.										

Tabell 38:V5, possessiv, 1. person fleirtal etter årsklasse.



Figur 14: V5, possessiv, 1. person, fleirtal, etter årsklasse.

Den tradisjonelle forma *aokan* har tre treff i årsklasse 0 og eitt i årsklasse I, og informantane som uttalar dei, er berre éin i kvar årsklasse. Når dette utgjør hundre prosent for varianten, seier det oss ikkje svært mykje, men me kan gå ut ifrå at det var lite variasjon i desse årsklassane. Årsklasse II er derimot meir interessant. Her er sju treff for tradisjonsvarianten, uttala av fire ulike informantar. Det fyrste treffet på både *aokans* og *vår* dukkar opp her, men dei får ulik vektning. Grunnen er at informanten som seier *vår*, er konsekvent, medan informanten som seier *aokans*, vekslar.

I årsklasse III er det tre informantar som seier *aokan*, og ein som seier *vår*. Sidan alle fire er konsekvente, blir fordelinga 75-25. Dette er siste årsklassen der *aokan* er registrert, og det «yngste» treffet på varianten er frå ein informant fødd i 1958. Til årsklasse IV går *aokans* frå null til 40,6 %, og *vår* aukar til over 28 %. Dette er den einaste årsklassen der *våras* er registrert og får over 30 %. Dette er faktisk den mest talrike varianten i årsklassen målt i treff, men prosenten blir ikkje høgare av di heile 13 av dei 17 treffa kjem frå same informanten.

4.6.2. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal, etter fjordside

Fjordside	aokan		aokans		vår		våras		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Aust	1	12,5	7	40,6	7	46,9	0	0	15	100
Vest	9	59,4	1	3,1	1	6,3	17	31,3	28	100
Totalt	10	35,9	8	21,9	8	26,6	17	15,6	43	100

p for *våras*: Aust ≠ Vest (*)

Tabell 39: V5, possessiv, 1. person, fleirtal, etter fjordside.

Varianten *våras* har ikkje fått nokon treff på austsida av fjorden⁶, men det tyder ikkje at forma ikkje er i bruk der. Austsida har fått flest treff på *aokans* (med eller utan diftong) og bøygde former av *vår*, over 40 % kvar. Tradisjonsforma *aokan* har fått 12 % der, men er den vanlegaste varianten på vestsida, med 59 %. *våras* har fått 31 % der, medan *aokans* og *vår* har fått eitt treff kvar. Ein må vera forsiktig med å konkludera her grunna få belegg.

4.6.3. V5: Possessiv, 1. person, fleirtal, etter kjønn

Kjønn	aokan		aokans		vår		våras		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	7	50	1	3,1	4	21,9	16	25	28	100
Mann	7	37,5	7	32,5	4	25	1	5	19	100
Totalt	14	43,1	8	19,4	8	23,6	17	13,9	47	100

Tabell 40: V5, possessiv, 1. person, fleirtal, etter kjønn.

Både hjå menn og kvinner i materialet er den vanlegaste varianten *aokan*. Men *aokans* ser ut til å vera vanlegast hjå menn; her er varianten nesten like høgt oppe som den tradisjonelle, medan kvinnene har eitt treff. Hjå kvinnene er *våras* (25 %) noko vanlegare enn *vår* (22 %). *Våras* har fått eitt treff hjå mennene, men *vår* er ein vanleg variant, med 25 % i snitt hjå menn.

4.7. Pronomensystemet i 1. person fleirtal

Dei fleste informantane i dei eldre opptaka har det tradisjonelle pronomenmønsteret i 1. person fleirtal: *me* og *aoko*. Det er færre belegg på possessiven, men dei to treffa som finst, er i varianten *aokan*.

I årsklasse II tek dette til å endra seg. To informantar der vekslar mellom *oss* og *aoko*, men er konsekvente på *me* og *aokan*. Ein tredje informant har hovudvekta av treffa sine i det tradisjonelle systemet, men har i tillegg eitt treff på *aokans* og fem treff på *vi*.

Årsklasse III har endå større variasjon. Ein informant her har konsekvent bruk av *oss* i objekt, men seier elles *aokan* og *me*. Nokre har det tradisjonelle systemet også her, men to vekslar mellom *me* og *vi*. I yngste delen av årsklassen er det to informantar med eit gjennomført pronomensystem utan diftongvariantar. Begge seier konsekvent *oss* og begge har ei hovudvekt av *vi* i subjekt, men varierer med *me*. Den eine har i tillegg konsekvent bruk av *vår* som possessiv.

⁶ Eg kan hugsa at varianten var vanleg i min generasjon (1986) på austsida då eg vaks opp.

I årsklasse IV er *aokan* gått ut. To informantar i årsklassen har eit system med *vi*, *oss* og *våras*. Alle dei andre informantane der har hovudvekt av *me* i subjekt, men fleire vekslar med *vi*. To informantar har eit konsekvent system med *me*, *aoko* og *aokans*. Éin informant seier konsekvent *me*, men vekslar både mellom *oss* og *aoko* og mellom *vår* og *aokans*. Ein annan seier konsekvent *oss* og *vår*. På vestsida var det ingen treff på variantar med diftong i årsklasse IV, korkje i objektspronomenet eller possessivet. Generelt kan ein seia at det tradisjonelle systemet endrar seg, men at materialet mitt ikkje har eintydige resultat som viser kva slags system som erstattar det.

4.8. V6: Pronomen, 2. person, fleirtal, subjektsform

Her er til saman 60 treff som representerer alle årsklassar. Statistikken ser slik ut etter årsklasse:

Årsklasse	de		deko (subj.)		dåke		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	4	100	0	0	0	0	4	100
Årsklasse I	6	100	0	0	0	0	6	100
Årsklasse II	12	100	0	0	0	0	12	100
Årsklasse III	33	87,5	0	0	3	12,5	36	100
Årsklasse IV	0	0	1	50	1	50	2	100
Totalt	55	84,2	1	5,3	4	10,5	60	100

Tabell 41:V6, pronomen, 2. person, fleirtal, subjektsform, etter årsklasse.

Denne variabelen følgjer same mønsteret som variasjonen mellom *vi* og *me* - han utgjer ikkje nokon variabel i det heile før *me* kjem til årsklasse III. Fram til då har *de* hatt 100 % av treffa. Interessant nok kjem varianten *dåke* inn i biletet i årsklasse III før subjektsforma *deko* dukkar opp i årsklassen etter. I årsklasse IV finst eitt treff med *dåke* og eitt med *deko*, noko som viser at begge formene eksisterer. Ingen treff med *de* dukkar opp i årsklasse IV, men det treng ikkje tyda at varianten er ute av bruk. Det som er tvilsamt, er om ein som brukar *de* som determinativ, vil nytta *de* som 2. persons subjekt, då desse formene er umoglege å skilja for ein person med samanfall mellom /e/ og /ɛ/. Dette kan eg diverre ikkje sjekka på grunn av få treff på variabelen i dei generasjonane der determinativet *de* blir vanlegare.

Det har lite for seg å fordela variabel V6 etter fjordside eller kjønn, av di treffa er så få og variasjonen liten.

4.9. V7: Pronomen, 2. person, fleirtal, objektsform

I materialet mitt har eg fått til saman 15 treff på denne variabelen, og dei høyrer alle til same varianten, nemleg *deko*. I eit utval på 44 informantar seier det seg sjølv at 15 treff ikkje er heilt reliabelt. Informantane som tilfeldigvis har uttala variabelen, høyrer til aldersgruppene I til IV. Dei to treffa i årsklasse IV omfattar eitt treff der *deko* står i predikativ og ei setning der *deko* står åleine og vert samanlikna med subjektet. Desse bør reknast som objektsformer og ikkje subjektsformer av di det er det vanlege mønsteret i dagens ungdomsgenerasjon, ifølgje Helge Sandøy. Resultata seier oss at *deko* er ein vanleg objektsvariant i desse årsklassane. Dessutan såg me i kap. 4.8. at *dåke* blir brukt i subjekt i årsklasse III og IV. Dei to informantane som sa *dåke* i subjekt har ikkje fått belegg på objektsforma, men det er grunn til å tru at *dåke*-brukarane også vil bruka *dåke* i objekt og ikkje *deko*.

4.10. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøyning


Dette er den fyrste av dei morfologiske variablane, og han er delt inn i variantane *ar*, *a* og *e*. Sf1, den syntaktisk-fonologiske regelen som gjer at r-en forsvinn framfor konsonant, gjorde det vanskelegare å avgjera kva for variant ein hadde med å gjera. Etter å ha undersøkt treffa nøgnare, kom eg fram til at dei einaste posisjonen der ein sikkert kunne avgjera varianten, var rett føre vokal eller pause. Difor vart alle dei variantane inndelte etter om dei stod framfor konsonant eller ikkje, og deretter vart det laga statistikk av dei treffa som ikkje stod framfor konsonant - til saman 345 treff.

Endinga *ar* er den tradisjonelle varianten i desse verbklassane. Endinga *a* er framand for ullensvangmålet i presens, men er vanleg i til dømes Ytre Hardanger og Voss. Den tredje varianten, *e*-endinga, høyrde tradisjonelt heime i døma-klassen.

4.10.1. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøyning, etter årsklasse

Årsklasse	-ar før vokal / pause		-a før vokal / pause		-e før vokal / pause		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	5	100	0	0	0	0	5	100
Årsklasse I	30	84,8	3	15,2	0	0	33	100
Årsklasse II	24	39,9	43	56,1	2	4	69	100
Årsklasse III	47	31,4	53	33,3	24	35,4	124	100
Årsklasse IV	2	1,5	3	5,3	109	93,2	114	100
Totalt	108	41,1	102	22,8	135	36,1	345	100
<i>p</i> for -ar:	0 ≠ II (*), 0 ≠ III (**), 0 ≠ IV (***), I ≠ II (*), I ≠ III (**), I ≠ IV (***), II ≠ IV (T)							
<i>p</i> for -a:	0 ≠ II (*), II ≠ IV (*)							
<i>p</i> for -e:	0 ≠ IV (***), I ≠ III (T), I ≠ IV (***), II ≠ IV (***), III ≠ IV (**)							

Tabell 42: V8, presens av kasta-klassen og blanda bøyning, etter årsklasse.



Figur 15: V8, presens av kasta-klassen og blanda bøyning, etter årsklasse.

Årsklasse 0 har berre fem treff, som alle er *-ar*. Variasjonen tar til i årsklasse I, der *ar*-prosenten minkar med om lag 15 % av di *a*-endinga får tre treff frå to informantar. Grunnen til at dei tre treffa får så stor innverknad er at den eine informanten har 100 % *a*-ending. Den største minkinga i snittprosenten av *-ar* har skjer mellom årsklasse I og II, der *ar*-endinga har gått ned til 40 %, og *a*-endinga er blitt mest frekvent med 56,1 %. Dei to fyrste treffa på *e*-ending kjem òg inn her, frå to informantar. Dei fleste informantane i årsklassen veksler mellom fleire variantar, men det er to konsekvente *a*-brukarar og ein konsekvent *ar*-brukar.

Endinga *e* har vakse til 35,4 % i årsklasse III. Snittprosenten er den høgste blant variantane, men fordelinga mellom dei er ganske jamn. Her er mykje veksling - ingen informantar seier konsekvent *-a* eller konsekvent *-ar*, men to informantar fødte i 1970-åra er dei eldste konsekvente *e*-brukarane i materialet. I årsklasse IV har *e*-prosenten stige kraftig til 93,2 %

mot 5,3 % *a* og 1,5 % *-ar*. Ni av elleve informantar brukar her konsekvent *-e*, medan dei siste to framleis varierer med *-a*, og / eller *-ar*.

4.10.2. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøying, etter fjordside

Fjordside	-ar før vokal / pause		-a før vokal / pause		-e før vokal / pause		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Aust	25	12	58	31,3	88	56,7	171	100
Vest	48	34,8	41	23,6	47	41,6	136	100
Totalt	73	21,8	99	28	135	50,2	307	100

Tabell 43:V8, presens av kasta-klassen og blanda bøying, etter fjordside.

På austsida har *e*-endinga nær 60 % av treffa. Endinga er også den mest brukte i vest, (41,6 %), men *-ar* ligg berre 6 % under. Endinga *a* er noko meir i bruk i aust enn i vest, men det er lite bruk av *-ar* i aust.

4.10.3. V8: Presens av kasta-klassen og blanda bøying, etter kjønn

Kjønn	-ar før vokal / pause		-a før vokal / pause		-e før vokal / pause		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	56	37,3	52	31,9	49	30,8	157	100
Mann	52	43,8	50	16,5	86	39,7	188	100
Totalt	108	41,1	102	22,8	135	36,1	345	100

Tabell 44:V8, presens av kasta-klassen og blanda bøying, etter kjønn.

Mennene brukar *ar*-ending i snitt 6,5 % oftare enn kvinnene. Kvinnene brukar *a*-endinga over 15 % meir enn mennene, men mennene har 9 % større bruk av *-e* enn kvinnene.

4.11. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen

Denne variabelen er inndelt i variantane *-ù*, *-e* og *-0*, men resultata viste seg å bli sterkt påverka av Sf2, regelen som dikterer bortfall av utlydsvokal, (sjå kap. 2.10.1.4). Dersom verba stod rett framom vokal, t.d.: *eg kjem ikkje heim i dag* /eg ɕçe:m içe hai:m i da:g/, ville det vera umogleg å avgjera om svarabhakti-vokalen eigentleg er ein *e*, ein *ù* eller om han manglar. Derimot kan ein tydeleg høyra skilnaden på og fråveret av svarabhakti-vokal framfor konsonant og framfor pause. Treffa vart difor inndelte både etter kva for variant dei representerte og om dei stod framfor vokal eller ikkje. Om lag 250 treff på sterke verb framfor vokal vart sorterte vekk.

I tillegg vert variabelen påverka av Sf3; vokalbortfall mellom to konsonantar med same uttalestad, (sjå kap. 2.10.1.4). Dette gjer det òg umogleg å avgjera kva for variant ein har med


å gjera. Dette fenomenet opptrer sjeldnare enn Sf2, men om lag 30 treff måtte lukast vekk. Til slutt laga eg statistikk av dei 623 treffa som stod framfor konsonant eller pause og som ikkje vart påverka av Sf3.

V9 er ein av fleire variablar som er mest interessant nord for Vendo og Hunstigen for å sjå på vekslinga mellom -ù og -e. Difor har eg alltid sett på kor mykje dei to informantane som har vakse opp sør for isoglossen, (i årsklasse III og IV), har hatt å seia for statistikken.

4.11.1. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen, etter årsklasse

Årsklasse	-ù før kons. / pause		-e før kons. / pause		-0 før kons. / pause		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	9	75	2	20	1	5	12	100
Årsklasse I	44	76,4	20	16	7	7,6	71	100
Årsklasse II	3	1,6	117	83,8	17	14,5	137	100
Årsklasse III	3	1	232	84,3	30	14,7	265	100
Årsklasse IV	0	0	102	75,2	36	24,8	138	100
Totalt	59	23,3	473	61,7	91	15	623	100
<i>p</i> for -e:	0 ≠ II (**), 0 ≠ III (**), 0 ≠ IV (**), I ≠ II (***), I ≠ III (***), I ≠ IV (***)							
<i>p</i> for -ù:	0 ≠ II (***), 0 ≠ III (***), 0 ≠ IV (***), I ≠ II (***), I ≠ III (***), I ≠ IV (***)							

Tabell 45: V9, presens av sterke verb og telja-klassen, etter årsklasse.



Figur 16: V9, presens av sterke verb og telja-klassen, etter årsklasse.

Variasjonen har teke til allereie i årsklasse 0. Av tolv treff har alle variantane fått belegg, sjølv om *ù* utgjer tre fjerdedelar. I årsklasse I, der treffa er 71, har *e*-en fått 16 %, mot 7,6 % *0*-ending og 76,4 % *-ù*. I begge desse årsklassane er det fleire konsekvente *ù*-brukarar. I årsklasse II er tilhøvet drastisk endra. Varianten *-e* har her 83,8 % medan *-ù* har fått 1,6 %, og ingen informantar i desse årsklassane har vakse opp sør for isoglossen. *0*-endinga har òg auka til 14,5 %. Prosenten vert dregen opp av ein informant som har 75 % *0*-ending, men varianten er registrert hjå 5 av 7 informantar.

Varianten *-ù* vert framleis registrert i årsklasse tre, hjå to informantar. Prosenten til *-e* er her om lag lik den i årsklasse II. 45 av *e*-treffa i årsklassen stammar frå sør for isoglossen og er dermed ikkje resultat av dialektendring, men dersom ein ignorerer desse, endrar prosenten seg likevel i lita grad. *0*-endinga er stabil, men her er ingen informantar som har overvekt av *-0*; det er derimot fleire som vekslar mellom 9 % og 37,5 %. I siste årsklasse aukar *0* til 24,8 % mot 75,2 % *e*-ending. Tre av informantane i årsklassen har mellom 50 og 70 % *0*-ending, og ho er godt representert hjå fleirtalet. Fire informantar brukar konsekvent *-e*; 9 av desse treffa kjem frå sør for isoglossen.

4.11.2. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen, etter fjordside

Fjordside	<i>-ù</i> før kons. / pause		<i>-e</i> før kons. / pause		<i>-0</i> før kons. / pause		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Aust	0	0	194	75,3	49	24,7	243	100
Vest	6	1,7	257	87,7	34	10,6	297	100
Totalt	6	0,8	451	80,6	83	18,7	540	100
<i>p</i> for <i>-e</i> : Aust ≠ Vest (*)								
<i>p</i> for <i>-ù</i> : Aust ≠ Vest (T)								

Tabell 46: V9, presens av sterke verb og telja-klassen, etter fjordside.

Alle treffa eg har funne på *-ù* i dei tre yngste generasjonane, kjem frå vestsida. Det er tydeleg at varianten er sjeldan også der – han kjem ikkje over to prosent. Den personlege prosenten hjå to av informantane som nyttar han, er likevel på om lag 7 %.

0-endinga er meir utbreidd i aust enn i vest. På austsida har fire informantar 50 % eller meir av varianten, medan ingen frå vestsida har større *0*-prosent enn 32,5. Dei fleste informantane har likevel belegg på endinga. Det er berre 4 frå austsida og 3 frå vestsida som ikkje har varianten i det heile.

4.11.3. V9: Presens av sterke verb og telja-klassen etter kjønn

Kjønn	-ù før kons. / pause		-e før kons. / pause		-0 før kons. / pause		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	17	22,7	263	59,8	44	17,6	324	100
Mann	42	23,8	210	63,3	47	12,9	299	100
Totalt	59	23,3	473	61,7	91	15	623	100

Tabell 47:V9, presens av sterke verb og telja-klassen, etter kjønn.

Her er skilnadene mindre. Største skilnaden her er at kvinnene i snitt manglar svarabhakti-vokalen noko oftare enn menn (ca. 5 % forskjell). Mennene har i snitt ca. 3,5 % oftare svarabhakti-*e* og eitt prosent høgare *ù*-frekvens enn kvinnene, men dei to informantane som har vakse opp sør for isoglossen, er kvinner, begge to. Viss me trekkjer frå dei to, får kvinnene i snitt 55 % *-e* og 25,5 % *-ù*.

4.12. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord

Variabelen V10 opererer med færre bøyingsklassar enn V11, variabelen for bestemt fleirtal av hokjønnsord. I V10 er det nemleg berre variasjonen mellom dei tradisjonelle endingane *-ùr* og *-er* som er interessant. Difor er variabelen avgrensa til å dekkja berre dei orda som tradisjonelt hadde *ùr*-bøying nord for isoglossen, nemleg svake hokjønnsord og omlydsklassen av sterke hokjønnsord, t.d. *jenter* og *bøker*.

Syntaktisk-fonologisk regel 1 påverkar både *-ùr* og *er*-endinga framfor konsonant. I tillegg til dette *r*-bortfallet høyrdest også uttalen *-e* framfor vokal og pause ofte nok til at denne måtte takast med som eigen variant. Utfordringa blei då å skilja mellom variantane *-er* og *-e*, og i ei ideell gransking med større trefftal kunne eg nok ha laga statistikk av berre dei treffa som kom framfor vokal og pause, slik eg gjorde i V8. Diverre er trefftalet i V10 på om lag ein tredjedel av det opphavlege trefftalet i V8. Difor ville eg missa for mange treff med denne metoden, og måtte då vurdert å utelata denne interessante variabelen. I staden har eg løyst problemet på følgjande måte.

I materialet er det ingen *ú*-uttale utan *r* framfor vokal og pause. Difor kan ein trygt rekna alle treff der ein høyrer vokalen *-ú* framfor konsonant, som *-ùr*. For å behandla *-ùr* og *-er* prinsipielt likt, har eg vidare rekna alle treff der eg høyrer vokalen *-e* framfor konsonant, som *-er*. Viss ikkje, ville *-ùr* få ein etter måten større beleggprosent enn *-er*, fordi ein ikkje kunne

vera sikker på om ein høyrde ein *-er* eller ein *-e*. Varianten *-e* omfattar difor berre treff utan *-r* framfor vokal og pause, der ein kan vera sikker på at det er *-e* som blir sagt. Utfordringa med denne løysinga er sjølvstøtt at nokre *er*-treff, i dei tilfella der *r*-en ikkje høyrst, i teorien kan vera varianten *-e*. Dét er ei svakheit med analysen her, som må takast med i tolkinga av statistikken. Det mest interessante i analysen er vokalovergangen frå *-ú* til *-e*, også nord for isoglossen.

4.12.1. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter årsklasse

Årsklasse	-ùr		-er		-e		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	29	100	0	0	0	0	29	100
Årsklasse I	58	91,5	5	8,5	0	0	63	100
Årsklasse II	7	18,2	63	81,1	1	0,8	71	100
Årsklasse III	0	0	66	97,5	2	2,5	68	100
Årsklasse IV	0	0	40	94,6	3	5,4	43	100
Totalt	94	33,6	174	64,2	6	2,2	274	100
<i>p</i> for <i>-er</i> :	0 ≠ II (***) , 0 ≠ III (***) , 0 ≠ IV (***) , I ≠ II (***) , I ≠ III (***) , I ≠ IV (***)							
<i>p</i> for <i>-ùr</i> :	0 ≠ II (***) , 0 ≠ III (***) , 0 ≠ IV (***) , I ≠ II (***) , I ≠ III (***) , I ≠ IV (***) , II ≠ IV (T)							

Tabell 48: V10, ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter årsklasse.

I årsklasse 0 er det ingen variasjon - dei 29 treffa herifrå er alle saman *-ùr*. I årsklasse I vert det registrert fem treff på *-er* frå to informantar (8,5 %), og *-ùr* minkar difor tilsvarande. Når me veit at korkje årsklasse 0, I eller II inneheld nokon informantar frå søranfor isoglossen, talar statistikken for årsklasse II tydeleg. Her er *-er* i fleirtal med 81 %, medan snittprosenten til *-ùr* går ned til 18,2. Varianten *-ùr* har her 7 treff frå 3 informantar, men 2 av dei har faktisk 60 % *ùr*-bruk. Varianten er heilt ute frå og med årsklasse III.

I årsklasse III og IV er *-er* nær dominans med over 90 % av treffa. Det einaste som opprettheld variasjonen, er endinga *-e*, som altså kan vera noko meir frekvent enn statistikken viser.

4.12.2. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter fjordside

Fjordside	-ùr		-er		-e		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Aust	3	4	74	91	5	5	82	100
Vest	4	6,1	95	93,1	1	0,8	100	100
Totalt	7	4,9	169	91,9	6	3,3	182	100
<i>p</i> for -er: Aust ≠ Vest (*)								
<i>p</i> for -ùr: Aust ≠ Vest (T)								

Tabell 49:V10, ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter fjordside.

Endinga *-er* er den absolutt vanlegaste på begge fjordsidene, og *ùr*-prosenten er sameleis svært låg. Varianten *-e* ser ut til å vera litt meir talrik i aust, men her er små skilnader.

4.12.3. V10: Ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter kjønn

Kjønn	-ùr		-er		-e		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	33	35,7	83	61	3	3,3	119	100
Mann	61	31,9	91	66,8	3	1,4	155	100
Totalt	94	33,6	174	64,2	6	2,2	274	100

Tabell 50:V10, ubestemt fleirtal av sterke hokjønnsord med omlyd og svake hokjønnsord, etter kjønn.

Kvinnene har 4 % oftare *ùr*-ending enn mennene har, og mennene har ca. 6 % oftare *-er*. Kjønnfordelinga er altså nokså lik, men kvinnene har stor *ùr*-frekvens når me veit at dei to informantane som vaks opp sør for isoglossen, er kvinner. Trekkjer me frå dei, får kvinnene i snitt 55,8 % *-er* og 40,5 % *-ùr*.

4.13. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen

Det som er interessant i denne variabelen, er ikkje berre kva som skjer med isoglossen for fordelinga mellom endingane *-ùna*, *-ena* og *-dna*. Det er også vesentleg å sjå på når endinga *ene* kjem inn, altså kva tid utlyds-a-en blir erstatta av ein *-e*. Endinga *-ane* i ar-klassen er derimot ikkje interessant. Etter å ha luka ut verb i ar-klassen, stod materialet att med 162 treff på hokjønnsord i bestemt form fleirtal.

Eit element som gjorde det vanskeleg å skilja mellom *-ena* og *-ùna* somme stader, er når informanten har syllabisert /n/ etter /t/, /d/, /s/, /n/ og /l/, særleg i ord som tradisjonelt hadde

ùna-bøying, som *hendene* eller *jentene*. Dialekta hadde ikkje slik syllabisering tradisjonelt, men etter at ho har kome inn, har det vorte vanskelegare å skilja mellom kva for lyd som vert uttala i denne variabelen. Eg rekna treff der ein ikkje høyrer midtvokalen, til variantane *ena* eller *ene* alt etter sluttvokalen. Grunnen er at i dei norske dialektene som har syllabisering, er det nettopp fonemrekkefølga /en/ eller /en/ som vert syllabisert til /ɲ/, som i *guten*, /gʊ:tɲ/ (Sandøy, 1996, s. 42 og 52). Då kan ein gå ut ifrå at ein tilhøyrar ville tolka ein /ɲ/ i bestemt form hokjønn som ei samandraging av /en/ og ikkje /ɔn/.


4.13.1. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnord bortsett frå ar-klassen, etter årsklasse

Årsklasse	-ùna		-ena		-dna		-ene		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	19	74,5	3	11,6	3	13,9	0	0	25	100
Årsklasse I	18	22,9	19	51,3	16	24,4	1	1,4	54	100
Årsklasse II	1	3,6	27	29,5	2	17,1	11	49,8	41	100
Årsklasse III	0	0	6	18,3	0	0	24	81,7	30	100
Årsklasse IV	0	0	1	5,6	0	0	11	94,4	12	100
Totalt	38	18,3	56	25,3	21	11,4	47	45	162	100
<i>p</i> for <i>-ena</i> :	I ≠ IV (*)									
<i>p</i> for <i>-ùna</i> :	0 ≠ I (***) , 0 ≠ II (***) , 0 ≠ III (***) , 0 ≠ IV (***)									
<i>p</i> for <i>-ene</i> :	0 ≠ II (*) , 0 ≠ III (***) , 0 ≠ IV (***) , I ≠ II (*) , I ≠ III (***) , I ≠ IV (***) , II ≠ IV (*)									

Tabell 51:V11, bestemt fleirtal av hokjønnord bortsett frå ar-klassen, etter årsklasse.

I årsklasse 0 når *-ùna* opp i heile 74,5 %. Dette skuldast nok at klassen for svake hokjønnord er den største klassen for feminina, og at endinga dermed er frekvent. Tre treff på *-ena* gjev 11,6 % og tre på *-dna* gjev 13,9 %, men det er ingen *-ene*. Endinga *-ùna* er faktisk mindre frekvent enn både *-ena* og *-dna* allereie i årsklasse I, *-ena*-endinga er her klårt størst, men det er berre i to av treffa at dette skuldast at eit ord har skifta bøyingsklasse. Den høge prosenten kjem rett og slett av at endinga tilfeldigvis har blitt mykje brukt, og at fleire informantar ikkje har brukt andre variantar. Endinga *-dna* har også stige med om lag 10 %, særleg på grunn av

ein informant som har fått 100 % belegg. Det fyrste treffet på *-ene* er også registrert her, men prosenten er låg av di informanten som seier det, varierer talen sin.



Figur 17: V11, bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen, etter årsklasse.

Det er store forandringar i årsklasse II (sjå figur 17). Her er *-ene* klart størst, med 49,8 %, av di fleire informantar i denne årsklassen har konsekvent bruk. Variantene *-ena* med 27 treff er faktisk mest talrik, men sidan 22 av dei kjem frå same informanten, vert snittet 29,5 %. Endinga *-dna* får ein relativt høg prosent av to treff av di den eine informanten ikkje har belegg på andre variantar og får 100 % bruk. Endinga *-ùna* har berre eitt treff frå ein informant fødd i 1930 – det gjev 3,6 %. Endingane *-ùna* og *-dna* er heilt borte i dei to yngste årsklassane. Når det gjeld *-dna*-bøyinga så kjem alle treffa i materialet frå same ordet, nemleg *kyrne*, /ç̥yɖna/. Difor kan me trygt seia at nedgangen har ein nær samanheng med nye samtaleemne – ordet er ikkje brukt i årsklasse III og IV. Prosenten til *-ena* har minka frå årsklasse II til III, medan *-ene* har auka med over 30 %. I årsklasse IV stig *-ene*-prosenten til å bli nesten einerådande, med 94,4 %. Eitt treff på *-ena* frå ein informant som vekslar, gjev 5,6 %.

4.13.2. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen, etter fjordside

Fjordside	-ùna		-ena		-dna		-ene		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Aust	1	2,3	7	15,9	0	0	22	81,8	30	100
Vest	0	0	27	20,8	2	10,9	24	68,2	53	100
Totalt	1	1,1	34	18,4	2	5,4	46	75	83	100

Tabell 52: V11, bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen, etter fjordside.

Det er *-ene* som er mest frekvent på begge fjordsidene, men snittprosent er på over 80 i aust, mot 68,2 i vest. Prosenten til *-ena* er seks prosent høgare på vestsida enn på austsida. Endinga

ùna er berre registrert i aust og *-dna* berre i vest, men det er tvilsamt om dette tyder at den respektive varianten ikkje er i bruk på hi sida i røynda.

4.13.3. V11: Bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen etter kjønn

Kjønn	-ùna		-ena		-dna		-ene		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
Kvinne	8	13,2	16	29,2	7	12	19	45,6	50	100
Mann	30	22,7	40	22	14	11	28	44,4	112	100
Totalt	38	18,3	56	25,3	21	11,4	47	45	162	100

Tabell 53:V11, bestemt fleirtal av hokjønnsord bortsett frå ar-klassen, etter kjønn.

Her er største skilnaden at mennene i materialet brukar *-ùna* ca. 9 prosent meir enn kvinnene, og at kvinnene på si side brukar *-ena* ca. 7 prosent meir enn mennene. Her er det berre ein informant som kjem frå sør for isoglossen, og altså ikkje brukar *-ùna*. Trekkjer me frå henne, går *ùna*-prosenten for kvinnene likevel berre opp til 14 %.

4.14. Generelt om hokjønnsbøying i fleirtal

Ein ser få teikn til at systemet er i endring i dei eldre opptaka, altså før årsklasse II, men det er litt å finna: *er*-endinga har fått fem treff i årsklasse I og ein informant fødd i 1905 har det fyrste treffet på *-ene*. Den same informanten har to treff på ord som tradisjonelt hadde fått *ùna*-ending, men som her får *-ena*: *tengene* /tengena/ og *symaskinene* /sy:masji:nena/. Informanten brukar også stundom *-er* for *-ùr*, men vekslar med tradisjonell bøying både i bestemt og ubestemt form. Eg har ikkje funne andre informantar som blandar dette systemet før årsklasse II.

Siste treffet på *ùna*-bøying er altså ein informant med fødeåret 1930, men same informanten er ikkje konsekvent: han brukar også *ena*-bøying på ord som *vippene* /vipena/ og *leksene* /leksena/, men har ingen treff på *-ene*. I ubestemt form har han belegg på både *-ùr* og *-er*. Ein annan informant med same fødeåret har konsekvent *-ene* i bestemt form og konsekvent *-er* i ubestemt form. Det kan sjå ut til at *-ùr*-endinga blir brukt aktivt hjå litt yngre informantar enn *ùna* blir. To informantar fødte i 1940-åra har nemleg dei yngste treffa med *ùr*-ending, men seier anten *-ena*, *-dna* eller *-ene* i bestemt form, t.d. i *bøkene* /bø:kena/. Likevel viser materialet at både *-ùr* og *-ùna* går ut av bruk etter årsklasse II.

Endinga *e* i ubestemt form kjem inn i yngste delen av årsklasse II. Denne har nokre få treff også i årsklasse III og IV, men alle informantane som har varianten, har langt fleire treff med *er*.

I årsklasse II og III er det variasjon blant informantane i bestemt form: nokre seier 100 % *ene*, medan dei fleste vekslar mellom *-ene* og *-ena*. Berre éin informant i årsklasse III seier konsekvent *ena* i bestemt form; i årsklasse II er den høgaste *ena*-prosenten hjå ein informant på 91,7. I årsklasse IV er det berre éin informant som har eitt treff på *-ena*. Elles ser det ut til at hokjønnsbøyinga som kjem inn, vert bøygd etter systemet *-ene* i bestemt form og *-er*, unntaksvis *-e* i ubestemt form.

Nokon treff på «-ùne» har eg ikkje funne, og nett det kan gje oss grunn til å seia noko om kva rekkefølge endringane har skjedd i: truleg har *ù*-en fyrst gått over til *-e*. Denne endringa skjer om lag samtidig i både V11 og V12, og deretter har utlyds-*a*-en også blitt endra til ein *-e*.

Tradisjonelt system, hokjønn fleirtal		Nytt system, hokjønn fleirtal	
Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
<i>-ùr el. -er</i>	<i>-ùna, -ena, -dna</i>	<i>-er el. -e</i>	<i>-ene</i>

Tabell 54: Tradisjonelt og nytt bøyingsystem for hokjønns substantiv.

4.15. V12: Palatalisering av velarar etter morfofonologisk regel 1

For å finna fram til desse treffa søkte eg på ord som hadde ein *e* eller *a* etter *k* eller *g* i den nynorske transkripsjonen i Talebanken. Det som då vart viktig å passa på, var å følgja reglane i Mf1 (sjå kap. 2.10.1.4). Eg måtte berre koda adjektiv som stod til hankjønnsord i eintal, bestemt form, eller til hankjønnsord og inkjekjønnsord i fleirtal (jf. punkt g under Mf1). Adjektiv som stod til hokjønn og inkjekjønn eintal, bestemt form, og til hokjønn fleirtal vart difor alltid merka som *anna* og utelatne frå statistikken, sjølv hos informantar som ikkje har *a*-bøying i desse posisjonane. Dette vart gjort for å avgrensa søket til å gjelda ord som stod i dei same posisjonane som fekk palatalisering tradisjonelt. Dersom eg hadde inkludert andre, ville resultatane mine bli skeive.

Dette var ein søkjestreng som hadde vorte brukt i tidlegare oppgåver. Av di søket mitt måtte endrast dersom eg også skulle finna infinitivsformer, valde eg å utelata infinitivane frå søket, men inkluderte supinumsformer (sjå punkt h under Mf1). Eg utelèt òg ordet *ikkje*. Dette ordet

er så frekvent at det potensielt ville forandra statistikken i stor grad, og det ville heller ikkje vore interessant å undersøkjia variasjonen i det sidan eg ikkje har høyrte uttalen /ikε/ brukt av nokon person frå Ullensvang. Til saman 1523 treff vart merkte i arbeidet med denne variabelen, ikkje medrekna kategoriane *utydeleg* og *anna*.

4.15.1. V12: Palatalisering av velarar etter årsklasse

Årsklasse	Med palatalisering		Utan palatalisering		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Årsklasse 0	159	99,2	1	0,8	160	100
Årsklasse I	238	92,6	18	7,4	256	100
Årsklasse II	299	77,7	83	22,3	382	100
Årsklasse III	241	50,8	176	49,2	417	100
Årsklasse IV	10	2,2	298	97,8	308	100
Totalt	947	59,2	576	40,8	1523	100
<i>p</i> : 0 ≠ III (**), 0 ≠ IV (***), I ≠ III (**), I ≠ IV (***), II ≠ III (T), II ≠ IV (***), III ≠ IV (*)						

Tabell 55: V12, palatalisering av velarar, etter årsklasse.

Her er tendensen klår. I kontrast til 99,2 % med palatalisering i årsklasse 0, har årsklasse IV 2,2 prosent med og 97,8 % utan palatalisering. I årsklasse 0 er det eitt treff utan palatalisering, men det er i frasen *i krigens tider*. Her vert *krigen* uttala med genitivs-s, noko som er uvanleg frå substantiv i ullensvangmålet. Formuleringa gjev inntrykk av at frasen er henta frå offentleg språk eller kyrkjepspråk, truleg riksmål eller dansk, og det er i denne stilarten at ordet misser palataliseringa⁷. Eg hevdar difor at det i praksis ikkje er variasjon i årsklasse 0 i V12. I årsklasse I må endringa seiast å vera i gang, med 7,4 % velar uttale. Det er særleg to informantar som varierer ein del, med respektive 31,2 og 27,5 % velar uttale. Og her er det ikkje berre høgverdige ord og uttrykk som misser palataliseringa: til dømes er her fire treff på velar uttale av *kjekke*, fire på *mange*, to på *høge* og to på *mjuke*. Orda *kyrkjerestaureringa* og *skeptiske* tolkar eg derimot som ord som informantane er vande med å høyra i offentleg språkføring av eitkvart slag og som difor lettare misser dei palatale lydane. I årsklasse II er

⁷ Informanten som seier dette, er fødd i 1875 og har dermed hatt dansk som opplæringsmål i skulen.

prosenten velare treff auka til 22 %, til 49 % i årsklasse III, men aukinga har skjedd raskast frå årsklasse III til IV, der han går frå 49 % til 97,8 %.

Det er ti treff med palatalisering i årsklasse IV, frå tre informantar. Treffa fordeler seg slik: det er to treff på *stykke*, eitt treff på stadnamnet *Vangen* (på Voss) og eitt treff på kvart av dei følgjande orda: *drengen*, *høgsesongen*, *søsken*, *søskena*, *butikken*, *dagen* og partisippforma *teke*. Åtte av treffa kjem frå same informanten.

4.15.2. V12: Palatalisering av velarar etter fjordside

Fjordside	Med palatalisering		Utan palatalisering		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Aust	243	29,3	325	70,7	568	100 %
Vest	307	50,6	232	49,4	539	100 %
Totalt	550	38,4	557	61,6	1107	100 %

Tabell 56:V12, palatalisering av velarar, etter fjordside.

Denne variabelen har ei interessant geografisk fordeling. På vestsida er snittprosenten om lag 50/50 mellom palatal og velar uttale, medan fordelinga i aust er på over 70/30, og velar uttale veg tyngst. Dette er eit gjennomsnitt basert på over tusen treff. Når det gjeld dei nye intervjuar i denne oppgåva, talar statistikken klårt: det er vanlegare med palatalisering av velarar på vestsida enn på austsida.

4.15.3. V12: Palatalisering av velarar etter kjønn

	Med palatalisering		Utan palatalisering		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinne	414	66,7	212	33,3	626	100
Mann	533	52,9	364	47,1	897	100
Totalt	947	59,2	576	40,8	1523	100


Tabell 57:V12, palatalisering av velarar, etter kjønn.

I begge kjønn er det vanlegare med palataliserte velarar enn velar uttale, men kvinnene i materialet mitt har i snitt meir palatalisering enn mennene har. Hå menn er forholdet om lag 50/50, medan kvinnene har nesten to tredelar palatalisering. Trefftalet i denne variabelen er stort nok til at eg kan kryssa variablane kjønn og årsklasse for å ei djupare forståing av tala.

4.15.4. V12: Palatalisering av velarar etter kjønn og årsklasse

	Med palatalisering		Utan palatalisering		Sum	
	N	%	N	%	N	%
Kvinner						
Årsklasse 0	68	98,6	1	1,4	69	100
Årsklasse I	45	92,2	5	7,8	50	100
Årsklasse II	148	78,3	41	21,7	189	100
Årsklasse III	153	67,3	69	32,7	222	100
Årsklasse IV	0	0	96	100	96	100
Totalt	414	67,3	212	32,7	626	100
Menn						
Årsklasse 0	91	100	0	0	91	100
Årsklasse I	193	92,8	13	7,2	206	100
Årsklasse II	151	77,2	42	22,8	193	100
Årsklasse III	88	34,2	107	65,8	195	100
Årsklasse IV	10	3,5	202	96,5	212	100
Totalt	533	61,6	364	38,4	897	100

Tabell 58: V12, palatalisering av velarar, etter kjønn og årsklasse.



Figur 18: V12, prosentvis fordeling av palataliserte velarar etter kjønn og årsklasse.

Dei to kjønnna har ein svært lik progresjon frå årsklasse 0 til II. Her kan det vera interessant å merka seg at kvinnene i årsklasse II har over 78 % palatalisering, og dette er den same gruppa som hadde berre 27,6 % /aʊ/-uttale i variabel V2, (sjå kap. 4.2.4.) Her er det altså ingen klår samgang i utviklinga av variablane; informantane her palataliserer mykje meir enn dei diftongerar. Tendensen er den same hjå kvinnene i årsklasse III, som har 67,3 % palatalisering, men berre 35,5 % diftongering (i kap. 4.2.4.)


Skiljet mellom kvinner og menn i V12 er størst i årsklasse III: mennene sin palataliseringsprosent (34,2 %) ligg her 33 % under prosenten hjå kvinnene. Det underlege er likevel at kvinnene går frå å ha over to tredelar palatalisering i årsklasse III til *null* i årsklasse IV. Dei ti treffa på palatalisering i årsklasse IV kjem alle frå menn. Denne utviklinga hjå kvinnene ser ut til å ha skjedd mykje raskare enn utviklinga frå /aʊ/ til /ɔ/ i 4.2.4.

5. Drøfting

5.1. Svar på hypotesar

Hypotese 1. **Dialekt og årsklassar.** Bruken av tradisjonelle variantar i Ullensvang får mindre frekvens med yngre årsklassar. Endringsprosenten vil vera størst frå årsklasse III til IV.

For å gje eit mest mogleg komprimert svar på denne hypotesen har eg plotta prosenttala i årsklasse 0-IV for elleve av variablane inn i eitt linjediagram, figur 19. Tala 1-5 i X-aksen står for årsklasse 0-IV. Variabel V7, (pronomen, 2. person fleirtal, objektform), vart ikkje teken med i diagrammet av di eg ikkje fann variasjon der, og i V11, (bestemt fleirtal av hokjønnsord), fann eg det mest føremålstenleg å slå saman dei tre tradisjonelle variablane: -*ùna*, -*ena* og -*dna*. Som det går fram av diagrammet er hovudtendensen at variantane søkk, men eg vil no kommentera avvika frå dette biletet.



Figur 19: Tradisjonelle variantar i variabel 1-12 i årsklasse 0-IV.

0	I	II	III	IV
---	---	----	-----	----

Tabell 59: Årsklassar til figur 19.

Linja som startar med den lågaste prosenten, representerer svarabhakti-ù i V9, presens av sterke verb. Her stig prosenten med 1,4 frå årsklasse 0-I. Den grønne linja, som representerer possessivet *aokan* i V5, possessiv, stig frå 68,7 til 75 % frå årsklasse II til III. Desse to årsklasseskifta er dei einaste stadene der frekvensen til ein tradisjonell variant korkje minkar eller held seg stabil.

I dette diagrammet er det teke med elleve variablar, og me ser 4 skifte mellom årsklassar i kvar variabel. Dei to avvika representerer dermed berre 2 av 44 årsklasseovergangar (ca 4,5 %). Når dei i tillegg er småe, kan fyrste delen av hypotesen verifiserast.

Kvar den største endringsprosenten er, gåre fram av tabell 60. Her har eg funne endringsprosenten for kvar variabel (bortsett frå V7) i kvart årsklasseskifte og deretter summert alle prosenttala for å finna ut kva for årsklasse som har hatt samanlagt størst endringsprosent samanlikna med årsklassen før.

Rada *størst* viser kva for årsklasse som har fått størst endringsprosent i kvar einskild variabel. Som me ser, er det årsklasse IV har fått størst endringsprosent i alle dei leksikalske variablane V2 t.o.m. V6, i den morfologiske V8 og i den morfofonologiske V12. Summen av prosentpoenga er også størst for denne årsklassen, som er fødd etter 1980. Årsklasse II har derimot størst endringsprosent i den fonologiske V1 og alle dei morfologiske variablane, og årsklassen har jamt over fått stor endringsprosent, til og med i dei leksikalske variablane. Samanlagt får årsklasse II 20 færre prosentpoeng enn årsklasse IV.

Tabell 60 tek utgangspunkt i at alle typar endringar tel like mykje for endringsprosenten, både fonologiske, leksikalske og morfologiske, men det kan diskuteras om det er rett. Belegget i variablane varierer ifrå 8500 (V1) til 47 (V5). Altså ville resultatet ha vorte annleis dersom ein hadde målt endringsprosessen opp mot belegg for kvar variabel, for å måla endringsgrada ut ifrå kor ofte ein variant vert brukt i naturleg tale. Uansett korleis ein ser på det, kan me oppsummera diskusjonen med at den største leksikalske og morfofonologiske endringa har skjedd i overgangen til årsklasse IV, medan den største fonologiske og morfologiske endringa har skjedd i overgangen til årsklasse II. Faktisk er den einaste morfologiske variabelen der det har skjedd størst endring til årsklasse IV, presens i kasta-klassa, V8.


Me kan ikkje seia med tryggleik at den største endringa har skjedd i yngste årsklassen, for endringa til årsklasse II var mykje større enn forventa.

Årsklasse	V1	V2	V3	V4	V5	V6	V8	V9	V10	V11	V12	Sum
Størst	II	IV	IV	IV	IV	IV	IV	II	II	II	IV	IV
% I	14,9	3,2	0	10	0	0	15,2	-1,4	8,5	1,4	6,6	58,4
% II	28,8	0,5	1	15,4	31,3	0	44,9	74,8	73,3	48,4	14,9	333,3
% III	15,3	29	1,7	14,2	-6,3	12,5	8,5	0,6	18,2	31,9	26,9	134,3
% IV	27,3	29,1	17,2	25,4	75	87,5	29,9	1	0	12,7	48,6	353,7

Tabell 60: Samla endringsprosent i V1-V12 bortsett frå V7, etter årsklasseskifte.

Hypotese 2. **Dialekt og kjønnskilnader.** Det er ikkje markerte språkskilnader mellom kjønna i Ullensvang.

Figur 20 oppsummerer resultatane av kjønnsfordelinga mellom dei tradisjonelle variantane i alle variablar der eg har undersøkt dette. Informantar frå alle årsklassar er med i statistikken. I varianten *-ù* frå V9 (presens, sterke verb) og varianten *-ùr* frå V10 (ubestemt fleirtal av hokjønnsord) har eg trekt frå dei to informantane som vaks opp sør for isoglossen. I V11, (bestemt fleirtal av hokjønnsord), har eg slått saman dei tre tradisjonelle variantane *-ena*, *-ùna* og *-dna* til éin tradisjonsvariant, *-a*. Som det går fram, er det sju variablar der kvinnene har den høgaste tradisjonsprosenten, og tre der prosenten for mennene er høgast. Resultatet mitt viser dermed at i den grad det er kjønnskilnader i Ullensvang, er det kvinnene som snakkar litt meir tradisjonelt enn mennene.



Figur 20: Kjønnsfordeling mellom tradisjonelle variantar i V1-V12, bortsett frå V6 og V7.


For å avgjera om me kan snakka om språklege kjønnskilnader, må ein avgjera kor store skilnadene er. Det er fire variablar der eg finn kjønnskilnader på over 10 % i ein eller fleire variantar; V12, V8, V4 og V5. I V12, palatalisering av velarar, er det i snitt 14 % oftare palatalisering hjå kvinner enn hjå menn og i V4, *aoko* eller *oss*, brukar kvinnene tradisjonsvarianten *aoko* 16 % oftare enn mennene. Presensendingane i V8, presens av kasta-klassen, viser at varianten *-a* er ca. 15 % vanlegare hjå kvinner enn hjå menn, medan menn på si side brukar *-e* 9 % oftare og *-ar* 6,5 % oftare enn kvinnene. Possessivvariabelen, V5, hadde dei største kjønnskilnadene. Til dømes brukte kvinnene tradisjonsvarianten *aokan* 12,5 %

oftare enn mennene, men i V5 var også beleggtalet minst av dei fire, med 47 treff. I alle andre variablar var kjønsskilnadene mindre enn 10 %, og i fleire variantar veksla kjønsskilnaden mellom berre 2 og 6 %. Biletet av variasjonen er altså ikkje heilt eintydig. Resultatet av signifikanstestinga har også vorte at skilnadene ikkje er signifikante på nokon av språkvariablane fordelte etter kjønn.

La oss til slutt sjå på V1, realiseringa av gamalnorsk *á*, og V12, palatalisering, som er fordelte etter både kjønn og årsklasse (sjå 4.15.4 og 4.2.4.) Sjølv om det var litt skilnader i årsklasse III i V12, vart resultatet *ikkje signifikant*. Den einaste staden der signifikanstestinga har funne ein *tendens* til kjønsskilnad, er mellom kvinner og menn i årsklasse II i V1. Kvinnene der diftongerte ca. 45 % mindre enn mennene. På grunn av ei misforståing av årsklassefordelinga (sjå kap. 3.8.), er forholdet mellom kvinner og menn i årsklasse II 3 mot 4. Det gjer styrkeforholdet noko ujamnt, og som me ser av figur 20, er det kvinnene som har størst diftongprosent totalt. Dermed, når snittskilnadene mellom kjønna er så små som dei er, må me konkludera med at hypotesen er styrkt.

Hypotese 3. ***Dialekt og geografiske skilnader.*** *Det er ikkje markerte språkskilnader mellom Ullensvang aust og Ullensvang vest.*

For å svara på dette spørsmålet har eg laga same type diagram som i hypotese 2, med same samanslåing i V11. Her er det berre dei tre yngste årsklassane som er brukt som utrekningsgrunnlag.



Figur 21: Geografisk fordeling av tradisjonelle variantar.

Dei geografiske skilnadene er noko større enn kjønnskilnadene, og dei har vist seg å vera signifikante i eit par tilfelle. Som me ser av diagrammet, har vestsida størst tradisjonsprosent i 8 av 10 søyler. I sju variablar var det meir enn 12 % skilnad mellom aust og vest i minst éin av variantane. I fem av desse sju hadde den tradisjonelle varianten høgast prosent på vestsida. Berre i to variablar, pronomenen i 1. person, fleirtal, subjektform og objektform, (V3 og V4), var den utradisjonelle varianten, *vi* og *oss*, vanlegast på vestsida. V5, possessivet *aokan*, viser den største skilnaden i diagrammet. Grunnen til den store skilnaden er at *aokans* var langt vanlegare i aust enn i vest. Dette possessivet lyder tradisjonelt, men er i røynda ein analogi. I dei tre siste variablane er skilnadene stort sett små, men informantane frå vestsida har størst tradisjonsprosent i flest variablar.

For å avgjera kor store skilnadene er statistisk, kan me nytta signifikanstestinga. Skilnaden mellom fjordsidene har vist seg å vera signifikant i V3, *vi* og *me*, V5, *våras*, (men ikkje *aokan*), V9, presens av sterke verb, *-e* (12,4 % skilnad, signifikant) og *-ù* (tendens) og V10, ubestemt fleirtal av hokjønnsord, *-er* (signifikant) og *-ùr* (tendens). Dette gjeld 4 av 12 variablar, ein tredel, og testinga minskar truverdigeita til figur 21. Den tilsynelatande store skilnaden i *-ar* i V8 har til dømes ikkje fått signifikante skilnader.

Materialet viser dermed at det ikkje er gjennomgåande språkleg skilnad mellom austsida og vestsida av Ullensvang, for variablane viser ikkje konsekvente resultat. Dei same endringsprosessane skjer på begge fjordsidene, men med litt ulikt tempo, og det varierer frå

variabel til variabel kvar den tradisjonelle varianten står sterkast. Hypotesen må difor seiast å vera styrkt.

5.2. Endringar frå årsklasse I til årsklasse II

I fleire av variablane mine viser analysen kraftige endringar frå årsklasse I til årsklasse II. Den totale endringsprosenten var som me såg på storleik med den i årsklasse IV, og det stemmer ikkje godt med det me antok i hypotese 1. Me kan leggja merke til at i dei morfologiske variablane V9, presens av sterke verb, V10 og V11 bestemt og ubestemt fleirtal av hokjønnsord, representerer årsklasse II slutten på S-kurva, (endringskurva), for dei tradisjonelle variantane. Korleis kan desse store endringane best forklarast?

Fyrst må ein ta atterhald om at dette er den staden i oppgåva der ein finn det største hoppet i fødeåra mellom to informantar. Opptaka med informantar i årsklasse 0 og I er gjorde med personar som alle var aldrande på opptakstidspunktet; den yngste av dei er fødd i 1905. Difor manglar materialet mitt informantar som er fødde i 1910- og -20-åra, for informantar med fødeår i denne perioden var blitt fåe i 2014, og dessutan er det ikkje tilrådeleg å gjera intervju med eldre menneske når ein ikkje veit om dei er klåre og orienterte, (sjå kap. 3.4.). Eldste informanten i årsklasse II er dermed fødd i 1930, 25 år etter den yngste i årsklasse I.

Årsklasse I skal dekkja åra 1890-1919 og årsklasse II 1920-1949. Dette kan ha gjeve årsklasse I eit språk som er eldre enn gjennomsnittleg for denne årsklassen, og årsklasse II kan få eit «for ungt» språk for sin årsklasse. På grunn av manglande representativitet kan fallet i kurva ha blitt overdrive stort.

Det er eitt atterhald til som ein må ta omsyn til her, og det er hoppet mellom åra opptaka blei gjort. Bortsett frå den eine informanten frå årsklasse I som vart intervjuet i 1979, har det gått meir enn 42 år frå dei eldre intervjuet vart gjort, til eg sjølv gjorde dei nye. I denne perioden har informantane i årsklasse II gått frå å vera unge vaksne til å bli den eldste aldersgruppa. Me kan ikkje vita sikkert at informantane har vore språkleg stabile gjennom heile denne perioden, men i og med at dei fører ein samtale saman med ein jamaldring i alle intervjuet, skulle dei snakka slik dei er vane med å snakka innanfor si aldersgruppe. Dessutan er eit ikkje uvanleg livsfasemønster hjå eldre at dei går tilbake til barndomsspråket sitt etter å ha modifisert seg som yrkesaktive vaksne (Sandøy i Mæhlum et al., 2008, s. 218). Me kan difor rekna med at

språkbruken dei imellom i 2014 i stor grad er lik språkbruken dei hadde seg imellom på 1960-talet.

Informantane i årsklasse I var fødte frå 1890-1905, medan dei i årsklasse II er fødte frå 1930-1949. Som me har sett, er det gode grunnar til å tru at det har skjedd ei historisk endring mellom desse årsklassane, særleg i det morfologiske systemet. Dersom det stemmer, må endringa i hovudsak ha funne stad frå mellomkrigstida og fram mot 1950. La oss sjå på kva for ytre faktorar som potensielt kan ha påverka språkendring i denne perioden.

- Tredelinga av det gamle Ullensvang herad i 1913 på grunn av store demografiske og næringslivsmessige endringar i Odda og Tyssedal, (sjå kap. 1.3.). Maktbalansen i Sørfjorden vart varig endra etter dette.
- Den store utskiftinga vert gjennomført på byrjinga av 1900-talet, noko som fører med seg at folk veks opp på einbølte gardar i staden for i klyngjetun. Dette kan påverka den sosiale nettverksstrukturen. Dette kjem ofte opp som tema i dei eldre opptaka. Når informantane blir spurde om kva som har forandra seg i bygda frå dei voks opp og til opptakstidspunktet, er det fleire som legg stor vekt på «den store omskiftinga». Det er tydeleg at denne endringa var noko som fekk store konsekvensar for folk.
- Ny teknologi som elektrisitet kjem inn i kvardagslivet til folk og avløyser tradisjonelle, tidkrevjande arbeidsmåtar. Samtidig vert kommunikasjonen med omverda betre og trafikken vert lagt frå sjø til veg.
- Siste omgangsskulen tok slutt i 1908, og skulekrinsane blei stadig større og færre utover 1900-talet, (sjå kap. 1.3.).
- Auka tilflytting. Tabell 5 i kapittel 1.8. syner at årsklasse II har 62,5 % innflyttarforeldre, medan den tilsvarande prosenten for årsklasse I er 22,2 %.

Alle desse faktorane er store og skilsetjande hendingar for dei små bygdene i Sørfjorden, og det ville nesten vore rart om dei *ikkje* forårsaka språkendring i denne perioden. Slike hendingar som får store konsekvensar for språkbruken, kallar Labov for *punctuating events*: «in most cases, these events are the large-scale population movements and consequent social changes associated with major wars» (Labov, 2006, s. 314).

Når eg forventar størst endringar frå årsklasse III til IV var det fordi eg trudde at den kombinerte effekten av overgangen frå midaldrande til yngre informantar saman med ytre faktorar som sentraliserte ungdomsskular og nedgangen i jordbruket ville gje store språklege utslag, (sjå kap. 2.11.). I tillegg til endringsfaktorane som eg allereie har nemnt, kan eg leggja til at kommunikasjonen med omverda og reisetida til større tettstader har betra seg kraftig til 2014. Tilflyttinga er framleis ein faktor, (sjå tabell 4, kap. 1.8), og reiseavstandane til innflyttarane har vorte lengre. Blant informantane i årsklasse IV var prosenten innflyttarforeldre 41,6 %, men dette er altså ikkje like høgt som prosenten i årsklasse II. Størst endring i yngste aldersgruppa har vore eit vanleg resultat frå andre sosiolingvistiske granskingar frå Vestlandet, og denne granskinga er heller ikkje noko unntak. Men i variablar som sterke verb i presens (V9) og hokjønnsord i fleirtal (V10 og V11) var endringskurva i stor grad fullført i løpet av årsklasse II og / eller III, og dermed ligg årsklasse IV i byrjinga av eit nytt språkleg paradigme. Kanskje representerer *e*-endinga i hokjønnsord, ubestemt fleirtal ei ny endring som er på trappene i Ullensvang, men det veit me for lite om enno.

5.3. Endringsmønster

Ein viktig forklaringsfaktor som ein bør vurderer dialektendring opp mot, er geografisk spreiding ved kontakt med ein annan dialekt. Først og fremst skal me her ta stilling til i kor stor grad oddamålet kan ha påverka Ullensvang til endring.

Mange av variantane som er på frammarsj i Ullensvang, er vanlege former i Odda. Dermed kunne ein lett tenkja seg at dei aukande formene har spreidd seg frå Odda som regionscenter, slik Randi Ødegård ser for seg når ho finn tiljamning frå Tyssedal til Odda i masteroppgåva si (Ødegård, 2013, s. 78-79). Problemet er at mange av desse formene også finst i ein del andre språkvarietetar. Då Reidunn Hernes skreiv si doktoravhandling om os-målet i, undersøkte ho mange former som kom inn i os-målet, t.d. *e*-infinitiv. Informantane hennar rekna gjerne denne varianten som bergensk sjølv om *e*-infinitiv er vanleg i mange norske språkvarietetar, gjerne fordi dialekter som møter kvarandre får fleire felles former, det som kallast *nivellering* (Akselberg i Mæhlum et al., 2008, s. 165). Ho kalla dei ‘nivellerte former med støtte i’ bergensmålet (jf. Hernes, 2006, s. 94), og i Ullensvang er mange av dei nye variantane nettopp nivellerte former med støtte i oddamålet. Korleis kan me då prova at det er oddamålet og ikkje ein annan varietet, til dømes bergensk, dei stammar frå?

Kan nokre av endringane i Ullensvang ha vorte spreidde frå det nye sentrumsmålet på Voss? Me veit riktig nok at vossamålet ikkje kan ha påverka alle dei nye variantane, t.d. *-er* i ubestemt fleirtal av hokjønnsord, der Voss har *-e*. I artikkelen *Utviklinga av vossamålet ved årtusenskiftet* av Gunnstein Akselberg står det at 1980- og 1981-generasjonen frå Vossevangen har fått redusert diftonguttale av norrøn lang *á*, (jf. V1), veksling mellom palatalisert og velar uttale av /k/, /g/, /ŋg/ og /ŋk/, (jf. V12), gått over til *-ene* i bestemt fleirtal av hokjønnsord, men halde noko på *-ena* (jf. V11), i tillegg har vangsdiakta fått presens i kasta-klassen på *-e*, som nemnt (jf. V8) (Akselberg i Akselberg et. al., 2003, s. 215-217).

Dei tidlege sosiolingvistane Weinreich, Labov og Herzog skreiv allereie i 1968 at «når ein skal forklara språkending, kan ein hevda at sosiale faktorar påverkar systemet som heilskap» (Weinreich et al., 1968, s. 185). I artikkelen *Driving forces* argumenterer Helge Sandøy for at dersom ein språkvarietet skal vera ei påverknadskjelde for endringar i ein annan varietet, må han nettopp påverka alle variablar, ikkje berre nokre. Sandøy set difor opp ein tabell for moglege påverknadskjelder for språkending i ulike dialekter på Vestlandet der den mest sannsynlege kjeldevarietet for språkending må vera den som har flest former felles med mottakardialekta (Sandøy i Kristiansen og Grondelaers (red.), 2013, s. 129). Ut frå denne tankegangen vil eitt språktrekk som ikkje samsvarer med ei kjeldedialekt vera nok til å svekka ein påstand om at dialekta er ei påverknadskjelde. Slik unngår ein *ad hoc*-forklaringar om kvifor nokre språktrekk spreier seg og ikkje andre. Det einaste unntaket må vera om det nye språktrekket kan forklarast med ei anna drivkraft enn kontakt, til dømes *grammatisk forenkling* (Sandøy, under utgjeving, bind I, s. 64).

Inspirert av dette systemet vil eg gjera det same med Ullensvang, (sjå tabell 61). Kolonna % står her for endringsprosent frå årsklasse 0 til årsklasse IV, og dei kvite radene står for variantar som ikkje vert rekna som i frammarsj av di endringsprosenten deira er under 50 %. Difor kan dei oversjøast. V6 *dåke* og V6 *deko* har begge 50 %, men *dåke* har fått farga bakgrunn i motsetnad til *deko*. Grunnen er at *dåke* (subj.) er registrert både i årsklasse III og IV, i motsetnad til subjeksforma *deko*, som berre er registrert i årsklasse IV.

V.	Språkdrag	%	Moglege påverknadskjelder						
			Odda	Voss	Hgsd.	Bergen	Bokm.	Nyn.	Oslo V
V1	/aʊ/ > /ɔ/	86,3	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
V2	da > de	61,8	Ja	Nei?	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
V4	aoko > oss	65,0	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
V5	aokan > vår	28,1	J ⁸ a	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
V5	'' > våras	31,2	Ja	Nei	Ja	J/N ⁹	Nei	Nei	Nei
V5	'' > aokans	40,6	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
V6	de > dåke	50	Ja	Nei	¹⁰ Ja	Ja ¹¹ ?	Nei	Nei*	Nei
V6	'' > deko	50	Nei	¹² Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
V8	-ar > -e	93,2	Ja ¹³	Ja	J/ ¹⁴ N	Nei	Nei	Nei	Nei
V9	-ù > -e	55,2	Ja	Ja	Ja ¹⁵	Nei	Nei	Nei	Nei
V10	-ùr > er	94,6	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja	Ja	Ja
V11	ena/ùna/dna > ene	94,4	Ja	Ja	J ¹⁶ a	Ja	Ja	Ja	Ja
V12	Pal. + > pal. -	97,0	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja

Tabell 61: Moglege påverknadskjelder for språkdrag i frammarsj i Ullensvang.

Som me ser her, er det oddamålet og haugesundsmålet som har fått flest ja i tabellen. Odda har fått 9 ja i dei farga cellene, men viss me reknar V8 som ein haugesundsvariabel sjølv om han varierer med *-a*, har Haugesund fått like mange. Som me såg i kap. 1.6., meiner fleire informantar at det er nær kontakt mellom Ullensvang og Haugesund. Både Odda og Haugesund har fått *nei* på *aokans* i V5, men Voss ligg iallfall éin variabel under dei to. Eg har ikkje fått sikre kjelder på at *de* er eit vanleg determinativ på Voss, men Voss har eit sikkert *nei* på *-er* i variabel 10 (Sandøy, 1996, s. 170-171, 239). Variabel 6, 8 og 9 får mange *nei* frå både bergensk, bokmål, nynorsk og osloensar, og i dei variablane som dei får ja på, kan dei ikkje seiast å vera *naudsynnte* påverknadskjelder. Dei kan difor utelatast.

Odda og Haugesund bymål er dermed dei mest sannsynlege kjeldedialektene for endringane me ser i Ullensvang. Neste steg blir å undersøkje om kontakt er einaste moglege forklaringsfaktor for dei same variablane. Dersom det er det, må me godta at eit *nei* svekkjer påstanden om at ein varietet er ei påverknadskjelde, men grammatiske forenklingssprossar

⁸ Både *våras* og *vår* er vanlege former i Odda, i følgje e-post frå Helga Mannsåker, 12.05.15.

⁹ Bergensk har forma *vårres*.

¹⁰ Haugesund bymål har forma *dåkker* som pers. pron., 2. person fleirtal (Gabrielsen, 1991, s. 58).

¹¹ Her har bergensk den liknande forma *dåkaø*.

¹² I ei personleg opplysning har Ida Haugum fortald meg at *dekan* (opphavleg ei objektsform) har blitt ei vanleg subjektsform på Voss.

¹³ *-e*-ending er den vanlege forma i Odda i dag, og var det i 1976 (Ødegård, 2013, s. 62, Sandve, 1976, s. 135).

¹⁴ Haugesund har her variasjon mellom *-a*-ending og *-e*-ending i presens (Gabrielsen, 1991, s. 46-49).

¹⁵ (Gabrielsen, 1991, s. 52-55)

¹⁶ (Gabrielsen, 1991, s. 43-44) om hokjønnsbøying i Haugesund

har derimot vist seg å trumfa andre faktorar for språkending, til dømes prestisjespråk. Dette var konklusjonen Sandøy drog etter oppdaginga av at trondheimsmålet tek etter det forenkla bøyingsystemet til moldedialekta (Sandøy, 1998, s. 99).

Variabel	Språkdrag i frammarsj	Grammatisk forenkling?
V1	/aʊ/ > /ɔ/	Ja
V2	da > de	Irrelevant
V4	aoko > oss	Irrelevant
V5	aokan > våras	Ja
V5	aokan > vår	Nei
V5	aokan > aokans	Ja
V6	de > dåke*	Ja
V6	de > deko	Ja
V8	-ar > -e	Ja
V9	-ù > -e	Ja
V10	-ùr > er	Ja
V11	ena/ùna/dna > ene	Ja
V12	Pal. + > pal. -	Ja

Tabell 62: Oversikt over kva for språkdrag i frammarsj som kan forklarast ved grammatisk forenkling.

Ettersom Odda og Haugesund bymål berre fekk eitt *nei* i tabell 61, nemleg i possessivet *aokans*, er det desse to dialektene som er dei mest sannsynlege kjelddialektene i eit kontaktperspektiv. Faktisk kan heile åtte av variantane i frammarsj reknast som resultat av grammatisk forenkling (jf. kap. 2.5.), og blant dei er òg possessivet *aokans*. Dette går inn i rekkja av possessivformer med endings-s, slik som *hans* og *deirans*, og dermed blir det færre bøyingsformer som varierer. Ut ifrå denne resonneringa er det altså anten Odda eller Haugesund som er den mest trulege kjelddialekta for endringa som går føre seg i Ullensvang, men materialet er ikkje tilstrekkeleg til å avgjera kva for ei av dei som er mest aktuell. Mange av variablane i frammarsj ber nettopp preg av å vera nivellerte former, og det gjer avgjersla vanskeleg.

Variabelen V8, presens i kasta-klassen, er ein spanande variabel for å illustrera problemet fordi endringa der nettopp tyder på påverknad frå Odda og / eller Sørvestlandet elles. I artikkelen *Om Odda-målet i dag* frå 1959, skildrar Mikjel Sørлие industridialekta i tettstaden Odda og set det nye, meir stabiliserte oddamålet opp mot det eldre bygdemålet. Artikkelen hans har for det meste henta opplysningane sine frå lokale tenåringar ved realskulen i Odda. Om verbbyyning skriv forfattaren:

«I presens av svake verber var end. –r vanlig borte i eldre mål så nær som i a-verber: kjenne, misse, lyse o.l., men kastar, takkar, lagar o.l. I nyere Odda-mål faller –r ofte bort også i pres. av a-verber (kasta, kalla, laga), og ved analogi til e-verbene holder presens –a på å bli trengt ut av –e; alm. er nå å høre presensformer som kaste, lage, klatre o.l., dermed får målet forskjell på presens og preteritumsform av denne gruppen. – Der foregår således en utjamning til fordel for –e i presens av alle svake verber» (Sørлие, 1959, s. 63).

Ifølge Sørлие var oddamålet altså på denne tida midt inni ein endringsprosess der det skjedde to ting med kasta-klassen i presens (V8): utlyds-r-en forsvann og deretter blei *a*-endinga erstatta med *-e* av analogi med e-verba. Blant informantane mine har dei konsekvente *-a*-brukarane i V8 tidlegare fødeår (årsklasse I og II) enn dei konsekvente *e*-brukarane har (årsklasse III og IV). Det kan tyda på at Ullensvang har gått gjennom ein liknande endringsprosess som den i Odda. Dessutan ber *a*-endinga preg av å vera ei mellomform mellom *-ar* og *-e*. Ho kan tolkast på iallfall tre måtar: ho kan ha spreidd seg frå Odda, som ifølge Sørлие også fekk ei endring frå *-ar* til *-a* før *-e*-endinga kom inn. Ho kan ha utvikla seg som ei mellomform i Ullensvang då *e*-endinga allereie var etablert i Odda. Ullensvang hadde allereie [a] som allofon av *-ar*-endinga når ho hamna framfor konsonant (sjå Sf1, kap. 2.10.1.4), og denne kan ha utvida domenet sitt. Ho kan òg vera ein konsekvens av at bøyingsystemet i kasta-klassen i Ytre Hardanger, og mykje av Vestlandet elles, på eit tidspunkt utvida seg til Ullensvang. Dette kan altså heller ikkje prova kvar endringa i variabelen kjem frå.

Rett nok har ikkje endringa frå *-ar* til *-e* blitt fyrst registrert korkje i Odda eller Haugesund, men truleg i Stavanger. Berntsen og Larsen skreiv om Stavanger bymål så tidleg som i 1925 at det vart brukt «*overveiende former på -ə, forholdsvis sjeldnere former på -a*» som presensending i a-verb (Berntsen og Larsen, 1925, s. 299). I 1960 var endringa til *-ə* så godt som fullført der, i følge Omdal (1967, s. 93). Den same endringa i kasta-klassen har blitt registrert både på Stord (munnleg opplysning frå Thea Idsøe), i Haugesund (treng kjelde), på Voss (Akselberg i Akselberg et. al., 2003, s. 217), på Jæren (Bøe, 2013, s. 81-84) og i Øygarden (Villanger, 2010, s. 72-74). Truleg har altså oddamålet i sin tur truleg blitt endra gjennom ei større sørvestlandsk spreingsbølge.

5.4. Vurdering av oddamålet som kjeldedialekt

